

Kvam herad

**Budsjett 2023
Økonomiplan for 2023 – 2026**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Innhold

Forventningsgap	12
Samfunnsutvikling	17
Organisasjon	23
Klimabudsjett	29
Føresetnader og risikovurdering	37
Føresetnader	37
Rammetilskot og skatteinntekter	37
Kraftsal	38
Havbruksfondet	39
Eigedomsskatt	39
Løn og sosiale utgifter	40
Innkjøp	40
Lånegjeld, renter og avdrag	40
Avkastning på obligasjoner	42
Utbytte	42
Investeringar	42
Risikotabell	43
Vedlegg og rettleiing til økonomiplanen	49
Vedlegg til økonomiplanen	49
Kva er budsjett og økonomiplan?	49
Korleis finne fram i dokumentet?	50
Samanheng mellom planstrategi, kommuneplanar, budsjett og økonomiplan	51
Budsjettvedtak	52
§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)	54
§ 5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)	55
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)	55
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)	56
1. Investeringar i varige driftsmidlar	56
2. Tilskot til andre sine investeringar	60
3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap	61
4. Utlån av eigne midler	61
Hovudtal i budsjettforslaget	62
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)	62
Fordeling av heradet sine driftsinntekter i 2023	63

Fordeling av heradet sine driftsutgifter i 2023	64
Netto finansutgifter.....	67
Netto driftsresultat.....	68
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	69
Økonomiske nøkkeltal og utvikling i planperioden.....	70
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	71
Lånegjeld i % av driftsinntektene	72
Sentrale inntekter.....	73
Sentrale utgifter	73
Justeringer og tiltak	75
Nye tiltak i budsjett og økonomiplan2023 -2026.....	75
Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden.....	81
Pågående innsparingstiltak	82
Ikke prioriterte tiltak/ynskje.....	85
Investeringar i økonomiplanen	88
Driftsprosjekt i Kvam herad:.....	88
Investeringsprosjekt i Kvam herad.....	89
Årlege investeringsprosjekt.....	91
Nye investeringsprosjekt.....	91
Prosjektbeskriving nye og auka prosjekt:.....	94
Komande ynskte/varsla prosjekt/utvidingar , som førebels ikkje er teke inn i budsjetttrammene:.....	97
Investeringstabell for kommunen samla	99
Finans og fellespostar.....	99
Administrasjon	100
Barnehagar	100
Grunnskuleopplæring.....	100
Pleie og omsorg	101
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	101
Plan og byggesak	102
Kultur	102
Samferdsel.....	103
Bustad.....	103
Brann- og ulykkesvern	104
Finans og fellespostar.....	104
Andre investeringer.....	104

Administrasjon	104
Andre investeringer.....	104
Barnehagar	104
Andre investeringer.....	104
Grunnskuleopplæring.....	105
Andre investeringer.....	105
Pleie og omsorg	106
Andre investeringer.....	106
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	107
Selvkost.....	107
Plan og byggesak	108
Andre investeringer.....	108
Kultur	108
Andre investeringer.....	108
Samferdsel.....	109
Andre investeringer.....	109
Bustad.....	110
Andre investeringer.....	110
Brann- og ulykkesvern.....	111
Andre investeringer.....	111
Oversikt Investering og finansiering.....	111
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	113
Gebyrliste	114
Eigedomsgesbyr	114
Vatn	116
Avlaup.....	117
Slamtøming	117
Feiing	117
Barnehage	117
SFO.....	118
Kulturskule.....	118
Ferieklubben.....	119
Heimetenester.....	119
Praktisk bistand	119
Dagsenter	119

Helsealarm.....	120
Varer og tenester	120
Kommunale kaier	120
Utleige kommunale bygg	120
Leige av idrettsanlegg.....	121
Leige av kinosal.....	121
Leige av skulerom.....	121
Leige av symjebasseng - til idrettslag.....	121
Leige av symjebasseng - til kommunen.....	121
Brann og redning	122
Eksterne kurs	122
Beredskap	122
Skjenke- og salsløyve, alkohol og tobakk	123
Fyrverkeri.....	123
Avgifter ved kyrkjene	123
Utanbygds avgift (fråflytta frå Kvam for meir enn 5 år sidan)	124
Trykksaker	124
Digital eigedomsinfo.....	124
Innkrevjing av kommunale krav	125
Plan- og byggesaker.....	126
1. Tenester etter medgått tid.....	127
Gebyr etter plan- og bygningslova, byggesaker.....	127
2. Førehandskonferanse.....	127
3. Generelle gebyrreglar for saker etter plan- og bygningslova	128
4. Dispensasjonar pbl. § 19-1,19-2,19-3, veglova	128
5. Bustad / fritidshus pbl § 20-1 a,b	128
6. Tilbygg / påbygg / underbygg til bustad/fritidshus, pbl. kap. 20	129
7. Garasjar / naust / uthus inklusiv tilbygg til bustad og fritidshus pbl. kap. 20	129
8. Industri, næring, tenesteyting,off/bygg, landbruk, lager, plasthall, inklusiv tilbygg/påbygg, settefiskanlegg på land, Pbl §20-1 a, b og §§20-3 / 20-4.....	129
9. Konstruksjonar eller anlegg, Pbl §20-1 a, b og §20-4.....	129
10. Fasadeendring, pbl. §20-1 c eller §20-4	129
11. Bruksendring, Pbl §20-1 d	130
12. Rivingssaker, Pbl §20-1 e.....	130
13. Byggetekniske installasjonar, oppføring, endring og reparasjon, Pbl §20-1 f	130
14. Oppdeling eller samanføying av brukseining i bustad, Pbl §20-1 g	130

15. Innhengning, skilt og reklame, Pbl §20-1 h og i	131
16. Godkjenning av plassering av midlertidige anlegg, Pbl §20-1 j.....	131
17. Vesentlege terrengrønngrep, Pbl §20-1 k	131
18. Anlegg av veg eller parkeringsplass, Pbl §20-1 l	131
19. Delingssøknad, Pbl §20-1 m	131
20. Sletting av klausular	132
21. Reviderte teikningar	132
22. Diverse tiltak.....	132
23. Ulovleg byggearbeid.....	132
Gebyr etter matrikkellova	132
24. Oppretting av matrikkeleining	132
25. Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	132
26. Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	132
27. Oppretting av anleggseigedom	133
28. Registrering av jordsameige	133
29. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.....	133
30. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering	133
31. Gebyr for matrikkulering utan oppmåling	133
32. Grensejustering og mindre tilleggsareal. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige	133
33. Grensejustering og mindre tilleggsareal. Anleggseigedom	134
34. Arealoverføring. Grunneigedom , festegrunn og jordsameige	134
35. Arealoverføring. Anleggseigedom.....	134
36. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.....	135
37. Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikke tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettighetar.....	135
38. Privat grenseavtale.....	135
Gebyr etter lov om eigarseksjonar	135
39. Krav om seksjonering eller resekjonering av ein eigedom.....	135
Gebyr etter ureiningslova-/forskrift	136
40. Forureining bygg og anlegg	136
41. Utsleppsløyve	136
42. Kontrollsaker	136
Gebyr etter hamne- og farvasslova	136
43. Løyve etter hamne og farvasslova	136
Gebyr etter plan og bygningslova - plansaker.....	137

1. Plansaker etter plan og bygningslov vedteken 27.06.2008 kap. 12 §12-8	137
2. Gebyr for behandling av planprogram	137
3. Gebyr for premissavklaring	137
4. Gebyr for behandling av søknad om godkjenning av reguleringsplan §12-11	137
5. Endringar av reguleringsplanar §12-14.....	137
6. Refusjonssaker, Pbl kap 18.....	137
Gebyr etter konsesjons- og jordlov	138
Søknad om konsesjon etter konsesjonslova	138
Søknad om frådeling etter jordlova	138
Søknad om omdisponering etter jordlova	138
Frikjøp av parkeringsplass	138
Tenesteområda i kommunen	139
Finans og fellespostar	139
Innleiing	139
Driftsbudsjett.....	139
Driftsbudsjett med endringar.....	139
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar.....	140
Nye tiltak	140
Investeringsbudsjett.....	141
Styring og kontrollverksemd	142
Innleiing	142
Driftsbudsjett.....	142
Driftsbudsjett med endringar.....	142
Administrasjon	144
Innleiing	144
Prioriteringar i planperioden.....	144
Aktivitet (Nøkkeltal)	145
Driftsbudsjett.....	145
Driftsbudsjett med endringar.....	146
Investeringsbudsjett.....	147
Barnehagar	148
Innleiing	148
Prioriteringar i planperioden.....	148
Aktivitet (Nøkkeltal)	150
Driftsbudsjett.....	150

Driftsbudsjett med endringar.....	151
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	152
Nye tiltak	152
Investeringsbudsjett.....	156
Grunnskuleopplæring	157
Innleiing	157
Prioriteringar i planperioden.....	157
Aktivitet (Nøkkeltal)	159
Driftsbudsjett.....	159
Driftsbudsjett med endringar.....	160
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	161
Nye tiltak	161
Investeringsbudsjett.....	164
Kommunehelse.....	165
Innleiing	165
Prioriteringar i planperioden.....	165
Aktivitet (Nøkkeltal)	170
Driftsbudsjett.....	171
Driftsbudsjett med endringar.....	171
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	172
Nye tiltak	172
Pleie og omsorg	174
Innleiing	174
Prioriteringar i planperioden.....	174
Driftsbudsjett.....	177
Driftsbudsjett med endringar.....	178
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	179
Nye tiltak	179
Investeringsbudsjett.....	180
Sosialteneste	181
Innleiing	181
Prioriteringar i planperioden.....	181
Driftsbudsjett.....	182
Driftsbudsjett med endringar.....	183
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	183

Nye tiltak	183
Barnevern	186
Innleiing	186
Prioriteringar i planperioden	186
Aktivitet (Nøkkeltal)	187
Driftsbudsjett	187
Driftsbudsjett med endringar	187
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar	188
Nye tiltak	188
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	191
Innleiing	191
Prioriteringar i planperioden	191
Driftsbudsjett	192
Driftsbudsjett med endringar	193
Investeringsbudsjett	193
Plan og byggesak	195
Innleiing	195
Prioriteringar i planperioden	195
Aktivitet (Nøkkeltal)	196
Driftsbudsjett	196
Driftsbudsjett med endringar	197
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar	197
Nye tiltak	198
Investeringsbudsjett	198
Samfunn og utvikling	199
Innleiing	199
Prioriteringar i planperioden	199
Måltabell	200
Driftsbudsjett	200
Driftsbudsjett med endringar	201
Kultur	202
Innleiing	202
Prioriteringar i planperioden	202
Måltabell	203
Aktivitet (Nøkkeltal)	203

Driftsbudsjett.....	204
Driftsbudsjett med endringar.....	204
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	205
Nye tiltak	206
Investeringsbudsjett.....	209
Kyrkja.....	210
Innleiing.....	210
Driftsbudsjett.....	210
Driftsbudsjett med endringar.....	210
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	211
Nye tiltak	211
Samferdsel.....	212
Innleiing.....	212
Prioriteringar i planperioden.....	212
Måltabell	212
Budsjett til trafikksikring	212
Gjennomføring trafikksikringstiltak.....	212
Redusert tal omkomne/alvorleg skadde	212
Redusert tal trafikkskadde 15-24 år	213
Redusert tal trafikkskadde totalt.....	213
Rullering trafikksikringsplan	213
Trafiksikkert herad.....	213
Budsjett til trafikksikring	213
Gjennomføring trafikksikringstiltak.....	213
Redusert tal omkomne/alvorleg skadde	213
Redusert tal trafikkskadde 15-24 år	213
Redusert tal trafikkskadde totalt.....	213
Rullering trafikksikringsplan	213
Trafiksikkert herad.....	214
Driftsbudsjett.....	214
Driftsbudsjett med endringar.....	214
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger.....	215
Nye tiltak	215
Investeringsbudsjett.....	215
Bustad.....	217

Innleiing	217
Prioriteringar i planperioden	217
Aktivitet (Nøkkeltal)	217
Driftsbudsjett	217
Driftsbudsjett med endringar	217
Investeringsbudsjett	218
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	220
Innleiing	220
Prioriteringar i planperioden	220
Driftsbudsjett	220
Driftsbudsjett med endringar	221
Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger	221
Nye tiltak	221
Brann- og ulykkesvern	222
Innleiing	222
Prioriteringar i planperioden	222
Aktivitet (Nøkkeltal)	222
Driftsbudsjett	223
Driftsbudsjett med endringar	223
Investeringsbudsjett	224
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	225
Innleiing	225
Driftsbudsjett	225
Driftsbudsjett med endringar	226

Forventningsgap

Rådmann si innleiing til budsjettet for 2023, og økonomiplanperioden 2023-2026

Forventningsgap

Etter mange år med ei rekkje innsparingstiltak, såg det i juni ut som at ekstraordinære kraftinntekter skulle gje oss eit uvanleg handlingsrom til å gjera nokre større grep i kommuneøkonomien i Kvam. I etterkant av dette auka kraftinntektene til nye, store høgder for kommunen i 2. tertial. Så snudde det brått att 28.9. då regjeringa sette ein stoppar for dei ekstraordinære inntektene til kraftkommunar i 2022 og 2023. Usikre tider og nivå på pris, løn og rente, regelendringer med tilbakevirkande kraft og uvissa om storleik på trekk i inntekter på fleire ti-tals millionar, har gjort dette til ein av dei vanskelegaste budsjetta å leggja fram. Det er uvanleg stor uvissa, ikkje berre for budsjettforutsetningane i 2023, men òg for 2022, sjølv om me no nærmar oss årslutt med stormskritt.

Signalet frå regjeringa om at kommunane ikkje får behalda alle dei ekstraordinære kraftinntektene, er likevel veldig klart. Me har ei viss forståing for ei uvanleg omfordeling av midlar når me ser kva som skjer i eigen kommune, andre kommunar i landet og i resten av verda. Som i Kvam, har dei ekstraordinær auke i utgifter, men langt frå alle har ekstra inntekter til å dekka inn utgiftene med. I følgje ei undersøking i regi av Kommunal Rapport i haust (3.11.22), opplyser over 60% av 167 kommunedirektørar som svara, at det økonomiske handlingsrommet har vorte dårlegare, og fleire av dei varslar store kutt. Den siste utviklinga, saman med mange år med underfinansierte statlege reformar, fører til at kommunane får vanskar med den økonomiske bærekrafta. Omfanget av eigedomsskatt er ein indikasjon på at kommunane ikkje klarer seg med skatt og rammetilskot. 320 av 356 kommunar har eigedomsskatt, av desse er det berre 67 som kun har på verk og bruk.

Om rådmannen har forståing for den ekstraordinære situasjonen, må me likevel stilla spørsmål til at det meste av inndraginga går inn i statskassen, og det er uklart i kva grad pengane går ut til andre føremål. Og samstundes med inntrekket av ekstraordinære inntekter, ser pressa innbyggjarar, hyttefolk, næringsliv og andre organisasjonar til kommunen for å få hjelp med auka utgifter. Frå heradsstyret har det tidlegare kome ynskje om å sjå både på reduksjon i eigedomsskatt til hus og hytter, ordningar med sal av kraft til private til reduserte prisar, og ulike tilskotsordningar. Rådmannen kjenner difor på gapet mellom forventingane til budsjettet og det som vert lagt fram. Dette gapet aukar når me i staden må auka utgiftsbyrda som følgje av kraftig auke i vass- og avlaupsgebyret. Sjølv om auken kjem innanfor eit sjølvkostområde som ikkje skal verta påverka av kommuneøkonomien, har rådmannen erfart tidlegare at dette er eit vanskeleg skilje å kommunisera ut. Og det legg uansett ekstra press på den private økonomien.


Sjølv om rådmannen har forståing for noko av inntrekket av ekstraordinære kraftinntekter, fryktar rådmannen likevel at omfanget er laga på feil grunnlag, og ser at det tvingar kommunane til å selja i spotprismarknaden, og ikkje kunne ta andre omsyn som t.d. næringslivet etterlyser, som fastprisar. Kvam har i tillegg laga ein strategi og gjort bindingar på konsesjonskraft over fleire år, for å få meir føreseielege rammer. Kommunen er heller ikkje i same situasjon som nabokommunar inni fjorden, som har vesentleg høgare andel kraft å disponera.

Det vert presisert at dei ekstraordinære inntrekka av naturressurskommunane sine inntekter, er mellombelse. Likevel har det vore ein årelang kamp med statlege organ, uavhengig av regjering, om dei kommunale kraftinntektene. Fleire av dei der kommunen er dregen inn i retten av statlege organ. Den siste rettsaka førte til at Statnett har krevd tilbakebetalt 5 mnok i eigedomsskatt i Kvam på grunnen under kraftlinjene. Inntektene i 2022 er difor sett ned med denne summen, i påvente og håp om

at endring i lova kan hindra det. Samstundes har Statnett sett i gang ny prosess med ny linja frå Samnanger til Sauda, som vil leggja beslag på nye, store naturområde i Kvam. Ei overføringfrå kommunar med kraftinntekter til andre ligg i nytt framlegg til inntektssystem, som er ute på høyring i desse dagar. Ei slik endring ser ikkje ut til å få så store følgjer for Kvam så langt, men er prinsipiell feil. Eit anna endringsframlegg om vesentleg reduksjon i rammetilskotet til utviklingshemma, får derimot store konsekvensar, og inneber ein reduksjon på om lag 10 mnok. Dette er førebels ikkje innarbeidd i økonomiplanen. Heradsstyret får framlegg til uttale til nytt inntektssystem til handsaming i siste møtebolk i 2022.

KS fekk i 2008 utarbeidd ein rapport på "Forventningsgapet", med sitatet "dette må vi da ha råd til" på framsida. I rapporten vert gapet definert som skilnaden mellom det brukarar av offentlege tenester og folk flest ynskjer, og det som det offentlege tenesteapparatet er i stand til å tilby. Forventningsgapet er eit relativt omgrep, som kan verta påverka av forhold utanfor kommunesektoren, like mykje som forhold innanfor. Forhold utanfor er Storting/regjering som er sterke presmissleverandørarar. Andre er media, oljefond, auka privat velstand og fleire eldre. Eldre i framtida vert fleire, og er i større grad vane til å kjøpa tenester som det offentlege ikkje tilbyr, samt at dei har ein lågare terskel for å bruka pengar på seg sjølv enn tidlegare generasjonar. Innad i kommunen er det kvaliteten i tenesteytinga og i kommunikasjon med innbyggjarar, kommunen som organisasjon og lokalpolitisk arena, tilsette, fagforeiningar og profesjonsinteresser. Tilsette opplever og imøtegår krav og forventningar på ein positiv måte. Men gapet kan påverka dei tilsette negativt ved opplevingar ved å ikkje strekkja til, eller å strekkja seg lenger enn det rammene tilseier. Det kan og svekka endringsviljen.

Gapet kan delast i 4:



Rådmannen er ikkje så uroa for endringsvlien i organisasjonen, men over endringskapasiteten som trengst. Tilbakemeldingar frå leiarar frå ulike deler av organisasjonen i haust, er at det er eit høgt trykk på arbeidsoppgåver i høve ressursane dei har tilgjengeleg. I tillegg må dei bruka mykje meir tid på å få tak i medarbeidarar til å utføra oppgåvene. Me er heilt avhengige av endringskapasitet for å utvikla tenester for framtida med relativt færre tilsette. Å auka kompetansen i organisasjonen, er eit grep som kan hjelpe med å tetta gapet. Ulike undersøkingar og initiativ kommunen har hatt i seinare år, viser at

ein stor del av medarbeidarane er interesserte i kompetanseheving. Rådmannen trur likevel at me ikkje kjem utanom vesentleg tøffare prioriteringar i tida framover. På KS sitt kommunalpolitiske toppmøte i 2020 uttala dåverande statsminister Erna Solberg at "*staten har det litt greiere enn kommunesektoren: Staten – vi avgrenser ansvarsområdet vårt vi (...) Resten – det er kommunene sitt ansvar. Det betyr ofte at kommunen sitter igjen med de vanskeligste oppgavene. De mest udefinerte behovene. De som kan være mest krevende, fordi at alle andre har definert sitt ansvar.*". Uttalen er kanskje ikkje oppløftande, men del av forklaringa på dei utfordringane kommunane opplever. Når me prioriterer er det sentralt å ikkje auka opp postar som berre gjev netto auke i tida framover, men som bidreg med førebyggjande innsats eller ressursar til å endra organiseringa av tenestene. Og å spara opp midlar før me brukar dei.

Rådmannen hadde i starten av budsjettprosessen sjølv forventning om å få lagt inn ein del tiltak, og å kunne leggja fram eit netto driftsresultat med overskot. Rett nok med ei tilråding om å spara pengane. I tillegg var det nødvendig å ha ledige rammer til komande saker som fyrst vert klare til handsaming i etterkant av budsjettutarbeidingsa. Det gjeld:

- eventuell overtaking og etablering av kommunale fastlegekontor
- nye krav til brann- og redningstenesta i etterkant av analysearbeid
- gjennomgang av ergo- og fysioterapitenesta
- om- og utbygging av barneskulen i Øystese
- utvida rammer for kommunale funksjonar i nye Kvam VGS etter at entreprisetilbodet er kjend
- ynskje frå Hardanger Fartøyvernsenter om at kommunen overtek og finansierer deler av "Tett på"-prosjektet som kan sjåast på som kommunale
- ynskje frå Hardangerbadet AS om større tilskot
- matproduksjon i eigen regi
- kartlegging av noverande og komande bustadbehov for grupper kommunen pliktar å ha tilbod til
- demensplan

Kvam herad har i tillegg ei lang rekke arealplanarbeid på gang, som truleg får ein økonomisk konsekvens dersom dei skal gjennomførast, som gang- og sykkelvegar i Ålvik, næringsområde på Skarpen, områdeplan i Øystese, park i Øystese, kommunedelplan for Kvamskogen, bru i Steinsdalen, uteområde rundt rådhuset og barneskulen, Haugamyr-område, ny plan for overvatn og trafikksikring. Listene er lange, og likevel ikkje uttømmande.

Samstundes har utsiktene til auka økonomiske rammer, teke hol på ein oppdemma dam av gode ynskjer, både internt i organisasjonen og eksternt. Ynskjestlista er difor uvanleg lang. Det vil ikkje seia at dei ikkje har vore der tidlegare, men med manglande håp om å få dei innfridd, har ein del av dei ikkje kome til overflata tidlegare. Sjølv om det ekstraordinære handlingsrommet i stor grad forsvann, vert ynskja vist for å få fram omfanget.

No har rådmannen lagt fram eit budsjett som er eit godt stykke på feil sida av streken, med eit underskot på 8,5 mnok. Noko handlingsrom var det frå utkastet vart vedteke i juni og fram til 28.9. Ein stor del av dette vart likevel nytta i mellomtid til bl.a. miljørettleiarar i grunnskulen og heiltidsprosjekt i pleie- og omsorg. Rådmannen har likevel ikkje teke initiativ til større innsparingstiltak i 2023 då me har oppsparte midlar til å dekka inn underskotet, og det er sannsynleg at kraftresultatet vert forbetra. Underskotet gjeld også berre for komande år. Tiltak rådmannen har lagt inn, er likevel avgrensa og ikkje henta frå ei ynskjestlista, men frå ei lista med høgste prioritet. Dei fleste gjeld prisauke og konsekvensar av rettar enten brukarar eller tilsette har, i tillegg til ei rekke klimatiltak. Nokre unntak er det. Dette gjeld:

- Bustadkoordinator. Det har i mange år vore ynskje om eit bustadkontor. Dei mange oppgåvene rundt bustader har vorte fordelt rundt i organisasjonen som tilleggsoppgåver. Ein del av oppgåvene er no så omfattande, som handtering av Husbanklån og oppfølging av leigetakarar, at det går utover primæroppgåvene til dei som er tildelt desse i dag. Tida er difor overmoden til å prioritera tilsetjing av ein bustadkoordinator.
- Kulturskuleførestilling i 2023. Den fyrste førestillinga går av stabelen i 2022. Rådmannen har tru på konseptet, og trur det kan vera eit nytt viktig og samlande tilbod for mange barn i Kvam.
- Bok og mediebudsjett på 0,1 mnok i 2023 treng eit løft.

Rådmannen tilrår også å ta inn 6 ekstra lærlingar i barnehage og skule per år. Det gjev ein årleg auke på 0,4 mnok, og er svært viktig i rekrutteringsarbeidet til denne tenesta. I tillegg tilrår rådmannen at det vert sett av 60% (ned frå 100%) til å arbeida vidare med barnehagemynderolla i 2023, og at det viktige arbeidet med betre tverrfalleg innsats for barna vert forlenga med 100%-stilling i 2 år til, før ei ny vurdering i 2025.

Etter mange år med innsparingar og nedkniping på kjøp av inventar og utstyr, ser rådmannen at tenestene treng nokre nye, årlege rammer til

- PC til tilsette i skule/bhg
- Inventar og utstyr i barnehagane og på skulane

Om kommunen framleis har utfordringar med å få til ein berekraftig økonomi, kjem me ikkje utanom at me må få til eit berekraftig klimarekneskap òg. Mykje arbeid står framleis att for å finna tilstrekkelege og effektive tiltak. Me er likevel i gang, og har nokre framlegg til klimatiltak som bør gjennomførast i 2023:

- Deltaking i "grønt hytteliv" – eigenandel på 0,1 mnok i 2023
- Utskifting på eigne kunstgrasbanar - førebels estimat på 0,1 mnok i 2023 og 0,3 mnok i 2024
- Andre klimatiltak i 2023 på 0,2 mnok
- Ny kartlegging av kommunale bygg som grunnlag for ENØK-tiltak
- Kartlegging innlekk på Kvamskogen (0,15 mnok)
- Sanering av kommunale septiktankar (0,3 mnok)
- Tilrettelegging av el-billading for kommunale køyretøy, som ei føresetnad for auke i kommunale el-bilar (1,25 mnok)
- ENØK-tiltak som varmepumpe og ventilasjon i ei rekke bygg
- Ei rekke VA-tiltak

Lista over investeringar er framleis svært lang, og rådmannen viser til investeringskapittelet i dokumentet. Rådmannen vil likevel trekka fram eit par sikringsprosjekt òg. Eit av dei er framlegg om nytt årleg prosjekt for sikringstiltak for å unngå hacking og sikringsbrot (0,35 mnok). Eit anna er eit omfattande prosjekt på brannsikring av kommunale bustader. Mange av bustadane våre var bygd i ei tid med lågare krav til brannsikring enn i dag, og har fått endra brukargrupper. Gruppa som leiger desse bustadane er i tillegg statisk utsett gruppa. Omfanget av brannsikringstiltak som sprinkling, og i tillegg noko oppgradering av bygga, vert omfattande. Kartlegginga er ikkje ferdig endå, men det er lagt inn eit framlegg om nesten 14 mnok i 2023. Summen må truleg tredoblast før alle bygg er sikra. Då er det godt å ta med seg at kommunen har fått tilsagn på om lag 5 mnok i tilskot til føremålet i etterkant av at budsjettala var klare.

Rådmannen har inntrykk av at medarbeidarane i kommunen i større grad kjenner på eit gap mellom tenestene det er forventa at me leverer, og ressursane me har til å utføra dei. Nytt er at det ikkje først og fremst er økonomiske rammer lenger, men at me ikkje får tak i tilstrekkeleg med medarbeidarar sjølv om me har økonomiske rammer til det. Dette er ei utvikling som har vore varsle, men pandemien og

manglande arbeidsinnvandring har flytta problemet fram i tid. Me må inn i ein periode der me tek ein grundig gjennomgang av kva som må prioriterast, og kva me må prioritera vekk. Med denne meldinga prøver rådmannen å ta nokre grep for å tetta kommunikasjonsgapet og melda attende om at nokre av forventningane til kva kommunen kan levera, er urealistiske. Eit anna grep er at me må halda fram arbeidet med å gå inn i kva som er viktig for tenestemottakarane, og ikkje det me trur dei treng.

Sjølv om det er eit visst sannsyn for at me kan få meir i kraftinntekter enn budsjettert, er det ikkje nok til å innfri alle gode ynskje til nye driftspostar eller investeringar, dersom me skal få til ei berekraftig utvikling innanfor gruppene klima og miljø, sosiale forhold og økonomi. Og skapa ei oppsiktsvekkjande framtid. Då er det godt at me har ein organisasjon og eit samfunn med engasjerte, kompetente og kreative menneske som er klare til å gjera ein viktig innsats for å nå dei måla kommunen må setja seg. Engasjementet og endringsvilje kjem fram i både innhald og utvikling av budsjettet. Arbeidet med å utvikla dokumenta vidare til eit komplett verksemdstyringsverktøy, har halde fram i ein krevjande økonomi-haust. Planmodulen er teken i bruk, og koplinga mellom FN sine berekraftsmål, mål og strategiar i planar og prioriteringar i det komande budsjettåret. Endå ein modul som er teken i bruk, er gebyrhette, slik at denne no ligg integrert i nettløysinga. Dette har krevd mykje av økonomi-eininga og alle andre som har medverka i utarbeidninga av budsjettet, og innsatsen fortener ein stor takk!

Då står det att å ynskja dykk god lesing, og lykke til med det vidare budsjettarbeidet!

Med helsing,

rådmann Anita Hesthamar

Samfunnsutvikling

Kvam herad har ulike roller å fylla. Ei av dei er å driva fram ynskt samfunnsutvikling. Utviklinga vert styrt ut frå visjonen til kommunen om å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid.

Arbeidet med revisjon av samfunnsdelen har starta opp. Inntil ny er på plass, er det følgjande som er styrande for samfunnsutviklinga i kommunen:

Visjon

Å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future.

Visjonsomtale

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Visjonen ligg til grunn for kommuneplanen for 2015-2030 (HST-064/15, 6.10.15). Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting

Mål og tiltak

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.*

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla eige regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å nå måla, er det valt følgjande hovudstrategiar: «stadutvikling», «bustad», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Stadutvikling <i>Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkast med eit større mangfold av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel,</i>	Sentra våre skal framstå som estetisk vakre slik at det vert attraktivt å bu, vitje og etablere seg der.	Kvam herad skal aktivt bidra med vidare planlegging, sikring og opparbeiding av fellesareal i sentrumsområda. Utarbeider ny reguleringsplan for Øystese sentrum.

<i>samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.</i>		
	Sentra våre skal framstå som trafikksikre og trygge for mjuke trafikkantar	Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegsystem i, rundt og gjennom sentra.
	Sentra våre skal vidareutviklast med eit stort engasjement	Kvam herad skal leggja til rette for brei medverknad, med idéudnader og folkemøte, der spesielt barn og unge skal vera invitert.
	Me vil at fellesareala og infrastrukturen i tettstadane skal framstå som attraktive, tiltrekjkande og tilgjengelege	Kvam herad skal ha ansvaret for at den felles infrastrukturen vert bygd ut.
	Me vil at sentrumsområda skal vera mangfaldige og ha ei blanding av service, kontor og bustad	Kvam herad skal i si planlegging sørge for at sentrumsområda får ein god variasjon i mellom service, kontor og bustad.
	Me vil ha trygge og gode tettstadar og lokalsamfunn	Kvam herad skal med godt og tverrfagleg ROS-arbeid driva med førebyggjande og helsefremmende arbeid for å hindra ulukker og skadar.
	Me vil ha aktive handelsentra	Det skal leggjast til rette for at det skal vera attraktivt å etablera seg med forretningar i sentrum.
	Me vil at den framtidige gjennomgangstrafikken skal gå utanom Norheimsund	Me planlegg trafikken i tunnel.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Bustad Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.	Me vil ha eit meir variert og godt tilgjengeleg bustadtilbod i heile kommunen.	Kvam herad skal til ei kvar tid sjå til at det er godkjente areal- og reguleringsplanar i heile kommunen.
	Me vil ha tett utnytting i sentra og spreidd i glandene.	Kvam herad skal i si planlegging følgje opp arealstrategiane for senterstruktur og utnytting av LNF-område.
	Me vil at det skal vera tilrettelagt rimelege bustadformer for førstegongsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing.	Kvam herad skal bidra med god rettleiing, god utnytting av verkemidlar og god planlegging.
	Me vil at Kvam herad skal vera ein aktiv pådrivar for bustadbygginga i Kvam.	Kvam herad skal oppretta eit eige bustadkontor, som skal ha ansvaret for utbygging og rettleiing.
	Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærekreasjonsområde.	Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.
	Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa.	Gjennomførast i samband med kommuneplanen sin arealdel.
	Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt.	Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass infrastruktur.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Infrastruktur og kommunikasjon Kvam skal ha ein trafikksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grondene.	Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen.	Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeide med å få på plass Hardangertunnelen.
	Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravdal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka.	Kvam herad skal sørge for at godkjente reguleringsplaner for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandla med regionale styremakter for å få plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.
	Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete skal verta betre tilgjengeleg.	Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel.
	Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen.	Kvam herad skal samarbeide med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Verdiskaping gjennom samarbeid I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet	Entreprenørskap I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet.	I Kvam skal me etablera nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenking.
	Møteplassar I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.	I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane.
	Frivilligkeit og kommunen I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.	I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg på eigne premissar.
	Breidde og mangfold i kulturlivet I Kvam vil me ha breidde og mangfold i kulturtilbodet.	I Kvam skal me støtte opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.
	Lokaldemokratiet I Kvam vil me ha ei aktiv og deltakande befolkning.	I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevalde har reell innflytelse på samfunnsutviklinga.
	Vidaregåande skular I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år.	I Kvam skal me i lag med Hordaland fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og framtidsretta skule i Norheimsund.
	Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet.	Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplinger i mellom Kvam herad, lokale verksemder og forskingsmiljø.

	Opplevingsøkonomien I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn.	I Kvam skal me profesjonalisera oss som opplevingskommune.
--	---	--


Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Livskvalitet I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.	Frivillig sektor I Kvam vil me ha frivillighet og dugnadssinnsats som eit viktig fundament i lokalsamfunnet.	I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.
	Arbeid - og aktivitetstilbod I Kvam vil me at alle skal komme seg ut i arbeid.	I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeide, for å få alle ut i arbeid
	Fysisk aktivitet hjå befolkninga I Kvam vil me at alle skal vere litt meir i fysisk aktivitet.	I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket.
	Barnehage I Kvam vil me ha barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring.	I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.
	Tverrfagleg samarbeid I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid	I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for møteplassar som fremjar samarbeid.
	Samfunnstryggleik Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare	Gjennomføra gode risiko- og sårbarheitsanalysar med gode kunnskapsgrunnlag. Kontinuerleg fokus på førebyggande tiltak. Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider

Organisasjon

Rådmannen har lenge varslet at framtidig rekruttering vert utfordrande. No kan me registrera at framtida er her. Arbeidsmarknaden er stram for dei fleste fagområde som kommunen rekrutterer frå. Det er velkjent at fastlegeordninga er under sterkt press som følge av mangel på nye fastlegar til å fylla heimlane som vert ledige etter kvart som det skjer eit generasjonsskifte blant legane. Kommunane skal sørga for at alle innbyggjarane har ein fastlege og overbyr kvarande i gunstige lønn og arbeidsvilkår for å behalda dei legane ein har og rekruttera nye. Regjeringa varslet at det kjem tiltak, men førebels har det ikkje kome tiltak som har hatt effekt på rekrutteringa. Også i andre deler av helsesektoren er det tydelege rekrutteringsutfordringar. Me ser ein generell tendens til færre søkerar til utlyste stillingar, særleg gjeld dette pedagogiske stillingar i barnehage og sjukepleiarstillingar. Det er også knapt med kvalifiserte allmennlærarar til grunnskulen. Det er god søknad til administrative stillingar og stillingar i helsesektoren med andre arbeidstidsordningar enn tradisjonell turnus, t.d. turnusordningar med komprimert arbeid og lengre friperiodar eller dagtidsstillingar.

NAV region Voss/Hardanger viser til at 25% av arbeidsstyrken i regionen snart må erstattast.

Alderssamsetjinga i Kvam herad viser at omlag 300 av våre tilsette er i aldersgruppa 45-54 år. Omlag 250 tilsette er i aldersgruppa 55-64 år. Det betyr at omlag halvparten av dei tilsette er over 45 år og er dermed ein peikepinn på kor mange som vil måtte erstattast i åra framover, gitt dagens bemanningsnivå. Utviklinga i t.d. fastlegeordninga viser at dagens bemanningsnivå ikkje er realistisk då som følge av at yngre legar ynskjer færre listepasientar. Kommunen vil dermed ha behov for fleire legar for å sikra at alle innbyggjane har fastlege. Aukande arbeidspress på leiarar som resulterer i at få søker seg til leiarstillingar, tyder på at det må prioriterast fleire ressursar til leiarstøtte, t.d. innan merkantile administrative oppgåver.



Me står ovafor ein varsle auke i bemanningsbehov i helse og omsorgssektoren. Det er verken mogleg eller ønskjeleg å møta veksten i behov for pleie og omsorgstenester og behandlingsbehov med auka bemanning. Det er behov for langt sterkare omstillingstakt enn det som har vore tilfelle dei siste tiåra.

KS har i samarbeid med arbeidsgjevarorganisasjonen innan helseforetaka, Spekter, fått utarbeidd ein rapport som peikar på åtte ulike dimensjonar med moglegeheiter og barrierer for å kunne dempa dei framtidige bemanningsutfordringane i helse og omsorg:

Innovasjon • Arbeidstid • Oppgåvedeling • Samhandling • Teknologi • Finansiering • Brukarmedverknad • Utdanning (Rambøll 2022)

Dei prioriterte løysingane er ifølgje rapporten å finna innan det å hausta potensialet i fleire heiltidsstillingar, fokus på korleis me organiserer oppgåvene, frigjera ressursar gjennom innføring av ny teknologi og i å aktivera ressursane rundt brukarane.

Den kommunale organisasjonen må riggast for å klara den nødvendige omstillinga og møta dei behova me no står ovafor. Det vil innebera behov for ressursar til kompetanseheving, fleksibel bruk av arbeidsstyrken gjennom organisering i større arbeidsgrupper, auka tal heiltidsstillingar og innføring av ny teknologi.

Organisering

Den overordna organiseringa er delt i driftseiningar og stabseiningar. Sistnemnde er økonomi og HR. Dei to største einingane er oppvekst og helse og omsorg. Totalt har Kvam herad om lag 1000 tilsette og utfører omlag 700 årsverk.

Organisasjonskart for Kvam herad



Arbeidsgjevarpolitikk

Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leirarar har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også eit handlingsrom for å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeidarskap. Og i Kvam herad vil me at leirarane er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar

Godt leiarskap er avgjeraande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leirarar skal leggja til rette for meistring, innovasjon og kontinuerleg forbetring gjennom m.a. å setja mål og jakta effektar som gir verdi for brukarane.

Medarbeidarar i Kvam herad vil verta kjenneteikna av at dei er:

- Profesjonelle

- Innovatørar
- Lagspelarar

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet.

Medarbeidarundersøking – «10-faktor»

Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor». Undersøkinga er gjennomført tre gonger; i 2017, 2019 og 2021 og måler faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat.

Undersøkinga er basert på 10 innsatsfaktorar som det er mogleg å påverka for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse. Det er utarbeidd eit oppfølgingssystem som arbeidsplassane skal nytta for å følgja opp resultata.

Faktor 10 - Prososial motivasjon, dvs. motivasjon for å gjera noko verdifullt og nyttig for andre, viser seg å vera ei viktig drivkraft for Kvam herad sine tilsette. Prososial motivasjon er ein viktig innsatsfaktor som har vist seg å ha ei rekke godt dokumenterte, positive effektar.

10-faktorundersøkingane viser også at tilsette ynskjer meir kompetanse for å kunne utføra arbeidet sitt. Det er positivt og medfører at det er sett i verk ulike tiltak for å leggja til rette for kompetanseutvikling.

Kompetanseutvikling

Kvam herad er ein kompetanseorganisasjon med krav til kontinuerleg oppdatering av fagleg kunnskap. Kommunen tilbyr tilsette tilskot og tilrettelegging for å gjennomføra grunn- og vidareutdanningar innan mange ulike fagområde. Fleire kompetansetiltak er obligatoriske, som t.d. vidareutdanningar for lærarar innan den nasjonale strategien "Kompetanse for kvalitet" eller spesialiseringssløpet for allmennlegar.

Det er eit særskilt fokus på å utvikla e-læringstilbod via læringsplattforma KS læring. Her kan kommunane utvikla eigne kurs for deretter å dela dei med andre kommunar. Heradet har tilsett opplæringskoordinator med m.a. ansvar for å koordinera ulike kompetansetiltak. Kvam herad var første kommunen som utvikla kompetansepakkar for kommunale stillingar på KS læring. I 2023 tek me dette eit steg vidare ved å implementera eit kompetanseprogram der tilsette kan registrera og vedlikehalda oversikt over eigne kompetansetiltak. Samtidig vil det gje leiarane betre oversikt over kva kompetanse som finst i organisasjonen og om obligatoriske kompetansetiltak er fullførte.

Kvam herad har i fleire planar peika på behovet for kompetanseheving i dei heimebasterte tenestene. Som svar på dette er det sett i gang eit samarbeid med fagskolen i Viken om fagskuleutdanning av helsefagarbeidarar. Slike desentraliserte, skreddarsydde undervisningsopplegg der ein kombinerer nettstudier med fysiske samlingar, gir store moglegheiter for tilsette som vil vidareutdanna seg utan å måtte reisa ut av kommunen.

Rekruttera og behalda arbeidskraft

Ei av hovudutfordringane for Kvam herad er å sikra kvalifisert arbeidskraft i alle stillingar. Det inneber både nyrekruttering og å behalda kompetanse i organisasjonen. Kort vidt Kvam herad er ein attraktiv

arbeidsgjevar, kan målast ut frå talet på søkjavar til utlyste stillingar og om kommunen evnar å ta vare på kompetanse som er i organisasjonen.

Å vera ein attraktiv og framtidsretta kommune stiller krav til at me har både endringskompetanse og kan levera tenester med høg fagleg standard.

Kampen om kompetansen er forsterka den seinare tida. Kommunane overbyr kvarandre i gunstige lønns- og arbeidsvilkår. Frå eit arbeidsgjevarperspektiv er det ei uheldig utvikling, men i mange tilfelle eit viktig strategisk verkemiddel for å sikra nødvendig kompetanse for å kunne levera lovpålagnede tenester.

Heiltidskultur

Pr 1.10.22 er det 1010 tilsette i heradet. 30 tilsette er knytt til beredskapsordninga innan brann og redning og har ca. 2% delstilling knytt til faste øvingar. Dersom me trekkjer ut desse, viser tabellen at 49% av arbeidsstyrken (477 av 980 tilsette) arbeider i heiltidsstilling. I 2021 var tilsvarende prosent 44. Det vert arbeidd kontinuerleg med å tilby større stillingar. Talet på personar som arbeider deltid viser ei positiv utvikling ved at talet går ned frå 544 i 2021 til 497 i 2022. Den gjennomsnittlege stillingsprosenten aukar frå 78 til 81%.

Pr 01.10.2022	Alle tilsette	uten brann 1,35/1,92
Sum totalt tilsetjings%	79 034	78 982
Antall ansatte i deltid og heiltid	1 010	980
Gjennomsnittlig deltidsprosent	78,3	80,6
Antall i 100% eller meir	483	477
Antall i deltid%	527	497
Branntilsette i 1,35/1,92	30	

Ei rekke ulike tiltak er sett i verk innan heiltidskultur, men det er ingen "quick fix" å endra ein kultur.

For å oppnå heiltidskultur treng me fleire tilsette i store stillingar som sikrar kontinuitet i tenestene gjennom heile døgnet, veka og året. Dette får me til gjennom å dela summen av helgetimar på færre tilsettte. Bodskapen frå forskarhald er at det er unngåeleg at fleire må arbeida fleire timer på helg for at fleire skal arbeida heiltid. Me kjem ikkje utanom dette dersom me skal få ein bærekraftig helse og omsorgssektor. Betre fordeling av helgetimar er ein føresetnad for heiltidskultur. Det er ikkje nødvendigvis ein bodskap det er lett å selja inn til dei som jobbar turnus.

Eit døme som illustrerer dette: Ein sjukeheim har ein bemanningspan på 19 årsverk der 26,3 prosent ligg på laurdag og søndag. Det betyr 9224 helgetimar på eitt år som må dekkast inn i arbeidsplanen. Dersom den gjennomsnittlege deltidsprosenten er på 73,4 prosent, må kvar av stillingane i snitt ha 356 timer på helg. Dersom avdelinga hadde 19 årsverk og 19 stillingar i 100 prosent, måtte kvar i snitt ha 485 helgetimar for å dekka opp behovet i helgane.

Prosjekt auka grunnbemannning i helse og omsorg

Heradstyret har løyvd 3 MNOK til prosjektet pr. år i 2 år.

Prosjektet skal kartleggja dagens bemanningssituasjon, skaffa oversikt over kostnadsbruk, kartleggja tilsette sine ønske om stillingsprosent, utarbeida bemanningsplanar og vurdera alternative arbeidstidsordningar.

Prosjektet vert i første omgang avgrensa til Øysteseheimen og Tolomarka omsorg. Erfaringar frå prosjektet vil seinare kunne overførast til andre deler av helse og omsorg.

Det vert tilsett prosjektkoordinator som saman med sentrale leiarar vil ha ansvar for gjennomføring av prosjektet.

Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling

Kommunen skal handtera komplekse oppgåver og har høge krav til kvalitet, fornying og effektivitet i eit samfunn i stadig endring. Å byggja kultur for innovasjon og nyskaping må er ei leiaroppgåve gjennom å finna innovative løysingar i breidt samarbeid med mange aktørar som har ulike interesser og behov. Samarbeid på tvers av einingar som prosjektet med BTI modellen (betre tverrfagleg innsats for barn og unge) er eit døme på innovasjon og nyskaping. Det handlar om å:

- *skapa rom for idéar og setja pris på kreativitet, pleia talent og utfordra innovatørar*
- *sjå kvar det er behov for å skapa noko nytt og føreslå nye løysingar*
- *bruka kompetanse på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar*
- *henta inspirasjon og løysingar frå andre fagområde og organisasjonar*
- *dela og auka kunnskap internt og eksternt*

Gevinstrealisering handlar om å sørgra for at dei gevinstane som var forventa av eit prosjekt, faktisk vert realisert.

Tenesteinnovasjon og endring av arbeidsprosessar er utviklingsprosessar som medfører behov for omstilling. Kvam herad har retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning som saman med Hovudavtalen skal sikra medverknad frå tilsette i slike omstillingsprosessar.

Sjukefråvær

Intensjonsavtalen for eit inkluderande arbeidsliv er forlenga med to år frå 2022-2024. Innsats på arbeidsplassen er framleis nøkkelen til å redusera sjukefråvær og hindra fråfall frå arbeidslivet. Partane i avtalen meiner verkemidla som vart innført i førre avtaleperiode, treng virka over lengre tid som følge av at pandemien hindra iverksetjing av fleire av tiltaka.

Kvam herad tilrettelegg så langt det er mogleg for tilsette som har redusert arbeidsevne, men som ynskjer å vera i jobb. Det inneber bl.a. tilrettelegging av arbeidssituasjonen og eventuelt overføring til andre oppgåver i kommunen gjennom å nytta føreretten til ledige stillingar den tilsette er kvalifisert for.

Sjukefråværstatistikken i Visma HRM viser at fråværet har auka i 2022. Pr. 30.9.22 var det gjennomsnittlege fråværet på 10,4% (legemeldt og eigenmeldt).

Det eksisterer ein hypotese om at sjukefråvær har samanheng med nivået på grunnbemanninga. Barnehagesektoren deltek i KLP sitt arbeidsmiljønettverk i eit 2-årig prosjekt der dette er eitt av områda

dei analyserer. I tillegg vil prosjektet ha mål om å avdekka kva faktorar som bidreg til at tilsette blir i stillingane og ynskjer å arbeida i barnehage fram til pensjonsalder.

Det er store variasjonar i fråværsprosent også mellom einingane. Sjukefråværet er høgare i barnehage og helse og omsorg enn innan skule, administrasjon og teknisk. Også mellom kjønna er det stor forskjell når det gjeld fråvær. Kvinner har vesentleg høgare fråvær enn menn.

Helse, miljø og tryggleik

Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. aml. [§ 3-1](#) og [internkontrollforskrifta](#)

Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette og kjøper denne tenesta etter anbodsrunde. Bedriftshelsetenesta er for tida ute på anbod. Det er tilsett HMS-koordinator som har oppfølging av kvalitetssystemet som hovudarbeidsfelt. Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsysteem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert ivaretakne. Kommunen nyttar pr i dag kvalitetssystemet Compilo til dette, men også kvalitetssystemet er ute på anbod denne hausten. I tillegg utviklar Kvam herad eigne HMS-kurs på læringsplattforma «KS læring» innan ulike HMS-tema, m.a. HMS-kurs for leiarar.

Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova.

Det inneber at det ikkje skal skje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

Som arbeidsplass er Kvam herad kvinnedominert med omlag 80% kvinneandel, men det er variasjonar mellom einingane. Oppvekst og helse og omsorg har klart flest kvinner tilsett, medan det i teknisk eining og innan plan og byggesak er eit klart fleirtal av dei tilsette menn.

Tabellen viser kjønnsfordeling pr eining:


Eining	Kvinner	Menn
Helse og omsorg	395	61
Oppvekst	320	58
Plan og byggesak	1	9
Samfunn, næring og kultur	19	14
Stabseiningar	18	12
Teknisk og informasjon	39	64
Totalsum	792	218

Klimabudsjett

Overordna mål for klimaarbeid

Kvam herad skal i tråd med FN sitt berekraftsmål 13; «Stoppa klimaendringane», medverka til å stoppa klimaendringane og medverka til at Noreg vert eit lågutsleppssamfunn i 2050

Målsetjinga om at Kvam herad skal i tråd med nasjonale mål, skal redusera utslepp med inntil 55 % innan 2030 i høve til 1990, vil vera den største samfunnsutfordringa i den komande økonomiplan perioden.




Energi

Energibruken i Kvam herad skal i tråd med klimaplan for Hordaland, 2014 -2030, effektiviserast med 55% innan 2030 i høve 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogeleg grad dekkast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfold.

Tilpassing til klimaendringane

Tilpassing til klimaendringane skal baserast på «føre var-prinsippet», meir presise grunnlagsdata og lokal kunnskap.

Klimastatistikk





Utsleppa i Kvam har gått opp med 1,8% i frå 2019 til 2020.


Klimagassane CO₂, metan (CH₄) og lystgass (N₂O) er inkludert i rekneskapet. Rekneskapen omfattar dei direkte fysiske utsleppa som skjer innafor kommunen si geografiske grense.

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar.


Kvam hadde i 2020 utslepp på 22 tonn pr innbyggjar. Tilsvarande var det 5,3 tonn på Voss og 31,3 tonn i Ullensvang.




Utslepp i frå vegtrafikk i Kvam, viser nedgang i utslepp av CO₂-ekvivalentar i frå 2009 og fram til 2020. Det har også vore nedgang i frå 2019 til 2020.



Sektoren omfattar klimagassutslepp frå olje- og gassutvinning, industri og bergverk, og inkluderer mange kvotepliktige verksemder.



Sektoren omfattar utslepp frå snøscooter og dieseldrivne motorreiskapar, kor anleggsmaskiner og traktorar utgjer de største utsleppskjeldene. Nedgang i frå 2019 til 2020.



Statistikken omfattar utslepp frå biologisk handsaming av avfall, og utslepp frå avlaup og rensing i frå avlaup.

Dei største utsleppa i kommunen kjem frå vegtrafikk, landbruk og sjøfart. For å nå måla om 55% reduksjon må det her gjerast grep, som samsvarar med FN sine berekraftsmål. Kommune, næringsliv og innbyggjarane i Kvam må vera med å bidra. Samarbeid med Vestland fylkeskommune om oppfylging av regional plan for klima, vil vera eit godt verktøy også for Kvam herad. Prosjekt som handlar om samarbeid innafor ulike klimanettverk, sirkulære verdikjeder, klimavenlege innkjøp, "grønt hytteliv", klimatilpassing, klimanettverk for kommunar i Vestland, m.m. må komma på plass og konkretiserast i økonomiplanperioden.


Kvam herad ynsker også i planperioden å arbeida tettare i lag med fylkeskommunen, andre kommunar, BIR og andre samarbeidspartnerar. Kvam herad sin eigen energi- og klimaplan og Vestland fylke sin eige klimaplan, er viktige verktøy i planperioden. Prosjektet grønn hyttebygging, er samarbeidsprosjekt i lag med Vestland fylkeskommune og nabokommunar. Viktig prosjekt for Kvam og dei store hyttekommunane i Vestland. Vestland fylkeskommune legg opp til klimanettverk, med kommunar som vil vera eit viktig bidrag i Kvam si berekraftige utvikling. BIR og samarbeidskommunar, arbeider med gjenbruksveker, tiltak som Kvam herad skal engasjera seg meir i utover i planperioden.

I samband med kommunedelplan for Kvamskogen skal det leggjast vekt på:

- Unngå å fjerna myr som har ein vassregulerande funksjon
- Ivareta biologisk mangfold
 - Unngå skadar på myr og karbonlager i jorda
- Ein bør leggja til rette for fortetting og unngå nedbygging av myr


Klimautslepp i Kvam herad

Kvam herad vart i 2022 medlemar i Klimapartner Vestland. Via medlemsskapet har Kvam herad fått utarbeidd sitt eige klimarekneskap.

Utslipp tonn CO₂e

Utslepp av CO₂ per tilsett i Kvam herad: 1,9 tonn

Tonn CO₂ per million omsetning: 1,3



Innafor organisasjonen Kvam herad, er det for 2021 laga klimarekneskap, som viser at det største utsleppet av CO₂, kjem i frå varekjøp. I klimarekneskapen for 2021 er varekjøp den største utlseppskjelda av CO₂ i Kvam herad sin organisasjon. Det største einskildutsleppet kjem i frå matvarer til konsum, ca 500 tonn CO₂. Nest størst er diesel, som har eit direkte utslepp, som utgjer ca 230 tonn. Det tredje største er restavfall til forbrenning, som er eit tenestekjøp, som utgjer ca 130 tonn CO₂. Ut i frå klimarekneskapen som er lagt fram og vedlagt handlingsplan til energi- og klimaplanen, så bør kommunen satsa på berekraftige innkjøp og spesielt på prosjekt på matsvinn og innkjøp av mat. Det må vidare satsast på reduksjon av direkte utslepp av diesel. Kvam herad må satsa på elbilar, som eigne bilar og leasingbilar. Det må vidare satsast på avfallsminimering, attvinning og og sirkulær økonomi, for å få ned restavfall til forbrenning. Tema må gå igjen i alle tenester og berekraftig utvikling, må vera ein del av den daglege leiaropplæringa i Kvam.

Haldningsskapande arbeid mm må intensiverast utover i planperioden:

- Halvera matsvinn
- Undervisning
- Redusert forbruk

- Redusert avfall
- Redusera bruken av plast/kunstgras
- Gjenbruk
- Unngå bruk av eingongsprodukt

Miljøsertifisering av rådhuset vert prioritert i planperioden, med vidare oppfylgjing av andre bygg utover i planperioden. ENØK-tiltak vert ein viktig del av oppfylgjing rundt Kvam herad sine eigne bygg.

Kvam herad skal vidare bidra med tilrettelegging av lademogleheter for el-bilar og el-syklar, for å stimulera til mindre bruk av bilar som går på fossilt brensel.

Klimafondet til Kvam herad skal bidra til å redusera klimagassutslepp og effektivisera energibruken i Kvam. Tiltak innafor energiforbetring i bustadar, tilskot til ladestasjonar, tilskot til solcellepanel og rådgjeving vil vera viktige bidrag.

Kvam herad har tilsett eigen miljøkoordinator som skal vera med å bidra til at kommunen når sien eigne klimamål. Miljøkoordinator skal m.a. utvikla klimabudsjettet og -rekneskapen i Framsikt.

Føresetnader og risikovurdering

Budsjett og økonomiplan byggjer på ei rekke føresetnader knytt til både inntekter og utgifter. Det er sannsynleg at fleire av desse føresetnadene vil endra seg gjennom budsjettåret. Dette kan siå ut både positivt og negativt for kommuneøkonomien.

Fleire av føresetnadene, som til dømes prisstiging, lønnsoppgjør og kraftinntekter vert påverka av forhold som kommunen ikkje er herre over. Det er difor viktig å forstå kva føresetnader som vert lagd til grunn.

Det følgjer av kommunelova § 14-4 andre ledd at årsbudsjettet skal visa dei mål og premissar som budsjettet byggjer på. Av forarbeida føl at dette og omfattar premissane for bruken av bevilgningene (Prop 46 L (2017-2018) i kommentarane til §14-4.

Budsjettpremissane består av:

- Premissar for bruken av løyvingar
- Heradsstyret sine premissar for bruken av dei talmessige løyvingane i årsbudsjettet.
- Tekniske budsjettforutsetningar
- Forutsetningar om pris- og lønsvekst, rentenivå og andre parameter. Desse viser i risikotabell under.

Føresetnader

Budsjett og økonomiplan byggjer på siste gjeldande vedtak i heradsstyret, det vil seia 2. tertial 2022. Dette betyr at alle tidlegare fatta vedtak med verknad for åra 2023 - 2026 er innarbeidd i tala. Nokre vedtak har verknad kun for 2023, medan andre har permanent verknad. I tabellen "Driftsbudsjett med endringar"

Etter at det kommunale føretaket Kvammabadet KF vart oppretta, inngår budsjettet til føretaket i konsernet Kvam herad. Budsjettet til Kvammabadet KF vert lagt fram av styret i føretaket, og ligg som eige vedlegg i Framsikt.

Det samla budsjettet til kommunen byggjer på ein rekke føresetnader. Nedanfor føljer ei utgreiing av dei viktigaste føresetnadene.

Rammetilskot og skatteinntekter

Kvam herad sine frie inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot, som er kommunen sine største inntektskjelder. Rammetilskotet frå staten vert fordelt etter ein komplisert fordelingsnøkkel som mellom anna er avhengig av folketal og aldersfordeling i kommunen. Skatteinntektene er og bakt inn i modellen på ein slik måte at ei auke i skatteinntekt vil føre til ein reduksjon i rammetilskotet og motsett. KS har utarbeidd ein modell som vert nytta i budsjettarbeidet.

Rammetilskotet og skatt på formue og inntekt er budsjettet med utgangspunkt i framlegg til statsbudsjett for 2023. Det er sannsynleg at den vil koma nokre justeringar i kommunane sine inntekter i samband med budsjettforhandlingane i Stortinget. Normalt vert løyvinga til rammetilskot heva i

samband med revidert nasjonalbudsjett, men dette er ei usikker inntekt som ikkje vert forskottert i kommunebudsjettet.

RAMMETILSKOT & SKATTEINNTEKTER	Opph. Bud	Rev.Budsj.	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2022	2022	2023	2024	2025	2026
Rammetilskot	311,8	311,3	338,7 *)	334,7	335,0	335,0
Skatteinntekter	257,0	267,3	270,0	274,0	274,0	274,0
SUM	568,7	586,9	608,7 *)	608,7	609,0	609,0

*) Før inndraging i rammetilskot knytt til konsesjonskraft i 2023. Budsjettert til 8,0 MNOK (forklart nedanfor).

Kraftsal

Kvam herad disponerer ei fast kraftmengd på 167,5 GWh bestående av heimfallskraft og konsesjonskraft som vert sold i kraftmarknaden. Salsprisane svingar mykje og ligg for tida på særslig høge nivå grunna den pågående krigen i Ukraina og energikrisa i Europa. Prisane er forventa å ligga på høge nivå gjennom 2023 og deretter gradvis redusert.

Regjeringa har varsle auke i grunnrenteskatten frå 37% til 45%. Auken går direkte inn på overskotet frå heimfallskrafta. Grunnrenteskatten er for 2023 berekna til totalt 89 MNOK med dei nye satsane. Av dette er auken i skattesatsen berekna til 16 MNOK.

Det er varsle eit såkalla "høgprisbidrag" for kraftprisar over 70 øre/KWh med verknad for 2023 og 2024. Når budsjettet vert lagt fram er det ikkje avklara om høgprisbidraget vil ramma kommunen si heimfallskraft. Basert på eit forsiktighetsprinsipp er høgprisbidraget tatt høgde for i budsjettet. Effekten er berekna til 22 MNOK i 2023 og 7 MNOK i 2024. Dersom høgprisbidraget ikkje rammar heimfallskrafta vil dette føra til ei tilsvarende forbeting av driftsresultatet i desse åra.

Regjeringa har også varsle ei "justering av kommunane sitt rammetilskot" for kommunar med høge inntekter frå konsesjonskraft. Det er ikkje klargjort korleis dette skal bereknast. Omlag 65% av konsesjonskrafta til Kvam er sold til faste prisar og vil truleg ikkje verte ramma. I budsjettet er det lagt til grunn at ein gjennomsnittspris over 70 øre/KWh vil medføra ei inndraging av 90% av overskytande verdi (tilsvarende marginalskatten for kraftbransjen). Dette vil føra til ei inndraging av rammetilskot med ca 8 MNOK i 2023.

Inntektene frå konsesjonskraft er i stor grad prissikra i 2023 og 2024, medan inntektene frå heimfallskraft vert styr av den til ein kvar tid gjeldande marknadsprisen. Ettersom kraftprisen svingar frå time til time, basert på tilbod og etterspurnad i marknaden er det stor risiko knytt kva pris heradet vil oppnå for den delen av krafta som ikkje er prissikra. Det er følgjeleg sannsynleg at dei budsjetterte tala ikkje treff. For å ta høgde for denne risikoen og søka å unngå dramatiske kutt i dei kommunale tenester ved eit fall i prisane, er budsjettet basert på marknaden sine framtidssprisar per 26.10.2022, fråtrekt ein tryggleiksmargin på 25%. Dette inneber at følgjande tal ligg til grunn i budsjettet:

KRAFTINNTEKTER	Opph. Bud	Prognose*)	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2022	2022	2023	2024	2025	2026
Kraftmengd MWh	167 494	167 494	167 494	167 494	167 494	167 494
Snitt salspris kr/KWh	0,407	1,41	1,42	0,93	0,73	0,73
SalsInntekt MNOK	68,1	236,6	237,6	155,3	122,5	122,5
Utgifter inkl skatt MNOK	42,1	146,7	170,1	84,1	64,4	64,4
Resultat kraftsal MNOK	26,0	89,8	67,5	71,2	58,1	58,1

*) Prognose er basert på endringar i kraftskatteregimet, framlagt i FSK 02.11.2022.

Det er utfordrande å finne att tala frå tabellen i sjølve budsjettet. Dette skuldast at inntekter frå konsesjonskrafta er definert som «salsinntekter», medan inntekter frå heimfallskrafta er definert som «overføringer frå staten». Dei ulike utgiftspostane knytt til kraftsal omfattar; kjøp av krafta frå produsent, residual, energiledd, grunnrenteskatt og overskotsskatt. Desse ligg under driftsutgifter. Høgprisbidrag for heimfallskraft ligg under driftsutgifter, medan høgprisbidraget for konsesjonskraft ligg som inndraging av rammetilskot.

Havbruksfondet

På grunn av oppdrettsaktiviteten i kommunen, mottek Kvam herad inntekter frå havbruksfondet. Desse varierer mykje frå år til år. Tala i økonomiplanperioden vil truleg verta påverka av den føreslegne grunnrenta på fiskeoppdrett.

HAVBRUKSFOND	Opph. Bud	Rev.Budsj.	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2022	2022	2023	2024	2025	2026
Inntekt frå havbruksfondet (MNOK)	15,1	15,1	5,0	13,6	5,1	5,1

Eigedomsskatt

Alle eigedomar vart retaksert i 2021. Den totale totale eigedomsskatten på bustad og fritid var før takseringa på 25 mnok. Det totale nivået vart vidareført etter takseringa. I budsjett 2022 gjorde HST eit vedtak om å innføre eit botnfrådrag på 200 000,- og å redusere promillen frå 3,2 til 3.

I budsjettet for 2023 er botnfrådraget fjerna, men Rådmann foreslår å halde promillen på 3,0 i 2023 og resten av økonomiplanperioden. Dette utgjer ein total eigedomsskatt på bustad og fritid på 23,5 mnok.

På næring er promillen på 7, som er maksimal sats.

Løn og sosiale utgifter

Budsjett og økonomiplan vidarefører dei stillingsheimlane som kommunen hadde i 2022. Lønsoppgjeret for 2022, inkludert sosiale kostnader, er teke omsyn til i budsjettet. Pensjonsutgiftene er justert basert på prognose frå pensjonsleverandørane KLP og SPK. For lønsoppgjeret 2023 er det budjettert med ei lønsauke på 4,2 %, med verknad frå 1. mai 2023. Auken følgjer statsbudsjettet.

Innkjøp

Andre driftsutgifter gjeld kommunen sine utgifter til innkjøp.


I 2022 såg me ei vesentleg inndraging av kommunen sine inntekter fordi prisauken var langt høgare enn en kommunane si kompensasjon i statsbudsjettet (deflatoren). Prisauken var spesielt stor på byggevarer, transport, drivstoff, matvarer og straum.

Statsbudsjettet for 2023 legg til grunn ein prisvekst på 3,0 % på innkjøp. Kvam sitt budsjettet inneholder ikkje nokon generell prisjustering for årleg inflasjon på innkjøpa. Nokre avtalefesta prisreguleringar er innarbeidd. Dette medfører i praksis ein tvungen innsparing/reduksjon i drifta som må løysast innanfor budjettramma til kvart einskild tenesteområde for dei innkjøpa som ikkje vert justert. Dette kan vera problematisk spesielt dersom 2023 fortsetter med knappheit på varar og stor prisstiging slik som i 2022 og det kan i verste fall verta nødvendig å redusere nivået på kommunale tenester.

Lånegjeld, renter og avdrag

Som bakgrunnsinformasjon er det relevant å sjå på utviklinga i styringsrenta frå Noregs Bank, som over tid påverkar NIBOR og andre faste og flytande lånerenter i Noreg. Grafen nedanfor er henta frå Noregs Bank si pengepolitisk rapport 3/22 (september 2022) og syner historisk og forventa framtidig utvikling i styringsrenta. Den heiltrekne blå lina syner den historiske styringsrenta. Den stipla brune viser den førre rentebana og den stipla blå syner den siste prognosene frå Noregs Bank. Grafen synar at det vert vurdert som svært sannsynleg at renta skal stige vidare utover i 2023.

Styringsrente. Prosent



Renta som Kvam herad må betala for nye flytande lån ligg ca 1,0 - 1,5 prosentpoeng over styringsrenta.

Kvam herad har ei total lånegjeld på ca 1,4 milliardar kroner. Av desse er om lag 135 MNOK av gjelda er knytt til husbanklån. Desse pengane vert videreutlånte til bustadkjøparar og det er difor bustadkjøparane som må betale dei auka rentene. Av lånegjelda er dei resterande 1,3 milliardar kroner knytt til kommunen si verksemeld. Gjelda påverkar kommuneøkonomien gjennom renter og minimumsavdrag som må utgiftsførast i driftsrekneskapen.

RENTER & AVDRAG	Budsjett MNOK	Budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Lånegjeld ex Husbanken	1 228	1 306	1 303	1 285	1 267	
Gj.sn. rente	2,1 %	3,4 %	3,7 %	4,2 %	4,2 %	
Renteutgifter	25,9	44,8	48,7	54,4	53,4	
Avdragsutgifter	43,2	47,7	47,8	47,4	47,4	
Sum renter og avdrag	69,1	92,5	96,5	101,8	100,8	

Tabellen syner forventa utvikling i lånegjeld, renter og avdrag i økonomiplanperioden. Det er budsjettert med ei dobling av renteutgiftene frå 2022 til 2025. Dersom rentebana skulle auke med ytterlegare 1,0 prosentpoeng vil dei årlege utgiftene auke med 13 MNOK. Kommunen må anten ha tilstrekkelege inntekter eller frie fond til å dekkja dei auka renteutgiftene, eller så må det gjerast tilsvarande kutt i kommunale tenester.

I samsvar med økonomireglementet, er delar av lånegjelda bunden opp med faste renter. Låna har ulik bindingstid og dette gjer at renteauken vil ha ei forseinka effekt for kommuneøkonomien. Auken i renteutgifter i 2024 og 2025 skuldast i hovudsak fastrentelån som løper ut og må fornyast. Ytterlegare informasjon om lånegjelda er å finna i eige vedlegg.

Kommunen har altså ei gjeld på ca 1.3 MNOK. Gjelda påverkar driftsrekneskapen gjennom renter og avdrag. På den andre sida har kommunen likviditet i form av obligasjonar og bankinnskot, der inntekta også følgjer marknadsrenta. Dette reduserer kommunen si risiko knytt til renteendringar med ca 300 MNOK.

Kommunen har og om lag 280 MNOK knytt til sjølvkostinvesteringer. Renteendringar knytt til denne gjelda må innbyggjarane betale gjennom endra gebyr for vatn og avlaup. Dette er budsjettet i from av forventa inntekter frå sjølvkost.

Både husbanklån, bankinnskot, obligasjonsinvesteringar og lån knytt til sjølvkost reduserer kommunen si eiga renterisiko. Når ein trekk frå desse elementa kjem ein fram til kommunen si netto renteeksponering. Denne utgjer noko i underkant av 60 % av gjelda.

Avkastning på obligasjonar

Kvam herad eig obligasjonar i ei portefølje av sparebankar. Avkastinga frå desse vert direkte påverka av utviklinga i rentemarknaden. Obligasjonsinntektene vert rekneskapsført under finansinntekter.

OBLIGASJONAR	Opph. Bud	Rev.Budsj.	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2022	2022	2023	2024	2025	2026
Portefølje (IB)	218,7 M	218,7 M	221,3 M	230,7 M	240,9 M	251,3 M
Inntekt frå obligasjonar	3,5 M	2,6 M	9,4 M	10,2 M	10,3 M	10,7 M
Forventa årleg avkastning	1,6 %	1,2%	4,3 %	4,4 %	4,3 %	4,2 %

Utbytte

Budsjett og økonomiplan bygger på eit årleg utbytte frå Kvam Energi AS på 9,0 MNOK og frå BKK med 8,2 MNOK. Utbyttenivå avheng av statlege rammevilkår for kraftprodusentar som omtala under kraft, og utvikling i prisnivå.

Investeringar

Alle vedtekne investeringar, nye og pågåande, som ikkje er avslutta i 2022 ligg inne i budsjett og økonomiplan. Desse investeringane vil framkoma i driftsrekneskapen i form av avskrivinger når dei vert

tekne i bruk. Lånefinansierde investeringar påverkar driftsrekneskapen gjennom renter og avdrag. Detaljert oversikt over investeringane ligg i eige hovudkapittel.

Risikotabell

Kommunelova har to sentrale krav til dei kommunale budsjetta: balanse og realisme. Balansekravet inneber at dei budsjetterte inntektene minst må dekkja budsjetterte utgifter. Realismekravet tyder at budsjettet skal byggja på realistiske estimat for inntekter og utgifter. Ein kommune kan ikkje gå konkurs, men dersom den driv med eit underskot som det ikkje finnест fondsmidlar til å dekka inn, vert den sett under administrasjon av satsforvaltaren og vert ein såkalla ROBEK-kommune.

Den største tilskotsytaren og premissleverandøren for kommunane, staten, fastset berre årlege rammer for kommunane, men krev at kommunane skal levera ein plan for komande fire år. Det er nytig å laga økonomiplan og vurdera utfordringane og retninga for dei komande åra, men dei aller fleste tala vil endra seg i løpet av perioden.

Nedanfor er dei mest sentrale føresetnadane og risikoelementa i høve avvik, lista opp. Tabellen syner risikoen for vesentleg meirforbruk i rekneskapen i form av reduserte inntekter eller auka utgifter.

Verdi	Sannsynleg	Konsekvens
1	Lite sannsynleg	Resultateffekt mindre enn 1,0 MNOK
2	Middels sannsynleg	Resultateffekt mellom 1,0 og 5,0 MNOK
3	Svært sannsynleg	Resultateffekt større enn 5,0 MNOK
Sannsynleg * konsekvens = Risikonivå		

Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Sannsyn (1-3)	Konsekvens (1-3)	Risikonivå (1-9)	Avbøtande tiltak
Salsinntekter på vasskraft <ul style="list-style-type: none"> Prognosane på kraftinntekter er lågare enn i 2022, men likevel ein god del høgare enn i eit "normalår" og vi skal 	3	3	9	<p>Etterleve gjeldande strategi vedteke i heradsstyret. Dette inneber prissikring for største delen av konsesjonskrafta.</p> <p>Ved utrekning av inntekta frå kraftsal, er sal av usikra kraft</p>

<p>ikke lenger tilbake enn 2020 før kraftinntektene var vesentleg lågare.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Framtidsprisane endrar seg fortløpende og det er svært sannsynleg at heradet sine inntekter vert endra som følje av dette. • I økonomiplanperioden er det også stor risiko knytt til grunnrenteskatt, høgprisbidrag og nedtrekk av rammetilskot. 				<p>basert på prognose frå kraftmeklar fråtrekkt 25% risikomargin. Men, kraftprisen kan likevel falle under dette nivået.</p> <p>Ved utrekning av utgifter er det tatt høgde for at kommunen vert råka av de varsle endringane i grunnrenteskatt, høgprisbidrag og inndraging av rammetilskot.</p>
<p>Kjøp av varer/tenester</p> <p>I forslag til statsbudsjettet er kommunal deflator (lønns- og prisauke) på 3,7% for 2023.</p> <p>Kommunebudsjettet vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande.</p>	3	3	9	<p>Kommunane får normalt kompensert prisauke gjennom deflatoren i nasjonalbudsjettet, men enkelte varer og tenester har hatt ein prisauke over generell prisauke.</p> <p>Tett oppfølging og budsjettdisiplin.</p> <p>Det kan verta nødvendig å redusera nivået på kommunale tenester.</p>
<p>Løn og sosiale utgifter</p> <p>Personalutgiftene utgjer ein vesentleg del av kommunen sine utgifter. Sjølv små lønnsendringar kan difor få store utslag for kommuneøkonomien.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunebudsjettet følgjer statsbudsjettet og det er lagt inne ein lønsvekst på 4,2 %. • Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK <p>Arbeidsgjevaravgift er direkte avheng av lønsutgifter og pensjonsstørleik</p>	2	3	6	<p>Gjennomføra innsparingskrav frå 2021</p> <p>Oppfølging og økonomistyring</p>
Renteutgifter	2	3	6	For å redusera risiko vert rentebinding løypande vurdert saman med finansielle rådgjevarar

Det er risiko for at renta kan verta både høgare og lågare enn budsjett. Rentemarknaden vert sterkt påverka av mellom anna krigen i Ukraina og inflasjonspress i økonomien både nasjonalt og internasjonalt. Renteutgiftene er budsjettert i samsvar med eksisterande låneavtalar og framtidspisar for framtidig renteutvikling.				basert på utviklinga i rentemarknaden
Enkeltsaker Spesielt i oppvekst og helse kan det koma nye enkeltsaker, der brukarar må følgjast opp med stor ressursbruk	2	3	6	Organisera tenester på ein slik måte at enkeltsaker krev minst mogleg ressursar Dette er utfordrande ettersom organisasjonen ikkje er dimensjonert for slike hendingar.
Beredskapssituasjonar Det kan oppstå uforutsette hendingar, som til dømes brann, it-trugsmål eller pandemi med akutt og stor påverknad på kommuneøkonomien	2	3	6	Førebyggande arbeid. Rådmannen har fullmakt til å nytta midlar i krise- og beredskapssituasjonar.
Rammetilskot Det er sannsynleg at rammetilskotet vert endra i løpet av året. Det er meir sannsynleg at tilskotet vert auka enn at det vert minka. <ul style="list-style-type: none"> • Endring etter folketal • Endring på grunn budsjettforhandlingar • Endring etter Stortinget si handsaming • Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre 	2	2	4	Grunnlag for budsjett er forslag til statsbudsjett for 2023
Andre statlege overføringer <ul style="list-style-type: none"> • Verkskommunetilskot 	1	2	2	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter

Skatt på inntekt og formue Kommunen baserer budsjettet på KS sin prognose-modell. Det er risiko knytt til <ul style="list-style-type: none"> • Endring etter Stortinget si handsaming • Endring i skatteinngangen i løpet av året 	2	3	6	Endring i skatt vert delvis kompensert gjennom inntektsutjamning Justera budsjettet i tertiala og tilpassa drifta i tilfelle stor reduksjon i skatteinntektene.
Eigedomsskatt Endring i talet på hytter og bustader endrar seg sakte. Tilsvarande for næringseigedommar. Risikoen er difor primært knytt til endringar i dei maksimale skattesatsane. <ul style="list-style-type: none"> • Nytt 7 promille på næring • Nytt 3,0 promille på bustader og hytter 	2	2	4	Det er ikkje venta endringar i maksimalsatsane, men dei kan sjølvsgart endrast over tid. Satsen for bustad og fritid ligg under maksimalgrensa på 4 promille. Dette kan påverkast politisk.
Budsjetteringsfeil Feile berekningar eller feilregistreringar kan påverke tala	2	2	4	Kontroll, kompetanse og tilstrekkelege ressursar.
Innsparingstiltak Utfordrande å realisere full effekt då tiltaka i stor grad forutset nedgang i bemanning og ein stilling ikkje utan vidare kan reduserast med t.d. 15%	2	2	4	Revidera tiltaksplanen Iverksetting, oppfølging og økonomistyring
Utbytte Heradet sitt utbytte kjem primært frå Kvam energi AS og Eviny AS Utbytta er vert først vedteke på selskapa sine generalforsamlingar	2	2	4	Politisk påverknad og styring
Avdragsutgifter Minstefrådrag etter til kommunelova må betalast.	1	3	3	Minimera framtidige låneopptak Betala ned på eksisterande gjeld

<ul style="list-style-type: none"> Auka gjeld fører til auka minimumsavdrag 				
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter <ul style="list-style-type: none"> Statlege satsar vert nytta på barnehageplass og helse og omsorgstenester Husleigeinntekter justerast normalt i samsvar med endring i konsumprisindeksen Satsar på sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram	1	2	2	Eventuelle nye satsar vert innarbeidd og tatt omsyn til i revidert budsjett. Store endringar er lite sannsynleg.
Etterspurnad brukarbetalingar/ salsinntekter <ul style="list-style-type: none"> Som regel er det stor etterspurnad etter kommunale tenester. Risikoer er difor heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk 	1	1	1	
Refusjonsinntekter <ul style="list-style-type: none"> Refusjonsinntektene er som regel forsiktig budsjettert. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er vedtatt/tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel nokolunde tilsvarende endring i utgifter, som til dømes mva.kompensasjon 	2	1	2	Løypande tilpassa utgiftene til endringar i refusjonsinntekter
Andre statlege overføringer <ul style="list-style-type: none"> Havbruksfond, Inntekta svingar mykje frå år til år. Det er risiko for at inntektene frå 	2	2	4	Heradet har nytt ekstern kompetanse for å fastsetta inntekta frå Havbruksfondet gjennom økonomiplanperioden.

havbruksfondet vert endra som følge av forslag om grunnrenteskatt på fiskeoppdrett.				Det er uklart kva innverknad framlegg til statsbudsjett vil ha å seie for inntekta.
Andre overføringer	1	2	2	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Konsesjonsavgift <ul style="list-style-type: none"> Fastsett for 5 år om gangen, indeksregulering 	1	2	2	Alle kraftinntektsordningane til kommunane er under press. Dette kan påverkast politisk.
Overføringer <ul style="list-style-type: none"> Mva-kompensasjonsutgifter er lik inntektene 1-1 	1	2	2	
Overføringer <ul style="list-style-type: none"> Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vert fastsett i januar, med unntak av energiledd 	1	2	2	Justera budsjett ifm tertiarrapporteringa basert på oppdatert informasjon
Renteinntekter <ul style="list-style-type: none"> Avkastning på obligasjonar er berekna basert renteutviklinga i marknaden. Det er låg risiko for at renta skal falle dei nærmaste åra. 	1	2	2	Forvaltning av obligasjonar i tråd med reglement og rådgjeving frå meklar. Dersom marknadsrenta endrar seg vert ein reduksjon i obligasjonsinntektene utlikna av ein reduksjon i gjeldsrentene fordi ein stor del av gjelda har flytande rente.

Vedlegg og rettleiing til økonomiplanen

I kapittelet har link til vedlegg som Kvammabadet KF sitt budsjett og fondsoversikt. Her er også ei enkel rettleiing for korleis økonomiplanen er bygd opp.

Vedlegg til økonomiplanen

[Kvammabadet KF - Budsjett 2023](#)

[Fondsoversikt](#)

[Finansrapport per september 2022](#)

[Gjeldsrapport per september 2022](#)

Kva er budsjett og økonomiplan?

Det føljer av Kommunelova §14-3 at heradsstyret før årsskiftet skal vedta årsbudsjett for komande år og økonomiplan for dei neste fire åra.

Det er lovfesta at kommunane i Noreg skal ha ein økonomiplan som visar korleis langsigktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplanen skal visa prioriteringar og løyingar, og dei mål og vilkår som økonomiplanen er bygd på.

Økonomiplanen gjev altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Vidare vert det gjeve eit oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde).

Når økonomiplanen no skal reviderast er det gjort ei vurdering av rammevilkåra som:

- Skatt og rammetilskot
- Renter/avdrag
- Avgifter
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter
- Endringsbehov i tenesteområda

Ut frå dette vil det koma fram kva for økonomisk handlingsrom kommunen har for dei neste 4 åra. Alle beløp er presentert i 2023-kroner (ikkje indeksert for pris- og lønsvekst).

Økonomiplan for 2023-2026 byggjer på rammene frå Økonomiplan 2022-2025 og revidert budsjett per 2. tertial 2022.

Korleis finne fram i dokumentet?

Introduksjon

Her finn du kapitla som ikkje er direkte knytt til tala i budsjettet. Rådmann si innleiing, kva føresetnader som ligg til grunn for budsjettet, tema rundt Kvam herad som arbeidsgjevar og samfunnsutvikler, klimabudsjett og vedlegg til økonomiplanen.

Sentrale kapittel

Her finn du økonomikapitla. Budsjettvedtak har forslag til vedtak med obligatoriske tabellar. I justeringar og tiltak er alle nye tiltak i økonomiplanen oppsummert i ein tabell. I tillegg er det ein tabell over innsparingstiltak og ynskjer frå einingane som ikkje vart prioritert i rådmann sitt budsjettforslag.

Hovudtal i budsjettforslaget inneholder litt meir informasjon om utvalte tal i budsjettet.

Gebyrlista er forslag til prisar og gebyr for alle kommunale varer og tenester for 2023.

Tenesteområda i kommunen

Heradet er delt opp i 19 ulike tenesteområde. Frå dei store til dei heilt små.

På kvart område ligg det mykje informasjon om tenesta. Her finn du informasjon om eininga, kva prioriteringar dei har i planperioden og utvalte nøkkeltal.

Ein måltabell vert for første gong vist på det enkelte område. Heradet har i 2022 tatt i bruk Framsikt som verktøy for utarbeiding av planar. Måla kjem frå nye planar som er utarbeida i Framsikt eller frå gamle planar som er registrert i Framsikt.

I tabellen driftsbudsjett med endringar finn du oversikt over alle budsjettendringar som er gjort på tenesteområdet i forslag til budsjett 2023 og ØP 2024-2026. I tillegg er det oversikt over vedtaka gjort i tertial 2022 som har verknad vidare i økonomiplanen.

Tabellen ønska tiltak og ytterlegare innsparinger viser tiltak som tenesta har meldt inn i budsjettprosessen, men som det ikkje er funne plass til i budsjettforslaget.


Tabellen investeringsbudsjett viser alle prosjekt som er knytt til dette tenesteområdet. Det kan vere både nye og gamle prosjekt.

Samanheng mellom planstrategi, kommuneplanar, budsjett og økonomiplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera sine moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen. Langsiktigkeit i vedtak som gjeld budsjett og føringer for økonomiplanperioden krev tette koplinger til både kommuneplanar og fagplanar.

Planstrategien er eit verktøy for å styrke den strategiske planlegginga i kommunen, der ein set strategisk retning for planarbeidet i kommunen. Planstrategien skildrar kva planar det er behov for, i lys av utfordringane kommunen har og i lys av dei nasjonale og regionale føringerne.

Planstrategien er eit viktig verktøy for å vurdera planressursar, og den samla trøngen til kommunedelplanar, tema- og sektor (fag)planar, samt viktige offentlege reguleringsplanar.



Budsjettvedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak for rammene til budsjettet for 2023 og økonomiplan 2023-2026.

Framlegg til budsjettvedtak

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2023:

1. Økonomiske rammer

1. Budsjettet for er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til Kommuneloven § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).
2. Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenesteområda.
4. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale reknesaksstandardar.
5. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av bustader på inntil 10 mill.kr. per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.
6. Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjoner.
7. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).
8. Finansielle måltal for økonomiplanperioden vert sett til:
 1. Lånegjeld i prosent av driftsinntektene skal ikkje overstige 160%.
 2. Gjennomsnittleg netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 1,0 % av driftsinntektene i økonomiplanperioden.

2. Finans- og gjeldsfullmakter

1. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-018/21) vedteke 16.02.2021. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill.kr.
2. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærmare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2023 er budsjettert til 125,4 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar per 01.01.2023.
3. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 15,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).
4. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.

5. Det skal betalast 47,6 mill.kr i avdrag i 2023 på ordinære lån og 2,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinnelige vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset. Avsetnad på skattemargin skal vera 10%.

4. Egedomsskatt

Egedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft

Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år) i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med HST-070/20 – Strategi for sal av kraft. I samband med HST-vedtak 19/22 er inngåing av faste kontraktar midlertidig sett på vent i påvente av nytt vedtak i heradssyret.

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler

Møtegodtgjersle vert utbetalt i tråd med HST-027/19, «Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad», med unntak av godtgjersle til ordførar og varaordførar, som er endra til 95 % av godtgjersle til stortingsrepresentantar, og 20 % av ordførar si godtgjersle til varaordførar. Vilkåra gjeld ut heradsstyreperioden, og vert erstatta med nye vilkår etter kommunevalet hausten 2023.

7. Busetjing av flyktningar

Kvam herad skal ta i mot 30 flyktningar. Talet er inklusiv familiegjenforening.

8. Obligatoriske tabellar

Nedanfor fyljer obligatoriske tabellar, som i samsvar med kommunelova skal rapporterast i budsjett og økonomiplan.

Utfyllande informasjon

Alle kapitla inneholder utfyllende bakgrunnsinformasjon for budsjettvedtaket. Budsjettet inneholder også ei skildring av kvart tenesteområde. Det som er omtala i dei andre kapitla er også ein del av premissane for budsjettet.

Følgjande kapittel inneholder ei meir utfyllende forklaring på sjølve talgrunnlaget i budsjettvedtaket:

- Føresetnader og risikovurdering
- Hovudtal i budsjettframlegget
- Justeringar og tiltak
- Investeringar i økonomiplanen

§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-324 897	-312 682	-311 361	-331 147	-334 720	-335 027	-335 032
Inntekt- og formuesskatt	-267 315	-260 406	-277 803	-269 972	-273 981	-273 981	-273 981
Eigedomsskatt	-45 798	-40 000	-34 500	-43 500	-43 500	-43 500	-43 500
Andre generelle driftsinntekter	-120 580	-93 581	-269 231	-224 326	-143 100	-112 600	-112 600
Sum generelle driftsinntekter	-758 590	-706 669	-892 895	-868 945	-795 301	-765 108	-765 113
Korrigert sum løyingar drift, netto	644 332	659 027	784 450	813 442	701 452	669 415	669 029
Avskrivningar	50 234	47 533	47 533	51 967	51 967	51 967	51 967
Sum netto driftsutgifter	694 566	706 559	831 983	865 409	753 419	721 382	720 996
Brutto driftsresultat	-64 024	-110	-60 912	-3 536	-41 882	-43 726	-44 117
Renteinntekter	-4 250	-5 193	-6 505	-15 288	-16 313	-17 580	-17 596
Utbytte	-14 981	-14 100	-17 300	-17 300	-17 300	-17 300	-17 300
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-251	-200	-200	-200	-200	-200	-200
Renteutgifter	20 232	25 210	27 110	49 149	52 849	58 242	56 946
Avdrag på lån	40 000	43 200	43 200	47 650	47 800	47 400	47 400
Netto finansutgifter	40 751	48 918	46 305	64 011	66 836	70 562	69 249
Motpost avskrivningar	-50 234	-47 533	-47 533	-51 967	-51 967	-51 967	-51 967
Netto driftsresultat	-73 507	1 275	-62 140	8 508	-27 013	-25 131	-26 835
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	3 714	0	947	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	17 074	20 761	22 438	28 213	28 344	28 943	29 627
Bruk av bundne driftsfond	-15 478	-24 774	-27 388	-25 895	-16 988	-17 028	-16 946
Avsettingar til disposisjonsfond	73 268	25 570	124 808	65 699	58 494	47 493	47 492
Bruk av disposisjonsfond	-5 070	-22 832	-58 664	-76 525	-42 837	-34 277	-33 339
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	73 507	-1 275	62 140	-8 508	27 013	25 131	26 835
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Manglende oppsett	0	0	0	0	0	0	0
Finans og fellespostar	-30 452	-3 495	-11 440	7 430	-17 297	-21 418	-19 600
Styring og kontrollverksemde	5 015	5 276	5 427	5 823	5 486	5 916	5 530
Administrasjon	41 179	44 704	52 645	53 182	49 241	48 495	48 456
Barnehagar	88 998	92 833	99 993	97 738	96 517	98 101	98 101
Grunnskuleopplæring	160 456	164 205	173 500	190 041	193 324	186 485	184 204
Kommunehelse	43 148	36 788	40 891	40 987	41 001	41 439	41 640
Pleie og omsorg	234 822	224 500	237 878	237 360	242 799	240 774	242 241
Sosialteneste	24 155	28 300	33 689	35 220	27 559	27 779	27 886
Barnevern	18 265	23 407	26 237	26 064	25 451	25 683	25 809
Vatt og avlauv, avfall og renovasjon	-5 786	-7 336	-7 336	-13 875	-14 195	-14 274	-14 053
Plan og byggesak	6 462	6 906	7 268	6 826	6 391	6 605	6 706
Samfunn og utvikling	3 396	3 430	4 482	10 852	3 781	3 792	3 789
Kultur	24 569	24 795	25 224	26 786	24 834	24 259	23 993
Kulturbrygg	0	1	0	4	4	4	4
Kyrkja	5 750	6 395	6 395	6 113	6 113	6 113	6 113
Samferdsel	13 456	12 745	14 159	15 252	14 414	14 491	14 528
Bustad	701	-3 729	-54	1 524	-1 419	-2 028	-2 813
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	42 505	27 239	101 020	102 737	43 609	24 139	24 152
Brann- og ulykkesvern	12 857	11 388	11 738	11 870	11 356	11 487	11 535
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	731	2 073	799	823	836	484	487
Sum løvingar drift, netto	690 227	700 424	822 515	862 757	759 805	728 327	728 707
Av dette:							
Avskrivinger	50 234	47 533	47 533	51 967	51 967	51 967	51 967
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter	-6	318	355	-70	-70	-70	-70
Overføring til investering	3 714	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	9 712	15 861	17 538	23 313	23 444	24 043	24 727
Bruk av bundne driftsfond	-15 478	-22 274	-27 388	-25 895	-16 988	-17 028	-16 946
Avsetninger til disposisjonsfond	32	0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-2 312	-40	27	0	0	0	0
Korrigert sum løvingar drift, netto	644 332	659 027	784 450	813 442	701 452	669 415	669 029

§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Investeringar i varige driftsmidlar	92 201	266 347	326 109	117 082	67 958	25 888	25 388
Tilskot til andre sine investeringar	27	0	100	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5 293	2 500	2 059	2 500	2 500	2 500	2 500
Utlån av eigne midlar	7 558	15 000	56 100	15 000	15 000	15 000	15 000
Avdrag på lån	2 914	2 500	3 000	2 500	2 500	2 500	2 500
Sum investeringsutgifter	107 994	286 347	387 368	137 082	87 958	45 888	45 388
Kompensasjon for meirverdiavgift	-13 252	-46 144	-52 566	-14 819	-10 143	-2 773	-2 798
Tilskot frå andre	-19 426	-36 765	-52 750	-7 887	-5 915	0	0
Sal av varige driftmidde	-1 041	4 427	-3 475	-7 900	-1 100	-1 100	-1 100

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-6 837	-2 200	-5 000	-2 200	-2 200	-2 200	-2 200
Bruk av lån	-62 169	-159 598	-217 511	-108 451	-60 715	-30 015	-29 490
Sum investeringsinntekter	-102 727	-240 281	-331 302	-141 257	-80 074	-36 088	-35 588
Overføring frå drift	-3 714	0	-932	0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	4 443	0	3 100	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-385	-19 725	-35 455	-425	-300	-300	-300
Avsetningar til ubunde investeringsfond	6 594	-19 961	200	14 100	1 915	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-12 205	-6 380	-22 979	-9 500	-9 500	-9 500	-9 500
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-5 267	-46 066	-56 066	4 175	-7 885	-9 800	-9 800
Framført til inndeckning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Finans og fellespostar								
Andre investeringar	219	0	0	0	0	0	0	0
Sum Finans og fellespostar	219	0	0	0	0	0	0	0
Administrasjon								
IT-investeringar 2021	1 645	0	0	0	0	0	0	0
IT-investeringar - årlege	0	1 800	1 800	1 800	1 800	1 800	1 800	7 200
Skjermar HST	0	0	313	0	0	0	0	0
Tilfluktsrom/arkivrom	396	0	727	0	0	0	0	0
Deponering av elektronisk arkiv	0	313	188	200	0	0	0	200
Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus	0	350	350	0	0	0	0	0
Oppgradering arkivsystem	445	0	0	0	0	0	0	0
Digitalisering eigedomsarkiv	1 169	0	706	625	0	0	0	625
Sum Administrasjon	3 655	2 463	4 082	2 625	1 800	1 800	1 800	8 025
Barnehagar								
Nye PCar Barnehage	0	188	188	0	0	0	0	0
0* Barnehage - inventar og utstyr - årleg	0	0	0	188	188	188	188	750
Deling av Øystese barnehage, del 3, vegomlegging	0	3 875	3 875	0	0	0	0	0
Deling av Øystese barnehage, del 4	0	1 875	1 875	141	0	0	0	141
Deling av Øystese barnehage, del 1, innveding oppgradering	2 733	0	300	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Deling av Øystese barnehage, del 2, tilbygg	1 453	8 500	9 547	0	0	0	0	0
0*Bjørketeigen - oppgradering tak	0	0	0	1 875	0	0	0	1 875
Sum Barnehagar	4 185	14 438	15 785	2 204	188	188	188	2 766
Grunnskuleopplæring								
IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	2 444	1 688	1 538	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
0* PC til tilsette i skule og bhg - årleg	0	0	0	750	750	750	750	3 000
0* Skule - inventar og utstyr - årleg	0	0	0	188	188	188	188	750
Kommunale funksjonar i Kvam VGS	405	25 875	14 049	6 250	25 428	0	0	31 678
ENØK tiltak kommunale bygg	0	2 500	2 500	0	0	0	0	0
0*ENØK - Tørvikbygd gymsal - varmepumpe	0	0	0	156	0	0	0	156
Skulekjøken Øystese skule	5 877	0	0	1 250	0	0	0	1 250
Heissjakt Øystese barneskule	0	1 250	150	0	0	0	0	0
Varmepumpe Ålvik Skule	0	1 875	1 875	0	0	0	0	0
Forprosjekt Øystese barneskule	0	199	0	0	0	0	0	0
Varmepumpe Kvam	0	625	2 625	0	0	0	0	0
Ungdomsskule								
Tak på idrettsbygget Ålvik skule	0	0	1 500	0	0	0	0	0
0*Mellombels lokaler	0	0	100	500	275	0	0	775
Vaksenopplæringa								
Norheimsund skule - uteområde	0	482	482	0	0	0	0	0
Ombygging Øystese barneskule	0	0	687	-13	0	0	0	-13
Sum Grunnskuleopplæring	8 727	34 494	25 506	10 581	28 141	2 438	2 438	43 596
Kommunehelse								
Oppgradering fagsystem Gerica	0	150	150	0	0	0	0	0
Sum Kommunehelse	0	150	150	0	0	0	0	0
Pleie og omsorg								
Velferdteknologi - årleg	121	1 250	4 166	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
Nye PCar pleie og omsorg	0	300	300	0	0	0	0	0
Dagsenter Strandebarm	0	750	750	0	0	0	0	0
Dagsenter Øystese	16	0	-3	0	0	0	0	0
0*Sansehage Toloheimen	0	1 950	450	3 250	0	0	0	3 250
Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg 2020-2024	1 035	1 000	1 412	3 200	3 200	0	0	6 400
0*ENØK - Øysteseheimen ventilasjon	0	0	0	0	625	0	0	625
Utbygging av Strandebarm Omsorg	13 513	114 931	117 418	14 625	0	0	0	14 625
Tolomarka bufellesskap	13 728	0	2 000	0	0	0	0	0
Legionellastyring institusjonar	0	500	500	0	0	0	0	0
Oppgradering trygdebustader Ålvik	0	5 156	5 156	0	0	0	0	0
Garderobeanlegg Helse	0	125	1 750	0	0	0	0	0
0*Toloheimen - takbyte	0	0	0	1 875	0	0	0	1 875
Sum Pleie og omsorg	28 413	125 962	133 899	24 200	5 075	1 250	1 250	31 775
Sosialteneste								
NAV lokaler	0	0	9 950	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Sum Sosialteneste	0	0	9 950	0	0	0	0	0
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon								
Ny vassleidning, Fosse	6	2 200	394	4 551	0	0	0	4 551
Oppgradering av VA-leidningskart	538	1 000	1 000	1 067	0	0	0	1 067
Utskifting av hovedvassleidning Skålheim - Mo i Øystese	24	2 000	1 360	1 500	0	0	0	1 500
Fornying teknisk utstyr VAR 2021	131	0	0	0	0	0	0	0
Oppgradering membran Strandebarm vassverk	1 020	0	0	0	0	0	0	0
Fornying teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt	0	500	869	500	500	500	500	2 000
Ny pumpestasjon P5, Tolo	14	1 368	300	4 154	0	0	0	4 154
Reinseanlegg/overføring Vikøy	54	1 400	0	1 446	4 144	0	0	5 590
Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	339	0	827	0	0	0	0	0
Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	347	1 300	1 091	1 800	1 200	0	0	3 000
Reserveforsyning vatn	516	880	422	350	0	0	0	350
VA-pumpestasjon ved Fartøyvernenteret	17	370	2 724	0	0	0	0	0
Kloakksanering Ålvik	173	0	2 000	0	0	0	0	0
Opning av dam på Solhaug	193	0	0	0	0	0	0	0
Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen	3 804	0	472	0	0	0	0	0
Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup	526	600	711	600	600	600	600	2 400
Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn	625	1 500	1 984	2 000	2 000	2 000	1 500	7 500
Oppgradering av reduksjonskummar - årleg	357	800	2 448	1 800	800	800	800	4 200
VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule	1 199	700	501	0	0	0	0	0
VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese	43	900	1 182	0	0	0	0	0
VA-sanering norheim del III	1 450	10 220	13 200	0	0	0	0	0
Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes	1 820	2 000	3 680	0	0	0	0	0
Høgdebasseng Torpe	5 855	2 000	1 853	0	0	0	0	0
Movatnet pumpeløft	6	2 500	3 694	1 300	0	0	0	1 300
Tolo reinseanlegg - byte av sil	37	340	252	0	0	0	0	0
Ny vassleidning Børve	567	0	286	0	0	0	0	0
Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås	0	100	200	0	0	0	0	0
Ny avløpsbil med lasteplan og ein liten kran.	0	750	0	750	0	0	0	750
Sanering Børveneset , prosjektering	0	200	200	600	0	0	0	600
Vannkiosk Øystese	0	0	650	0	0	0	0	0
Overvatn	0	0	0	11 670	0	0	0	11 670
Norheim/Mjølstølvegen	0	0	0	500	0	0	0	500
0*Prosjektering Nytt inntak frå Forsete og opp i Kalderassen	0	0	0	500	0	0	0	500

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
0*Prosjektering Øvre Valland/Vallandshovden	0	0	0	200	0	0	0	200
0* Sanere deler av avløpsnettet i Vikøy	0	0	0	200	0	0	0	200
Sum Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	19 662	33 628	42 299	34 987	9 244	3 900	3 400	51 532
Plan og byggesak								
0/1*Prosjekt Kvamsøy	0	0	99	0	0	0	0	0
Utomhus Norheimsund skule, rådhus og KFL	0	625	625	0	0	0	0	0
0* Oppdaterte kart	0	0	725	725	0	0	0	725
Sum Plan og byggesak	0	625	1 449	725	0	0	0	725
Samfunn og utvikling								
Utfylling i sjø - Øystese sentrum	5 623	0	0	0	0	0	0	0
Dagsturhytte	392	0	0	0	0	0	0	0
Sum Samfunn og utvikling	6 015	0	0	0	0	0	0	0
Kultur								
0* Storeteigen - opprustning	0	0	0	763	0	0	0	763
Vaskerobot Øystese Idrettshall	0	938	938	0	0	0	0	0
Ny varmepumpe Norheimsund idrettshall	0	1 125	1 125	0	0	0	0	0
0*	0	0	0	425	0	0	0	425
Fartøyvernsenter/Solheimstunet - pumpestasjon								
0* Reinhalde - innkjøp 4 iMop	0	0	0	250	0	0	0	250
Sjølvbeteningsløysing Ålvik bibliotek	0	0	1	312	0	0	0	312
Sum Kultur	0	2 063	2 063	1 750	0	0	0	1 750
Samferdsel								
Asfaltering 2021	1 929	0	0	0	0	0	0	0
Fornying teknisk utstyr 2021	1 157	0	0	0	0	0	0	0
Asfaltering - årleg prosjekt	0	1 875	2 625	3 125	3 125	3 125	3 125	12 500
Fornying teknisk utstyr - årleg	0	625	831	1 250	625	625	625	3 125
Riving av bustadhus og omlegging av kommunal veg i Øystese	0	638	638	0	0	0	0	0
0*Tilrettelegging av elbillading for kommunale køyretøy	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250
Veg Sandvenhagen/Sæland	817	7 988	12 932	0	0	0	0	0
Trafikksikringsplan - årleg	124	375	626	375	375	375	375	1 500
Kryss Tolo - Buspareklubben	6	0	0	0	7 198	0	0	7 198
Utskifting til LED i veglys	331	0	0	0	0	0	0	0
Kommunale bruer - årleg	122	313	313	313	313	313	313	1 251
Rassikringstiltak - årleg	479	1 875	4 346	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Oppgradering av kommunale kaiar	4 800	0	3 722	0	0	0	0	0
0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg	710	625	72	625	625	625	625	2 501
Uteområde Sandven drenering /asfaltering	177	625	198	250	0	0	0	250
Overvassleidning Norheimshagen	0	1 100	1 100	0	0	0	0	0
Gatelys i Tørvikbygd	0	0	100	400	0	0	0	400

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
0* Varmepumpe Sandven	321	0	29	0	0	0	0	0
Sum Samferdsel	10 973	16 038	27 529	9 463	14 136	6 938	6 938	37 475
Bustad								
Bustader tom 2022	0	2 125	16 125	0	0	0	0	0
Bustader 2023	0	0	0	8 125	0	0	0	8 125
Bustader 2024	0	0	0	0	8 125	0	0	8 125
Bustader 2025	0	0	0	0	0	8 125	0	8 125
Bustader 2026	0	0	0	0	0	0	8 125	8 125
0*ENØK - Oppgradering eksisterande ventilasjon	0	0	0	1 100	0	0	0	1 100
Mikkjelsflaten								
Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	239	1 850	500	1 511	0	0	0	1 511
Modulbustader til ROP	0	1 875	0	1 875	0	0	0	1 875
Oppgradering bygg 2021	889	0	361	0	0	0	0	0
Brannsikring trygdebustad	0	450	500	0	0	0	0	0
Hatlevegen								
Oppgradering bygg -årleg prosjekt	0	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
0* Felles brannsikringstiltak	0	0	0	13 750	0	0	0	13 750
Sum Bustad	1 128	7 550	18 736	27 611	9 375	9 375	9 375	55 736
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft								
Hardangerbadet	46	0	0	0	0	0	0	0
Komp.midlar veg skjering Bakka	5 212	0	0	0	0	0	0	0
Infrastruktur ind.område	6	0	0	0	0	0	0	0
Sandvenhagen del II								
Sum Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	5 264	0	0	0	0	0	0	0
Brann- og ulykkesvern								
Forprosjekt KVBR	181	0	0	0	0	0	0	0
Brannstasjon KVBR	3 672	23 100	38 203	0	0	0	0	0
Vasstankbil KBR	105	5 525	5 520	0	0	0	0	0
Redningsutstyr Oma	0	313	313	0	0	0	0	0
Brannstasjon								
Utviklingskostnadar Naudsentral	0	0	625	0	0	0	0	0
0* Etablering av feietenesta	0	0	0	2 938	0	0	0	2 938
Sum Brann- og ulykkesvern	3 959	28 938	44 660	2 938	0	0	0	2 938
Investeringar i varige driftsmidlar	92 201	266 347	326 109	117 082	67 958	25 888	25 388	236 316

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023-2026
Overføring til andre (inv)	0	0	100	0	0	0	0	0
Dagsturhytte	27	0	0	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023-2026
Tilskot til andre sine investeringar	27	0	100	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023-2026
Kjøp av aksjer og andeler	1 893	2 500	2 059	0	0	0	0	0
Eigenkapital KLP 2023	0	0	0	2 500	0	0	0	2 500
Eigenkapital KLP 2024	0	0	0	0	2 500	0	0	2 500
Eigenkapital KLP 2025	0	0	0	0	0	2 500	0	2 500
Eigenkapital KLP 2026	0	0	0	0	0	0	2 500	2 500
Andre investeringar	3 400	0	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5 293	2 500	2 059	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000

4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023-2026
Husbanklån	7 558	15 000	56 100	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Utlån av eigne midlar	7 558	15 000	56 100	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Sum del 1-4	105 080	283 847	384 368	134 582	85 458	43 388	42 888	306 316

Hovudtal i budsjettforslaget


§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-324 897	-312 682	-311 361	-331 147	-334 720	-335 027	-335 032
Skatt på inntekt og formue	-267 315	-260 406	-277 803	-269 972	-273 981	-273 981	-273 981
Eigedomsskatt	-45 798	-40 000	-34 500	-43 500	-43 500	-43 500	-43 500
Andre skatteinntekter	-4 774	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400
Andre overføringer og tilskot frå staten	-116 080	-89 569	-265 219	-219 568	-138 342	-107 842	-107 842
Overføringer og tilskot frå andre	-139 129	-102 281	-109 322	-104 282	-103 155	-102 855	-102 855
Brukarkbetalingar	-29 446	-29 945	-30 185	-28 803	-28 260	-28 674	-29 212
Sals- og leigeinntekter	-99 285	-102 371	-121 734	-146 645	-140 198	-140 703	-140 861
Sum driftsinntekter	-1 026 724	-941 654	-1 154 524	-1 148 317	-1 066 556	-1 036 982	-1 037 683
Utgifter til løn	486 754	490 656	513 767	529 560	512 542	501 911	501 270
Sosiale utgifter	125 710	131 262	136 290	145 133	143 946	146 469	155 083
Kjøp av varer og tenester	175 404	175 067	207 597	209 857	189 800	185 850	178 186
Overføringer og tilskot til andre	124 598	97 028	188 425	208 264	126 420	107 061	107 061
Avskrivningar	50 234	47 533	47 533	51 967	51 967	51 967	51 967
Sum driftsutgifter	962 699	941 545	1 093 612	1 144 781	1 024 673	993 256	993 566
Brutto driftsresultat	-64 024	-110	-60 912	-3 536	-41 882	-43 726	-44 117
Renteinntekter	-4 250	-5 193	-6 505	-15 288	-16 313	-17 580	-17 596
Ubytte	-14 981	-14 100	-17 300	-17 300	-17 300	-17 300	-17 300
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-251	-200	-200	-200	-200	-200	-200
Renteutgifter	20 232	25 210	27 110	49 149	52 849	58 242	56 946
Avdrag på lån	40 000	43 200	43 200	47 650	47 800	47 400	47 400
Netto finansutgifter	40 751	48 918	46 305	64 011	66 836	70 562	69 249
Motpost avskrivningar	-50 234	-47 533	-47 533	-51 967	-51 967	-51 967	-51 967
Netto driftsresultat	-73 507	1 275	-62 140	8 508	-27 013	-25 131	-26 835
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	3 714	0	947	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	17 074	20 761	22 438	28 213	28 344	28 943	29 627
Bruk av bundne driftsfond	-15 478	-24 774	-27 388	-25 895	-16 988	-17 028	-16 946
Avsettingar til disposisjonsfond	73 268	25 570	124 808	65 699	58 494	47 493	47 492
Bruk av disposisjonsfond	-5 070	-22 832	-58 664	-76 525	-42 837	-34 277	-33 339
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	73 507	-1 275	62 140	-8 508	27 013	25 131	26 835
Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

Fordeling av heradet sine driftsinntekter i 2023

Staten påverkar i stor grad inntektpostane til kommunen i form av skatt og rammetilskot. I tillegg styrer staten inntekter gjennom enten direkte fastsettning som pris på barnehageplass og satsar for pleie- og omsorgstenester, eller gjennom lovverk som husleigelova og eigedomsskattelova og regelverk for sjølvkostområde.



Rammetilskotet på 331 MNOK er det årlege tilskotet fra Staten. Dette utgjer 29% av kommunen sine årlege driftsinntekter.

Inntekts- og formuesskatt er budsjettet til 270 MNOK som utgjer 24%, men kan svinga noko avhengig av kor mykje skatt som til ein kvar tid vert betalt.

Eigedomskatten er den største inntektposten som kommunen sjølv kan påverka. I 2023 er denne budsjettet til 43,5 MNOK eller 4% av driftsinntektene.

Andre skatteinntekter er konsesjonsavgift på 4,4 MNOK årleg, knytt til kraftverksemda i kommunen. Denne utgjer 0,4% av driftsinntektene.

Andre overføringer og tilskudd frå staten. Det som utgjer dei største andelane er sal av heimfallskraft, vertskommunetilskot, IMDI tilskot til NAV og inntekter på havbruksfond. Samla utgjer dette 220 MNOK.

Overføringer og tilskot frå andre utgjer 104 MNOK. Her ligg inntekter frå sjukelønnsrefusjon, momskompensasjon, tilskot for ressurskrevjande brukarar og refusjonar IMDI, udir og HELFO. I tillegg inneholder posten spelemidlar og andre tilskot og overføringer frå private, kommunar, fylket og staten.


Brukarbetalingane kjem med få unntak frå oppvekst og pleie og omsorg. Nokon av satsane kan kommunen sjølv fastsetje, men det meste er fastsett av lovverk. I tillegg til betaling for barnehage, SFO og pleie- og omsorgstenester er det betaling for kulturskule, feriekubb og eigenandel legevakt og fysioterapi. Samla utgjer dette 29 MNOK

Salgs- og leigeinntekter består av kommunale gebyr, sal av konsesjonskraft, husleigeinntekter, sal av mat, kinobillettar og purregebyr. Dette utgjer 147 MNOK.

Totalt utgjer kommunen sine inntekter 1.148 MNOK av dette er 225 MNOK knytt til sal av kraft.

Fordeling av heradet sine driftsutgifter i 2023

Driftsutgiftene gjer oversikt over kommunen sine utgifter som gjeld drifta.



Lønn og sosiale utgifter er budsjettert til 675 MNOK. Dette utgjer 59 % driftsutgiftene til kommunen. Lønnsutgifter inneholder alt av fastlønn, tillegg, vikarutgifter, godgjersler, frikjøp, introduksjon- og kvalifiseringsstønad, skyssgodtgjersle og utgiftsdekning fosterheim. Sosiale kostnader pensjon, premieavvik, gruppelivsforsikring og arbeidsgjevaavgift.


Kjøp av varer og tenester utgjer 210 MNOK og inneholder alle kjøp kommunen gjer for å kunne driva dei kommunale tenestene. Det er utgifter til produksjon av pleie- og omsorgstenester og grunnskule som krev mest. Kommunehelse er det tredje største tenesteområdet.

Overføringer og tilskot til andre utgjer 208 MNOK og inneholder utgifter knytt til heimfalls- og konsesjonskraft og utbetaling av næringstilskot. Dei neste store postane er sosialhjelp, tilskot til kultur og idrett og tilskot til kyrkja.

Avskrivingane er berekna kostnad knytt til bruk (slit og elde) på kommunen sine eigedelar. Dette ligg som ein utgiftspost, men vert trekt ut att av driftsrekneskapen før utrekning av netto driftsresultat. I den

kommunale rekneskaperen er det i staden lâneavdrag og renter som vert kostnadsført. Totalt utgjer avskrivingane 52 MNOK og 5% av driftskostnadene.

Tabellen nedanfor syner korleis driftsutgiftene er fordelt på dei ulike kommunale tenesteområda. Detaljert informasjon på tenesteområdenivå ligg i kapitla på "Tenesteområda i kommunen".



Rammetilskot og skatt

	Rekneska p 2020	Rekneska p 2021	Budsjet t 2022	Budsjet t 2023	Budsjet t 2024	Budsjet t 2025	Budsjet t 2026
Rammetilskot Distriktilskot Sør- Norge	6 597	6 789	6 792	7 068	7 042	7 042	7 042
Rammetilskot Inntektsutjamnand e	21 303	23 795	31 502	23 857	21 285	21 285	21 285
Rammetilskot Ordinært	277 143	270 859	267 039	303 822	306 393	306 700	306 705

Rammetilskot Skjønsdel	6 300	5 000	4 600	4 000	-	-	-	-
Ekstra tilskot - korona	9 732	18 312	1 428	-	-	-	-	-
Andre øyremerka rammetilskot	4 025	141	-	-	-	-	-	-
Rammetilskot reduksjon kraft	-	-	-	- 7 600	-	-	-	-
Rammetilskot totalt	325 099	324 896	311 361	331 147	334 720	335 027	335 032	
Skatt og inntekt på formue	233 625	267 315	277 803	269 972	273 981	273 981	273 981	
Skatt og rammetilskot totalt	558 724	592 211	589 164	601 119	608 701	609 008	609 013	

Budsjett på rammetilskot vert berekna ut frå Statsbudsjett og KS sin siste tilgjengelege prognose.

Eigedomsskatt

	Rek 2018	Rek 2019	Rek 2020	Rek 2021	Rek 2022	bud 2023	bud 2024	bud 2025	bud 2026
Eigedomsskatt bustad og fritid	25 090	25 376	25 009	24 904	19 600	23 500	23 500	23 500	23 500
Eigedomsskatt næring	15 097	15 648	18 829	20 894	18 578	20 000	20 000	20 000	20 000
	40 187	41 025	43 838	45 798	38 178	43 500	43 500	43 500	43 500

Alle eigedomar vart retaksert i 2021. Den totale totale eigedomsskatten på budstad og fritid var før takseringa på 25 mnok. Det totale nivået vart vidareført etter takseringa. I budsjett 2022 gjorde HST eit vedtak om å innføre eit botnfrådrag på 200 000,- og å redusere promillen frå 3,2 til 3.

I budsjettet for 2023 er botnfrådraget fjerna, men Rådmann foreslår å halde promillen på 3 i 2023 og resten av økonomiplanperioden. Dette utgjer ein total eigedomsskatt på bustad og fritid på 23,5 mnok.

På næring er promillen på 7, som er maksimal sats.


Langsiktig gield uten lån til vidareutlån



Tabellen viser langsiktig gjeld i perioden 2016 til 2028. Det er sannsynleg at lånebehovet vil verta større enn det som er budsjettert i økonomiplanperioden.

Netto finansutgifter

Netto finansutgifter er ein grafisk framsyning av tabell § 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3) og illustrerer resultatet av det som vert definert som finanzielle transaksjonar.



Figuren syner utviklinga i **Finansresultatet** over tid, frå 2017 og fram til utløpet av økonomiplanperioden. Det store biletet er at negativt netto finansresultat (som i tabell §5-6 vert kalla **Netto finansutgifter**) frå å ha lege på ca 40 MNOK årleg vil auka til meir enn 60 MNOK frå og med 2023. Det er det særleg auken i årlege renteutgifter som saman med auka avdrag forklarer den negative netto effekten på meir enn 20 MNOK. Finansinntektene aukar og som fylgje av renteauken, men investeringane er diverre lågare enn gjelda.

Renteinntekter er renter på bank, vidareutlån, obligasjonar og rente på uteståande krav.

Utbytte kjem frå BKK, Kvam Energi og BIR.

Renteutgifter er i hovudsak renter knytt til lånegjelda inkludert Husbankgjelta.

Avdrag på lån er minimumsavdraga som er pålagt i kommunelova.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat framkjem ved at **Brutto driftsresultat** vert frådregne det negative **Finansresultatet** og deretter korrigert for **Motpost avskrivningar**.

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026
Brutto driftsresultat	-64 024 337	-109 575	-3 536 192	-41 882 192	-43 725 779	-44 117 306
Netto finansutgifter	40 750 586	48 917 500	64 010 928	66 835 679	70 561 898	69 249 386
Motpost avskrivningar	-50 233 678	-47 532 677	-51 966 721	-51 966 721	-51 966 721	-51 966 721
Netto driftsresultat	-73 507 429	1 275 248	8 508 015	-27 013 234	-25 130 602	-26 834 641

Netto driftsresultat for Kvam herad viser netto meirforbruk (underskot) i 2023, men går over til eit netto mindreforbruk (overskot) i 2024, 2025 og 2026.

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Disponering eller dekning av netto driftsresultat syner korleis kommunen disposerer meir- eller mindreforbruket i Netto driftsresultat.

Ved mindreforbruk overførast midlar til frie og bundne fond og ved meirforbruk må midlar overførast frå fonda for å syta for at kommunerekneskapen gjerast opp med nullresultat i samsvar med kommunelova.

Om det nyttast frie eller bundne fond er avhengig av både rekneskapsreglar og tidlegare vedtak i heradsstyret.

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026
Overføring til investering	3 714 450	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	17 073 555	20 760 606	28 212 554	28 344 377	28 942 741	29 626 821
Bruk av bundne driftsfond	-15 478 173	-24 773 568	-25 894 998	-16 988 280	-17 027 787	-16 945 673
Avsettingar til disposisjonsfond	73 267 775	25 570 040	65 699 212	58 494 470	47 492 524	47 492 035
Bruk av disposisjonsfond	-5 070 178	-22 832 329	-76 524 782	-42 837 333	-34 276 876	-33 338 542
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	73 507 429	-1 275 251	-8 508 015	27 013 234	25 130 602	26 834 641


Tala syner ei netto bruk av midlar til fond på omlag 8,5 MNOK i 2023, medan 2024-26 viser netto tilførsel av fondsmidlar på om lag 25 MNOK årleg

Økonomiske nøkkeltal og utvikling i planperioden

Kva krav som vert stilt til finansielle måltal vert bestemt kvart år i samband med arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Som ein vidareføring av vedtak HST 142/19, er det lagt følgjande måltal til grunn for økonomiplanperioden 2023-2026:

1. Lånegjeld i prosent av driftsinntektene skal ikkje overstiga 160%.
2. Gjennomsnittleg netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 1,0 % av driftsinntektene i økonomiplanperioden.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Grafen syner at nøkkeltalet i 2023 er budsjettert til -0,7%. Frå og med 2024 ligg budsjettert nivå på om lag 2,5%. Gjennomsnitt for økonomiplanperioden ligg nøkkeltalet på 1,6%. Dette er betydeleg over måltalet på 1,0%.


Rådmannen er ikkje nøgd med å legga fram eit budsjett med lågare netto driftsresultat enn 1 % i 2023, men meiner likevel at dette er forsvarleg av følgjande årsaker:

- inntektene er nøkternt vurdert, og har føregåande år vorte til dels vesentleg høgare enn budsjettert
- det negative resultatet er forbigeåande
- kommunen har opparbeidd seg tilstrekkelege midlar på disposisjonsfond til å handtera eit eventuelt driftsunderskot i 2023
- det ligg allereie inne ein del innsparingskrav i økonomiplanen som krev administrative ressursar for å få realisert


Det er likevel ikkje tvil i at den økonomiske er sterkt avhengig av dei høge kraftprisane og det er viktig å halda god budsjettdisiplin og unngå å auke dei faste utgiftene basert på midlertidig høge inntekter. I tillegg må organisasjonen arbeida med å finna meir berekraftige måtar å levera tenestene på i framtida, ikkje minst ut frå tilgang på arbeidskraft.

Lånegjeld i % av driftsinntektene

Figuren syner utviklinga i lånegjeld for Kvam herad. Tala inkluderer all gjeld unntake lån til vidare utlån (Husbanken). Alle vedtekne prosjekt, inkludert sjølvkostprosjekt er inkludert og estimert lånebruk i økonomiplanperioden ligg til grunn.



Kvam herad har eit finansielt måltal som seier at lånegjeld ikkje skal overstige 160 % av driftsinntektene.



I følge grafen er ligg heradet innanfor kravet med grei margin. Dette skuldast den store auken i kraftprisane som gjer at driftsinntektene skyt i veret. I 2023 er til dømes kraftinntektene budsjettert til 225 MNOK. Om ein trekk ut desse inntektene frå nøkkeltalet vert det 141%. Dersom ein legg til grunn 50 MNOK som ein meir "normal" kraftinntekt, så vert nøkkeltalet 134%. Uansett ligg heradet innanfor målet. Men, det er begrensa rom for å ta inn nye investeringsprosjekt i økonomiplanperioden.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021 Opph. 2022	Opph. Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
					2023	2024	2025	2026
					2023	2024	2025	2026
skatt på inntekt og formue	-267 315	-260 406	-277 803	-269 972	-269 972	-273 981	-273 981	-273 981
Ordinært rammtilskudd	-324 897	-312 682	-311 361	-338 747	-331 147	-334 720	-335 027	-335 032
Skatt på eidegod	-45 798	-40 000	-34 500	-43 500	-43 500	-43 500	-43 500	-43 500
Andre generelle statstilskudd	-25 876	-40 231	-48 231	-44 926	-44 926	-38 700	-30 200	-30 200
Konsekjonsavgift	-4 774	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400
Sum frie inntekter	-668 660	-657 719	-676 295	-701 545	-693 945	-695 301	-687 108	-687 113

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph. bud. i fjor 2021	Rev. bud. i fjor 2022	Rev. bud. 2023	Økonomiplan			
					2023	2024	2025	2026
					2022			
Pensjon	54 541	56 143	61 210	60 742	60 742	64 449	69 757	76 036
Sum sentrale utgifter	54 541	56 143	61 210	60 742	60 742	64 449	69 757	76 036

Justeringer og tiltak

Her finn de ei oversikt over alle justeringar og tiltak som er innarbeidd i budsjett og økonomiplan.

Tabellane viser forslag til budsjett 2023 til 2026. Budsjett 2023 var vore ein del av økonomiplanen sidan budsjett 2019. Det betyr at økonomiplanåret 2023 har vorte justert med varige endringar i fleire budsjettprosessar tidlegare. Budsjettendringar som for eksempel vart gjort i tertial 2022 har fleire tilfelle også hatt verknad for 2023 og vidare i ØP.

På same måte vert det i dette budsjettet gjort endringar som har verknad på budsjettetramma for 2024-2026.

Det som vert trekt fram i dette dokumentet er dei nye tiltaka. Det vil sei endringane mellom det som var ramma i 2023 etter 2.tertial 2022 og det som er ramma i 2023 etter siste justering av budsjett 2023.

Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2023 - 2026

Totaloversikt over alle justeringar og nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2023 - 2026 (tal i tusen)

Tiltak	Bud. 2023	Bud. 2024	Bud. 2025	Bud. 2026	Kommentar
Andre generelle statstilskudd	- 14 500	-	-	-	Statleg tilskot for ekstrainntak ifbm flyktningkrisa
Auka behov bemanning pleie og omsorg	1 600	1 000	1 000	1 000	Behov for ekstraressursar på ulike avdelingar i PLO
Auka drivstoffprisar i 2023	140	-	-	-	Prisjustering av budsjett på drivstoff
Auka grunnbemanning Helse og omsorg	3 000	3 000	-	-	Politisk vedtak om å auke grunnbemanning i PLO
Bustadkoordinator	800	800	800	800	Ny stilling, bustadkoordinator
Ekstrainntak flyktning	7 600	-	-	-	Utgifter knytt til ekstrainntak ifbm flyktningkrisa
Erfaringskonsulent	300	300	300	300	Stilling som erfaringskonsulent har tidlegare vore finasert av øyremerka midlar.

Ferievikar legkontor	150	150	150	150	Endringar i fastlegeordning pga rekrutteringsutfordringar.
Legestruktur	1 571	1 571	1 571	1 571	Endringar i fastlegeordning pga rekrutteringsutfordringar.
Naudnett	50	50	50	50	Prisauke på avtale
Inventar heildøgn	70	70	70	70	Auke i inventarbudsjett i helse
Fjerne gammalt innsparingskrav	400	400	400	400	Fjerna gammalt innsparingskrav frå langt tilbake i tid.
Kjøp av plass i andre kommunar	350	350	350	350	Prisauke på avtale
Interkommunal legevakt	300	300	300	300	Prisauke på avtale
Krisesenter	200	200	200	200	Prisauke på avtale
Omsorgspartner Vestland	50	50	50	50	Prisauke på avtale
Fysioterapeut - Oppjustering av driftsheimel til 50% driftstilskot	125	125	125	125	Fysioterapeut - Oppjustering av driftsheimel til 50% driftstilskot
Prisauke mat	- 1 091	- 1 091	- 1 091	- 1 091	Auka budsjett på inntekt sal av mat pga prisauke.
Viareføring H126 ernæringsfysiolog	500				Viareføring H126 ernæringsfysiolog
Tilskot til etablering og tilpasning - NAV	500	-	-	-	Auke i tilskot til etablering og utbetring av bustad. Tilskot fordelt etter søknad.
To ALIS	831	831	831	831	Endringar i fastlegeordning pga rekrutteringsutfordringar.
Vikarutgift kommuneoverlege	620	-	-	-	Endringar i fastlegeordning pga rekrutteringsutfordringar.
Helse Totalt	3 566	8 106	5 106	5 106	

Arbeidskle barnehage og SFO jfr framforhandla avtale	50	50	50	50	Auka ramme på årleg innkjøp av arbeidskle til barnehagertilsette.
Auka drivstoffprisar i 2023	10	-	-	-	Prisjustering av budsjett på drivstoff
Auke elevar med omfattande tilretteleggingsbehov skule	1 300	2 800	-	-	Stillingsressursar til å dekke auke i elevar med omfattande tilretteleggingsbehov skule
Auke i digitale lisensar Oppvekst	550	550	550	550	Auke i lisensar på fag- og kommunikasjonsprogram, kartleggingsvertøy og læreverk.
Auke i omsorgstiltak Barnevern	1 000	1 000	1 000	1 000	Ny varig kostnad i barnevernet
Auke ressurs på helsestasjon for flyktninger frå Ukraina	160	-	-	-	Auka ressurs på helsestasjon i 2023 i samband med mottak av flyktningar frå Ukraina
Auke sjukevikar barnehage	685	685	685	685	HST vedtak om å auka grunnbemannning dekkjer ikkje det daglege behovet barnehage har for vikar. Auke i budsjett sjukevikar.
Auke til konsulenthjelp i Barnevern	270	-	-	-	Auke i 2023 knytt til konkret sak
Barnehagemynde ressurs 60%	566	-	-	-	Barnehagemynde 60 % i eit år - ny vurdering i 2024
Implementering BTI	1 000	1 000	-	-	BTI ressurs 100 % stilling - ny vurdering i 2025
Innsparingskrav spesialpedagogisk hjelp i barnehage	250	-	-	-	Fjerna innsparingskrav på spes.ped i 2023.
Innsparingskrav spesialpedagogisk hjelp i skulen	750	-	-	-	Fjerna innsparingskrav på spes.ped i 2023.

Kopimaskiner- forbruk på kopiering	100	-	-	-	Forbruk kopimaskin - mål om å redusera forbruk. Løyve i eitt år
Leirskule	150	150	150	150	Auke i ramma til leirskule
Nedgang barn med omfattande tilretteleggingsbehov bhg 1,4 årsverk	- 515	- 1 120	-	-	Frå 9,4 til 8 årsverk pga lågare tal per haust 2022
Nedgang tal elevar	- 350	-	-	-	Reduksjon i stillingsressursar pga redusert elevtal i 2023
Program til foreldre frå Ukraina, jmf endringar i intro.lova (juli 22)	100	-	-	-	Kjøpe tenesta i 2023, har ikkje kapasitet innan eigne ressursar
Statsbudsjettet reduksjon i pris for barnehageplass	162	167	170	175	Statsbudsjettet reduksjon i pris for barnehageplass
Ta imot 6 lærlingar i barnehage og skule årleg	400	400	400	400	Varig auke for å kunne ta inn nye lærlingar kvart år
Tilskot privat barnehage	815	815	815	815	Estimert auke i tilskot til privat barnehage (Sandven FUS) i 2023
Vedtekter skulefritidsordninga	965	2 174	1 214	-	Budsjettauke etter nye vedtekter SFO. Vedtak HST 088/22 - 27.9.22
Oppvekst Totalt	8 418	8 671	5 034	3 825	
Bok og mediebudsjett - løft i 2023	100	-	-	-	Bok og mediebudsjett - løft i 2023
Grønt hytteliv - eigenandel 2023	100	-	-	-	Grønt hytteliv - eigenandel 2023
Kulturskule - forestilling 2023	150	-	-	-	Kulturskule - forestilling 2023
Kunstgrasbanar - tiltak mot forureining	100	300	-	-	Kunstgrasbanar - tiltak mot forureining
Midlar til tiltak i tråd med klimaplan	200	-	-	-	Midlar til tiltak i tråd med klimaplan
SNK Totalt	650	300	-	-	

Hovudtillitsvald auke 50% stilling basert på medlemstal	456	456	456	456	Hovudtillitsvald auke 50% stilling basert på medlemstal
IT- Sikringstiltak for å unngå hacking og sikringsbrot	350	350	350	350	IT- Sikringstiltak for å unngå hacking og sikringsbrot
Kyrkja - indeksregulering tilskot	218	218	218	218	Indeksregulering av kommunalt tilskot til kyrkja
Prisauke IT lisensar	1 250	1 250	1 250	1 250	Prisauke på felles IT lisensar
Politikk og administrasjon Totalt	2 274	2 274	2 274	2 274	
Auka drivstoffprisar i 2023	412	-	-	-	Prisjustering av budsjett på drivstoff
Auka forsikringsutgifter	235	235	235	235	Prisauke på forsikring av bygg og utstyr
Auka leasingutgifter	114	114	114	114	Prisauke på leasingbilar
ENØK - Kartlegging kommunale bustadar	600	-	-	-	Utarbeide strategi for kommunale bygg. Inkl. vedlikeholdsetterslep, behovsvurdering energitiltak, m.m.
Kartlegging av innlekk på Kvamskogen	150	-	-	-	Kartlegging for å finne ut innlekk i pumpestasjon på Kvamskogen.
Korrigere lønn på P60185 Oppgradering VA-leidningskart	-	-	- 368	- 368	Driftsprosjekt
Redusere forventa inntekter hos Kvam brann- og redning	165	165	165	165	Redusere forventa inntekter hos Kvam brann- og redning
Sanere septiktankar v/ Øystese idrettshall/Kvam ungdomsk.	265	-	-	-	Fjerne septiktankar utanfor Øystese idrettshall og Kvam ungdomskule
Trafikksikringsplan	350	-	-	-	Fornying og utarbeiting av ny trafikksikringsplan for at kommunen skal

					oppretthalde status som trafikksikker kommune. Eksisterande trafikksikringsplan går ut i 2023.
Teknisk Totalt	2 291	514	146	146	
Justering av kraft ihht siste prognose	35 600	10 703	12 800	12 800	Reduksjon i kraftresultat som følge av forslag om auke i skatt på kraft.
Ordinært rammetilskudd	- 697	- 8 728	- 8 672	- 8 677	Auke i rammetilskott justert etter Statsbudsjett 2023
skatt på inntekt og formue	- 13 219	- 12 922	- 12 922	- 12 922	Auke i skatt justert etter Statsbudsjett 2023
Renteinntekter og utbytte	- 2 000	- 2 000	- 2 000	- 2 000	Auke i renteinntekter på bankinnskot
Renteinntekter på lån til vidare utlån	- 3 484	- 3 365	- 3 045	- 2 748	Auke i renteinntekter på lån til vidare utlån
Renteutgifter på lån til vidare utlån	3 084	2 965	2 645	2 348	Auke i renteutgifter til vidare utlån
Renter av obligasjoner	3 576	2 032	- 955	- 1 269	Endring i renteinntekt på obligasjoner
Renteutgifter, prov. Og andre fin.utg	- 6 345	874	4 287	3 288	Endring i renteutgifter på lån
Finans og felleskostnader Totalt	16 515	- 10 441	- 7 862	- 9 180	
Nye tiltak Totalt	33 714	9 425	4 699	2 171	

Endringar i konsekvens-justert budsjett (tal i tusen)

Tiltak	Bud. 2023	Bud. 2024	Bud. 2025	Bud. 2026
Miljørettleiarar i Kvammaskulen	2 590	2 590	-	0
Driftskonsekvens av ulike investeringsprosjekt	- 95	- 170	- 170	-170

Justering av yrkesskadeforsikring 2023-2026	100	100	100	100
Justert Gruppelivsforsikring 2023	58	58	58	57
Justert OU-kontingent 2023	122	122	122	122
Kontrollutvalet 2023	23	23	23	23
Lønnsjustering 2022	1 066	886	886	886
Lønnsjusteringspott 2023	6 768	6 768	6 768	6 768
Ferieklubben - prisauke løn og aktivitetar	30	-	-	-
Justert ramme på pensjon og arbeidsgjeavgift	12 359	8 710	10 799	18 199
VAR i null 2023-2026	7 383	7 200	7 439	8 215
Iht Sjølvkost berekningar Momentum	- 16 180	- 16 180	- 16 180	- 16 180
Tidsforskyving av Pott til å finansiere overlappande stillingar	3 000	-	-	-
Andre justeringar	3 186	- 1 286	- 2 423	- 3 137
Tekniske justeringar av ramme mot nytt budsjett 2023	1 732	1 732	1 732	1 732
Andre budsjettendringar Totalt	22 142	10 554	9 154	16 617
	-	-	-	-
Netto fondsbruk/-avsetjing, bundne fond	- 2 141	-	-	-
Netto fondsbruk/-avsetjing, ubundne fond	- 53 715	- 19 979	- 13 852	- 18 788
	-	-	-	-
Andre tiltak inkludert netto fondsbruk/-avsetjing	- 33 714	- 9 425	- 4 699	- 2 171

Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden

Mange nye tiltak i økonomiplanen gjer at heradet ikkje klarer å balansere budsjettet utan å bruke disposisjonsfond. Heldigvis tyder mykje på at heradet får ekstra kraftinntekter i perioden som kan

finansiere den høge drifta. Men, herad kan ikkje har ei drift som på lengre sikt krev ekstra store kraftinntekter eller bruk av oppsparte midlar.

I tillegg til å finansiere årets forbruk, så er det budsjettert med bruk av tidlegare oppsparte disposisjonsfond for å finansiere diverse prosjekt og tilskot. i 2023 utgjer dette 20,5 mnok, fordelt på fond for ekstra kraftinntekter (10 mnok), fond for Havbruksfond (1,5 mnok) og ordinært disp.fond (8,9 mnok). (tal i tusen)

	2 023	2 024	2 025	2 026
Kraftresultat/overskot i økonomiplanperioden	-75 699	-59 895	-57 393	-57 392
Kraftoverskot brukt i drift (ihht Strategi for sal av kraft)	15 000	15 000	15 000	15 000
Avsetjing av kraftoverskot over 15 mill	60 699	44 894	42 393	42 392
Finansiering av årets "overforbruk i drift", med ekstra kraftoverskot	-56 073	-38 612	-33 462	-32 524
Rest av ekstra kraftoverskot til avsetjing	4 628	6 282	8 9301	9 868
Anna bruk av ordinære disp.fond (finansiering av diverse prosjekt)	-20 451	- 4 225	- 8145	- 815
Andre inntekter avsett til disp.fond (Havbruksfond)	5 000	13 600	5 100	5 100

Pågåande innsparingstiltak

Organisasjonen har ikkje klart å realisere alle innsparingstiltaka frå budsjett 2021 med konkrete tiltak. Dei tiltaka som pågår eller ikkje er starta er lista opp og kommentert nedanfor. Når tiltak ikkje har kunne gjennomførast etter plan, har andre alternative tiltak vorte gjort, som å halda stillingar vakante og å utsetja kjøp, for å halda dei totale rammene. Dette er likevel mellombels løysingar, og det må arbeidast vidare med å få gjennomført dei opprinnelige innsparingstiltaka.

I tillegg til innsparingane som føljer av vedtaket frå 2021 er det viktig å vera innforstått med at kommunen indirekte har eit innsparingskrav som føljer av budsjetteringa av innkjøp av varer og tenester. Desse budsjettpostane vert i liten grad justert for prisstigningar (indeksregulert) i budsjettet. Dette kan gjere det krevjande å oppretthalde tenestekvaliteten innanfor budsjettramma.

(tal i tusen)

Planlagde tiltak - ikkje innarbeidd i konkrete tiltak i budsjettet	2023	2024	2025	2026	Kommentar
Digitalisering og velferdsteknologi for å redusera heimeteneste	- 1 500	- 1 500	- 1 500	- 1 500	Å digitalisera tenester og arbeidsprosessar, og å ta i bruk velferdsteknologi, er ein pågåande prosess men det er ikkje fordelt internt og talfesta oppi alt anna som skjer innan PLO. Nettoeffekten er truleg lågare enn budsjettet så langt.
Heiltidsprosjekt og årsturnus	- 2 000	- 2 000	- 2 000	- 2 000	Evalueringa av årsturnus og heiltidsprosjekt er ikkje kome skikkeleg i gang. Stor sjukefråvær på grunn av m.a. covid, har teke fokus og ført til auke i vikarutgifter og ekstrabemannning i staden for reduksjon.
Husleige NAV - flytta til eigne bygg	- 705	- 705	- 705	- 705	Etablering av nytt NAV-kontor i KFL-bygget, går etter planen.
Innsparing administrative stillingar	0	- 900	- 1 900	- 1 900	Innsparingskrav utsett
Innsparingskrav sosialkontoreneste	- 500	- 500	- 500	- 500	Innarbeidd i budsjett, men netto auke pga. auke i mottak av flyktningar.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) - plan	- 27	- 54	- 54	- 54	Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) PLO	- 369	- 738	- 738	- 738	Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) - Adm.	- 57	- 114	- 114	- 114	Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt

						forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) barnehage	- 140	- 280	- 280	- 280		Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) - skule	- 296	- 591	- 591	- 591		Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) - kommunehelse	- 56	- 111	- 111	- 111		Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) barnevern	- 20	- 41	- 41	- 41		Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Leanprogram Kvam 22-23-24 (stillingsvurdering) - Kultur	- 36	- 72	- 72	- 72		Større internt Lean-program med kontinuerleg forbetring av tenester, særleg på tvers i organisasjonen. Førebels fordelt forventan innsparing med generell del på ulike tenester.
Redusera spesialpedagogikk i skule og barnehage	-	- 2 000	- 2 000	- 2 000		Vedtak HST 128/21 - redusera innsparingskrav med 1 mill. Innsparingskrav i 2023 er fjerna.
Redusere tal på sengeplassar i institusjon	- 2 000	- 3 000	- 3 000	- 3 000		Det har vore redusert bruk av sengeplassar, bl.a. i KRB, men førebels ikkje ressursar til planmessig reduksjon.
Generell innsparing i drift, Oppvekst	- 250	- 250	- 250	- 250		Ikkje spesifisert innsparingstiltak for oppveksteininga.

Vedtekne innsparinger politisk (UR, MPB, RMNFE). Delvis realisert.	- 53	- 53	- 53	- 53	For å oppnå innsparingskravet må møtene hausten 2022 føregå etter kl 16, ein må evt sjå på moglegheit for digitale møter og/eller ha færre møter.
TOTALT	- 8 008	- 12 908	- 13 908	- 13 908	

Ikkje prioriterte tiltak/ynskje

Tabellen nedanfor inneholder ein oversikt over føreslegne tiltak som rådmannen ikkje har funnet rom for i budsjettforslaget, og/eller som ikkje er nok ugreia til at det er aktuelt å ta med. (tal i tusen)

Tiltak	2 023	2 024	2 025	2 026
100% ergoterapistilling	750	750	750	750
20% utviding av barnefysioterapistilling	115	115	115	115
Auke med 40 kommunale timer -barselgruppe	22	22	22	22
Avlastninga Tolomarka	1 500	-	-	-
Demensteam 10%	70	70	70	70
Musikkterapeut	450	450	450	-
Oppjustering av dei minste heimlane, i tråd med avtaleverket (1,4 driftstilskot)	-	700	700	700
Tolomarka sanserom	70	-	-	-
Helse Totalt	2 977	2 107	2 107	1 657
Administrasjonsressurs i store barnehagar	900	900	-	-
Auka bemanning 1. trinn Øystese/Norheimsund	1 400	3 000	3 000	3 000
Auka bemanning 1. trinn Ålvik/Tørvikbygd/Strandebarm	1 050	2 250	2 250	2 250
Auke grunnbemanning barnehage til 5 barn pr. vaksen	3 900	8 500	8 500	8 500
Auke logopedstilling for vaksne	477	477	477	477
COS - Foreldrestøtte i skulen	200	200	200	200
Forsterka helsestasjon ved auke i ressurs	400	400	400	400

Helsejukepleierressurs i skulehelsetenesta	800	800	800	800
Ikt stilling i Oppvekst/skule	1 000	1 000	-	-
Konsultasjonsteam koordinator	165	165	165	165
Leasingbil til Helsestasjon-Skulehelseteneste og PPT	150	150	150	150
Morsmålsassistent barnehage	200	200	200	200
PPT auka ressurs med eit årsverk.	950	950	950	950
Reduksjon i pris for SFO	750	750	750	750
Rettleiar for nyutdanna lærarar	75	75	75	75
Tiltaksressurs barnevernet/familiesenteret - Oppvekstrefrom	500	1 000	1 000	1 000
Trygt og godt skolemiljø- politisk vedtak	700	700	-	-
Utekontakt - auke ressurs til tenesta	375	375	375	375
Uteområde ungdomsbasen	250	-	-	-
Oppvekst Totalt	14 242	21 892	19 292	19 292
Idrett og friluftsliv - Motorkross	1 000	1 000	-	-
Plan Totalt	1 000	1 000	-	-
Auka tilskot til kyrkja utover prisjustering	232	232	232	232
SLT-koordinator	800	800	800	800
Kvammabadet/Hardangerbadet	2 300	2 300	2 300	2 300
Politikk og administrasjon Totalt	3 332	3 332	3 332	3 332
BUA - Idrett og friluftsliv	ukjent beløp	ukjent beløp	ukjent beløp	ukjent beløp
Bubil - tømmestasjon	ukjent beløp	ukjent beløp	ukjent beløp	ukjent beløp
Fritidskort - kommunale midlar B2023 og B2024	2 300	2 300	-	-
Fritidskort - kommunale midlar B2023 og B2025	100	100	-	-
Grannehjelpa - auka tilskot	150	150	150	150
Hardangerrådet -samarbeid om rekruttering	200	200	200	-
Industrikommunar - eigenfinansiering	100	-	-	-

Kulturskulen - auka teatertilbod	340	340	340	340
Kulturskulen - auka tilbod i ytterkant av kommunen i 2023 og 2024	120	120	-	-
Kulturskulen - driftsbudsjett PC og nettrett	-	-	-	35
Kulturskulen - auka adm ressurs med 80%	620	620	620	620
Samfunn, næring og kultur Totalt	3 930	3 830	1 310	1 145
Filming kommunale vegar	200	-	-	200
Fjerning/sprøyting av parkslirekne	100	-	100	-
Inspeksjon av kommunale bruer	200	-	-	-
Snuplassar ifbm privatisering av vegar	250	250	250	250
Teknisk Totalt	750	250	350	450
Skatt på eigedom, botnfrådrag på 200 000,-	3 985	3 985	3 985	3 985
Skatt på eigedom, redusert promille til 2 uten botnfrådrag	7 944	7 944	7 944	7 944
Finans totalt	11 929	11 929	11 929	11 929
Ynskjer Totalt	38 160	44 340	38 320	37 805

Investeringar i økonomiplanen

Kvam herad har ei omfattande prosjektporlefølje som favner om mange ulike tenesteområde. Kompleksiteten er stor, og prosjektleiar og styringskompetanse er kritiske faktorar for å levera på tid, kostnad og kvalitet. Oversikt over driftsprosjekt ligg også i dette kapittelet.

Driftsprosjekt i Kvam herad:

Driftsprojekta er med i rekneskapsrapportar på tenesteområda, driftsprojekta kan ikkje vera lånefinansiert, og må finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Dei er trekt ut og presentert i eigen oversikt. Kvam herad har få driftsprosjekt i forhold til investeringsprosjekt.

Nye driftsprosjekt i budsjett og økonomiplan 2023-2026:

Prosjekt	Prosjektnamn	Budsjett 2023	Øk. Plan 2023	Øk. Plan 2024	Øk. Plan 2025	Øk. Plan 2026	Total prosjektramme	Rest prosjektramme
P61232	1* Kartlegging av innlekk på Kvamskogen	150 000	150 000				150 000	150 000
P38230	1*Auka grunnbemanning helse og omsorg	3 000 000	3 000 000	3 000 000			6 000 000	6 000 000
P60234	1* ENØK - Kartlegging kommunale bygg	600 000	600 000				600 000	600 000
P62232	1* Sanere septiktankar v/Øystese idretthall/Kvam ungd.sk.	265 000	265 000				265 000	265 000
P61231	1* Trafikksikringsplan 2023	350 000	350 000				350 000	350 000

Endring i aktive driftsprosjekt :

Ingen endringar i aktive driftsprosjekt.

Lenkje til driftsbudsjett 2023-2026: [bud-23 driftsprosjekt 2023 - 2026.pdf \(www.kvam.no\)](http://bud-23 driftsprosjekt 2023 - 2026.pdf (www.kvam.no))

Investeringsprosjekt i Kvam herad

Investering er eit eige budsjett og rekneskap.

Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett-/rekneskapsår, medan budsjetttrammene vert tildelt årleg. I tabellane under viser totalramma og kva årleg ramme som ligg i åra 2023-2026. Fokuset til prosjektleiarane er først og fremst å halda dei totale prosjektrammene, ikkje kva år fakturaene kjem i. Det er difor ei ekstra utfordring å treffa med rammefordelinga per budsjettår, særleg rundt nyttår. Kvam herad nyttar ein 1. og 2. tertialrapport for å justera prosjektrammene mellom år. Det kan likevel oppstå avvik i enkeltår, utan at det er avvik på totalramma for prosjektet.

Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, men kan vere delvis finansiert av salsinntekter, overføringar eller fondsbruk. Investeringar kan finansierast med disposisjonsfond slik som driftsbudsjettet.

Investeringsprosjekta er delt på andre investeringar og sjølvkost investeringar. Sidan andre investeringar i stor grad er lånefinansiert påverkar investeringsmengda driftsrekneskapen direkte i form av avdrag og renter. Sjølvkost prosjekta vert finansiert av brukarane, og påverkar dermed ikkje resten av det kommunale driftsrekneskapen. Det er stort sannsyn for at faktisk investeringsbehov innan både sjølvkost og andre investeringar vert høgare utover i perioden enn det som er lagt inn i budsjettforslaget.

På enkelte investeringsprosjekt er det lagt inn ein driftskonsekvens. Driftskonsekvensen viser i tabellen "Driftsbudsjett med endringar" på det enkelte tenesteområde. Eit eksempel kan vere at investering i ei ny varmepumpe er venta å redusere straumutgiftene når den er på plass. Dermed vert det lagt inn ein reduksjon i driftsbudsjettet på straumutgifter frå det året varmepumpa står klar.

I tillegg til oversikta over nye og eksisterande prosjekt er det fleire investeringsprosjekt som vil kunne koma opp dei neste åra, sjå tabellen "Komande ynskte/varsle prosjekt/utvidingar", som førebels ikkje er teke inn i budsjetttramma" lengre nede på denne sida. Når kommunen skal vurdera framtidige investeringsprosjekt, er det viktig at investeringane ikkje medfører netto auka driftsutgifter. Skulle dette likevel vera tilfellet, må kommunen gjennomføra ytterlegare innsparinger i drifta på andre måtar.

Prosjekter i økonomiplanperioden fordelt på tenesteområde:



Grafen synar korleis investeringane fordeler seg over tenesteområda. Dei ulike fargane på gradene syner korleis investeringane fordeler seg over åra 2023 - 2026

I fireårsperioden er det planlagd investeringar for til saman 316,0 MNOK. Meir enn 50% av desse kjem i 2023.

- Prosjekta i grunnskule, på til saman 43,6 MNOK er knytt til bygg, enøk og IT. Den største investeringa er ny vidaregående skule i Norheimsund, med 31,7 MNOK i 2023 og 2024.
- Utbygginga av Strandebarmheimen har restrammer i 2023 på 13,8 MNOK.
- VAR inneheld ei rekke mindre prosjekt på til saman 51,5 MNOK i økonomiplanperioden. Det største er på 10,7 MNOK knytt til overvatn på Norheim
Det er oppretta prosjekt på uttrekk (kopi) av avslutta system og fagprogram, mellom anna den gamle databasen til Acos WebSak. Både Acos og Interkommunalt arkiv i Hordaland hjelper Kvam med dette arbeidet i tillegg til ressursar frå IT og arkivleiar.

Informasjon og personvern:

Sentralbord:

Fellessekretariatet skal ha ei sentral rolle som informasjonsformidlar og vera kontaktpunkt mellom innbyggjarane og kommunen. Det vert endring i telefonsystemet når Kvam endrar leverandør frå Telenor til Telia. Fasttelefon går ut, og det vert ringing gjennom datasystem (Teams) eller mobiltelefonar.

Det er òg ønskjeleg å få vurdert digitale sjølvbeteningsløysingar. Det vert jobba med å få innhenta prisar for ulike løysingar og frå fleire leverandørar.

Kvam herad skal sikra at rett informasjon er tilgjengeleg til rett person og syta for innebygd personvern i alle løysingar.

Ta i bruk e-signering i heile organisasjonen: eSignering er i hovudsak i bruk for arbeidskontraktar, men vert òg brukt litt på andre avtalar som utleigekontraktar.

Kvam herad skal legge forholda til rette for ein open og opplyst offentleg samtale, jf. Grunnlova § 100.

Tilrettelege for innsyn: Svare raskt på innsynskrav, ha gode, søkbare postlister og ha gode rutinar for rask tilgjengeleggjering av politiske dokument. Openheitsbarometeret er ei undersøking gjort av Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport for å undersøke kva kommune som er mest open.

Digitalisera fleire arkiv, mellom anna eigedomsarkivet: Eigedomsarkivet vart sendt til Danmark for digitalisering. Dette prosjektet er framleis ikkje ferdig. Til slutt vil det kome ei innsynsløysing der innbyggjarane vil få tilgang til eigedomsarkivet.

IKAH har digitalisert deler av kulturarkivet til Kvam, som innbyggjarane har fått digital tilgang til via IKAH sine heimesider.

Aktivitet (Nøkkelta)

Indikatornamn	Indikator	Resultat 2021	Anslag 2022	Planlagt 2023	Planlagt 2024	Planlagt 2025	Planlagt 2026	Beskriving
Åpenhetsbarometeret : Plassering samanlikna med vestlandskommunar	Åpenhetsbarometeret : Plassering samanlikna med vestlandskommunar	0	34	18	16	10	8	Betra resultatplassering i Åpenhetsbarometret for Vestlandskommunane føreset at spørsmål og vurderingstema ikkje vert vesentleg endra.

Driftsbudsjett

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				
			2021	2022	2023	2024	
Administrasjon			35 348	38 386	45 954	42 799	
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen			2 071	3 190	2 766	2 806	
Administrasjonslokaler			3 745	3 128	4 462	3 636	
Sum			41 179	44 704	53 182	49 241	
							48 495
							48 456

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Vedtatt budsjett, tekniske justeringar og vedtak førre periode er knytt til opprinnelag budsjett og budsjettekniske justeringar.

Pensjons og felleskostnader inneholder stort sett endringa på arbeidsgjevaravgift. Lønns og prisvekst for det meste knytt til lønnsvekst. Lønnsvekst delvis fra tariffoppgradering 2022 og estimert auke for 2023. I tillegg er det prisvekst på forsikring og OU.

Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen oppsummerer alle vedtekne tiltak i 1. og 2. tertial 2022 som har verknad i økonomiplan 2023-2026.

Nye tiltak er forslag til endringa på budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026.

Der det står **Andre tiltak** er det stort sett justeringar mellom tenesteområde som går i null samla sett på heradet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	41 586	41 586	41 586	41 586
Sum Tekniske justeringer	-177	-177	-177	-177
Sum Vedtak forrige periode	2 542	-1 584	-1 248	-1 248
Sum Pensjons og felleskostnadar	43	20	57	96
Sum Lønns- og prisvekst	601	601	601	601
Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen				
Auka elektrisitetsutgifter ved 2.tertial 2022	1 436	568	275	0
Auka elektrisitetsutgifter, samt faste serviceavtalar på FDV, 1.tertial 2022	288	288	288	288
Auka løn stortingsrepresentant, ordførar/varaordførar/leiar MPB	-57	-57	-57	-57
Auke i materialkostnadar til forvaltning, drift og vedlikehald	20	20	20	0
Auke løn overtid teknisk	1	1	1	1
Bedriftshelseteneste - auke omfang	100	100	100	100
IKT kommunikasjonsutgifter -auke	300	300	300	300
Innbyggerinnsyn faktura, Komtek	100	100	100	100
Innbyggerinnsyn faktura, Visma	22	22	22	22
Intern omfordeling meklaropplysning	114	114	114	114
Kvalitetskoordinator 0,5 årsverk, vac stilling	390	390	390	390
Kvalitetskoordinator 0,5 årsverk, auke stilling	390	390	390	390
Opplæringskoordinator 0,3 årsverk, ferdig med LEAN oppgåver	248	248	248	248
Reduksjon i purreinntekter	240	240	240	240
Utsetje innsparingskrav 1 år	1 057	0	0	0
Utsetje innsparingskrav 2 år	900	1 000	0	0
Andre tiltak	-508	320	-94	-94
Sum Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen	5 041	4 045	2 337	2 042
Konsekvensjustert budsjett	8 050	2 906	1 570	1 315
Konsekvensjustert ramme	49 637	44 492	43 156	42 902
Driftskonsekvens				
Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus - energieffektivisering	-28	-28	-28	-28
Sum Driftskonsekvens	-28	-28	-28	-28
Nye tiltak				
Auka drivstoffprisar i 2023	20	0	0	0
Hovudtillitsvald auke 50% stilling basert på medlemstal	326	326	326	326

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Hovudtillitsvald auke 50% stilling basert på medlemstal	130	130	130	130
IT- Sikringstiltak for å unngå hacking og sikringsbrot	350	350	350	350
Prisauke eksisterande IT lisensar	1 175	1 175	1 175	1 175
Andre tiltak	-393	-393	-393	-393
Sum Nye tiltak	1 608	1 588	1 588	1 588
Nye tiltak og realendringer budsjett	1 580	1 560	1 560	1 560
Ramme 2023-2026	51 217	46 052	44 716	44 462

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum 2023-26
	Brutto prosjekt utgift	Øyrem. fin.	2023	2024	2025	2026	
Administrasjon							
Deponering av elektronisk arkiv	388	0	200	0	0	0	200
Digitalisering eigedomsarkiv	2 500	0	625	0	0	0	625
IT-investeringar - årlege			1 800	1 800	1 800	1 800	7 200
Sum Administrasjon	2 888	0	2 625	1 800	1 800	1 800	8 025

Barnehagar

Innleiing

Lenke til beskriving av tenesteområde: [Barnehagar](#)

Prioriteringar i planperioden

Barnehage har prioritert å retta merksemd mot nokre beskyttande faktorar frå Oppvekstplanen på bakgrunn av arbeidet som har vorte lagt ned det siste året med Betre tverrfagleg innsats (BTI), fokus på tidleg innsats og at barnehagesektoren er i endring. Barnehagane er med i arbeidet knytt til oppvekstreforma, og oppvekstplanen vil i åra framover gje god retning på arbeidet vidare.

I ein sektor i rask endring er styrar si rolle iht kvalitet i barnehagen viktigare enn nokon gong og leiing i framtidas barnehage har behov for ei anna leiing enn før. Styrar har fått auka oppgåver dei seinare åra, men ikkje meir ressursar til å handtera alle oppgåvene som er knytt til leiarfunksjonen sin.

Arbeidsmengda aukar og det meste av tida går til oppfølging av personale, sjukemeldte og organisering av vikarar. Det medfører mindre tid til utviklingsarbeid og fokus på kvalitet.

Beskyttande faktor: Trygge vaksne

Kompetanse. Dei vaksne som arbeider i barnehagen er uunnverlege og ein viktig beskyttande faktor i barnehagebarn sitt liv og for gjennomføring av ein barnehagekvardag. Gjennom kompetanseheving sikrar me at det faste personale har nødvendig kompetanse og legg til rette for at barna skal møta trygge vaksne i Kvammabarnehagane.

PPT har det siste året arrangert ei kursrekke for alle tilsette i "Sjå barnet innanfrå" med utgangspunkt i Circle of security (Cos). Samstundes arrangerer Familiesenteret foreldrekkurs med utgangspunkt i Cos. Såleis får foreldre og tilsette lik teoretisk bakgrunn for å forstå barna innanfrå, utvikla relasjonar og eit felles språk for å forstå og tolka situasjonar.

Kvar barnehage har ein spesialpedagog. Spesialpedagogane sikrar ei heilskapstenking rundt barn når det gjeld allmennpedagogikk og spesialpedagogikk. Spesialpedagogane er med på å løfta fram BTI arbeidet og styrka det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen ved å rettleia og bidra med kompetanseutveksling til medarbeidarane sine. PPT styrkar spesialpedagogane med kurs og rettleiing som spesialpedagogane tar med seg tilbake til barnehagen og dermed styrkar det allmennpedagogiske tilbodet. Trygge og tilstadeverande vaksne som ser barna, som forstår andre tenester, som veit kvar ein kan søkje hjelp, som gjev foreldrerettleiing og gjev høg kvalitet på barnehagetilbodet er det me strebar etter i Kvammabarnehagen.

Opplæring i BTI har gjeve personale meir innsikt i andre tenester og ein handlingsrettleiar til bruk ved uro for barn. Det er viktig å fanga opp barn som treng noko ekstra så tidleg som mogleg. Tidleg innsats kan førebyggja skeivutvikling, mobbing, sosiale vanskar, lærevanskar, fråfall i skulen og å hamne utanfor arbeidslivet. Kompetansen til personale og korleis dei møter og forstår barn får betydning for korleis barn har det i barnehagen. Det er dokumentert at gode barnehagar bidreg til å redusera sosial ulikskap og kompenserer for manglande støtte og stimulering i heimen når det er behov.

KLP-prosjekt.Barn har behov for å møta trygge og stabile vaksne som kjenner og forstår den einskilde. Grunna stort fråvær er det mange barn som møter ukjende vikarar utan erfaring frå arbeid i barnehage. Det er, for tida, få som ynskjer å vera vikar i barnehage og dei som står på vikarlistene er i bruk. Det er behov for at vikarane byrjar raskt så det er inga tid til opplæring i rutinar og korleis dei skal møta og forstå barn før dei startar opp. Personale frå avdelingar med flest faste og blir flytta til avdelingar med størst fråvær. Dette bidreg til at barn møter ukjende vaksne. Barnehagesektoren deltar i KLP sitt arbeidsmiljønettverk som har fokus på HMS og arbeidsmiljø. Målet til prosjektgruppa er å redusera sjukefråværet og få folk til å bli i jobben sin. Prosjektgruppa ser at det er viktig for tenesta å sikra rekruttering, stabilitet, godt arbeidsmiljø og gode arbeidsforhold. Tilbakemeldingar frå tilsette i barnehage er at bl.a. stor arbeidsbelastning og lite bemanning er årsaker til sjukefråvær og flukt frå barnehagesektoren.

Beskyttande faktor: Mangfald vert sett på som ein ressurs

Alle er velkomne til barnehagane i Kvam. For å sikra god start for barn og familiar med anna språk jobbar barnehagane med å laga eit felles system som sikrar like god praksis same kva barnehage barnet byrjar i. Dersom det er behov for ny kompetanse før eit barn byrjar innhentar barnehagen det. Barnehagane skal nyttja tolk i møte med foreldre og om mogleg gje informasjon på familien sitt morsmål. Barnehagane tilstrekke å gje morsmållassistent dei første tre månadane, etter ein trappetrinnsmodell, for å sikre forståing, tryggleik og god start. Spesialpedagogane har eit særleg ansvar for språkutvikling og lågterskeltiltak for fleirspråklege barn i barnehagen og skal gje rettleiing til barna sine avdelingar. I tillegg gjev PPT opplæring og kompetanseheving til tilsette ved behov og fylgjer opp born med særskilte behov. I følgje kommunebarometeret for 2022 gjekk 84,6% av barn med minoritetsbakgrunn i barnehage i Kvam i 2021. Nasjonalt har andel barn med minoritetsbakgrunn auka frå 79,3 i 2016 til 86,9 i 2021.

Beskyttande faktor: Høg kvalitet på opplæringa

Kommunebarometer for 2022 viser at 66,7 % av dei kommunale barnehagane oppfyller pedagognorma utan dispensasjon i Kvam. Nasjonalt var talet 70,7 %. Vidare viser tala at 44,4 % av dei tilsette i dei kommunale barnehagane i Kvam har pedagogisk utdanning. Regjeringa har ambisjonar om at 50 prosent av dei tilsette i barnehagen skal vera barnehagelærarar innan 2025 og andelen barnehagelærarar med mastergradutdanning skal auka.

Kommunebarometeret for 2022 viser at Kvam hadde 5,8 barn pr vaksen i 2021. Nasjonalt låg tala på 5,6 både i 2020 og 2021. *Sitat frå kommunebarometeret: Kvam har ifølge statistikkene lavere bemanning i de kommunale barnehagene enn de fleste andre. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. Hva har antallet voksne å si for kvaliteten?*

Kompetanse. Ein barnehage for framtida må sjå framover og må vidareutviklast i takt med samfunnet. Sidan barnehageforliket i 2003 har bl.a. tal barn i barnehagen auka, barnehagane har blitt større, barnehagedagane lengre, barnegruppene yngre, meir mangfald og meir samarbeid med andre tenester. Slik utvikling krev kompetanseheving og endring av praksis, det er tidkrevjande arbeid og tek lang tid å implementera. Barnehagen som første steg i utdanningsløpet og forventningane til kva barn skal oppleva, læra og erfara i barnehagen har fått auka fokus og dermed også forventningar om å synleggjera barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar gjennom planar og dokumentasjon.

Forsking viser at barnehagar med høg kvalitet verkar positivt på barn si utvikling og at den positive effekten varar heile livet. Regjeringa sitt mål for framtidas barnehage er å sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, styrka barnehagen som læringsarena og sikra at alle barn får delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Som eit ledd for å sikre høg kvalitet deltek barnehagane våre i Regional ordning for kompetanseheving i barnehage (Rekom).

Alle barnehagane driv med kompetanseheving innan psykososialt barnehagemiljø, kap. 8 i barnehagelova for å sikra at alle barn har det trygt og godt i Kvammabarnehagane.

Systemarbeid.For å sikra lik kvalitet og gode tenester i alle barnehagane våre prioriterer barnehagane arbeid med systemutvikling og felles tankar om «slik gjer me det i Kvam». Dette arbeidet tar tid og det er viktig for å sikre at arbeidet vedvarer og når fram til alle. Det er utfordrande å finna tid til å driva med utviklingsarbeid. I barnehage er det avgrensa med møtetidspunkt der personale kan møtast utan at det er barn i barnehagen. Heile personalgruppa har ikkje anledning til å møtast felles på dagtid, så alle personalmøte er på kveldstid. I tillegg er det fleire tilsette som arbeidet deltid og som ikkje deltek på alle personalmøte.

Tverrfagleg samarbeid og samordning.Barnehage nyttar seg av det gode fagmiljøet som er i tenestene rundt seg. Tenestene stiller opp og gjev kompetanseheving og rettleiing ved behov. PPT gjev bl.a ei opplæring til alle barnehagetilsette i Sjá barnet innanfrå med utgangspunkt i Circle of security (COS). Denne opplæringa går over 6-8 kveldar. I tillegg møter PPT alle barnehagane fast i lågterskelrundar der barnehagane har høve til å ta opp saker dei er bekymra for, og der ein saman kan sjå om hjelpa kan gjevest på grønt, gult eller raudt nivå. PPT jobbar tett med spesialpedagogane i barnehagen. Målet er at hjelp skal gjevest der nedslagsfeltet er størst- i det ordinære tilbodet, slik at flest mogleg kan få nytte av hjelpa. Målet er at hjelpa i større grad skal flyttast frå individnivå til systemnivå.

Tilsyn/veiledning. Barnehagemynde gjennomfører tilsyn i kommunale og den private barnehagen i Kap. 8 i barnehagelova innan psykososialt barnehagemiljø. Tilsynet vil gje barnehagane oversikt over område som må/kan forbetra for å sikra alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagemynde gir også veiledning til barnehageeigar og styrarane.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Resultat 2021	Anslag 2022	Planlagt 2023	Planlagt 2024	Planlagt 2025	Planlagt 2026	Beskriving
Barn i barnehage med minoritetsbakgrunn	Barn i barnehage med minoritetsbakgrunn	0,0 %	84,6 %	84,6 %	86,0 %	88,0 %	90,0 %	
Tal barn pr.vaksen	Tal barn pr.vaksen	0,0	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8	
Tilsette med pedagogisk utdanning	Tilsette med pedagogisk utdanning	0,0 %	44,4 %	44,4 %	45,0 %	50,0 %	50,0 %	

Driftsbudsjett

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Førskole		68 473	72 366	73 765	73 955	74 485
Styrket tilbud til førskolebarn		9 562	9 383	9 945	9 332	10 644
Førskolelokaler og skyss		10 963	11 084	14 028	13 230	12 972
Sum		88 998	92 833	97 738	96 517	98 101
						98 101

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Vedtatt budsjett, tekniske justeringar og vedtak førre periode er knytt til opprinnelag budsjett og budsjettekniske justeringar.

Pensjons og felleskostnader inneholder stort sett endringa på arbeidsgjevaravgift. Lønns og prisvekst for det meste knytt til lønnsvekst. Lønnsvekst delvis frå tariffoppgjer 2022 og estimert auke for 2023. I tillegg er det prisvekst på forsikring og OU.

Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen oppsummerer alle vedtekne tiltak i 1. og 2. tertial 2022 som har verknad i økonomiplan 2023-2026.

Nye tiltak er forslag til endringa på budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026.

Der det står **Andre tiltak** er det stort sett justeringar mellom tenesteområde som går i null samla sett på heradet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	83 038	83 038	83 038	83 038
Sum Tekniske justeringar	-785	-785	-785	-785
Sum Vedtak forrige periode	-1 438	-3 514	-3 466	-3 466
Sum Pensjons og felleskostnadar	404	372	470	587
Sum Lønns- og prisvekst	1 140	1 140	1 140	1 140
Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen				
Auka elektrisitetsutgifter ved 2.tertial 2022	1 718	680	329	0
Auka elektrisitetsutgifter, samt faste serviceavtalar på FDV, 1.tertial 2022	231	231	231	231
Auke i materiakkostnadar til forvaltning, drift og vedlikehald	80	80	80	0
Auke løn overtid teknisk	8	8	8	8
Justering av inntekter og utgifter	50	50	50	50
Tilrettelegging barnehage - støttepedagoger	1 376	1 376	1 376	1 376
Tilskot til privat barnehage	370	370	370	370
Utsetje innsparingskrav 1 år	140	0	0	0
Vikar i barnehage	467	467	467	467
Andre tiltak	348	9	9	9
Sum Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen	4 788	3 270	2 919	2 510
Konsekvensjustert budsjett	4 109	484	278	-14
Konsekvensjustert ramme	87 148	83 522	83 316	83 025
Driftskonsekvens				
P20230 PC ti ltilsette, delvis finansiert med driftsmidler	-20	-20	-20	-20
Sum Driftskonsekvens	-20	-20	-20	-20
Nye tiltak				

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Arbeidskle barnehage og SFO jfr framforhandla avtale	50	50	50	50
Auka drivstoffprisar i 2023	8	0	0	0
Auka tal på lærlingar i barnehage og skule årleg	400	400	400	400
Auke i digitale lisensar Oppvekst	20	20	20	20
Auke sjukevikar barnehage	685	685	685	685
Barnehagemynde	566	0	0	0
Implementering BTI	500	500	0	0
Innsparingskrav spesialpedagogisk hjelp i barnehage	250	0	0	0
Nedgang barn med omfattande tilretteleggingsbehov bhg 1,4 årsverk	-515	-1 120	0	0
Prisauke eksisterande IT lisensar	25	25	25	25
Statsbudsjettet reduksjon i pris for barnehageplass	162	167	170	175
Tilskot privat barnehage	815	815	815	815
Vedtekter skulefritidsordninga	278	600	327	0
Andre tiltak	1 019	1 022	1 023	1 025
Sum Nye tiltak	4 263	3 164	3 515	3 195
Nye tiltak og realendringer budsjett	4 243	3 144	3 495	3 175
Ramme 2023-2026	91 391	86 666	86 812	86 200

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000

	Endringskode	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Administrasjonsressurs i store barnehagar	Nytt tiltak	900	900	0	0
Auke grunnbemanning barnehage til 5 barn pr. vaksen	Nytt tiltak	3 900	8 500	8 500	8 500
Morsmålsassistent barnehage	Nytt tiltak	200	200	200	200
Rettleiar for nyutdanna lærarar	Nytt tiltak	75	75	75	75
Sum		5 075	9 675	8 775	8 775

Nye tiltak

Administrasjonsressurs i store barnehagar

Prøveprosjekt-administrasjonsressurs og vikarordning - 40 % stilling i Bjørketeigen, Sjydnaugan og Norheimsund barnehage.

Arbeidsoppgåvene til ein styrar i barnehage har endra seg og blitt meir kompleks dei siste åra.

Arbeidsbelastninga og forventingane til styrar har auka og som styrar er du åleine i barnehagen med alle administrasjonsoppgåvene. Arbeidsmengda har auka, men administrasjonsressurssen har ikkje endra seg. Styrar har støtte av leiari for barnehage og oppvekstsjef, men har ikkje nokon lokalt som hjelper til med bl.a innkjøp, samarbeid med andre tenester og heradet, organisering, vikararbeid, omrokking på barnegrupper ved løpende opptak, personalhandtering, utviklingsarbeid, økonomi og budsjett, osv.

I Kvam er det kun Norheimsund barnehage som har administrasjonsressurs utover 100%. I Norheimsund barnehage har det, etter samanslåing av Tolomarka og Norheimsund barnehage, vore auka administrasjon. Pr. i dag er det 20% ekstra administrasjon. Styrar i barnehagen viser til behov for å dela

arbeidsmengda med ein anna når barnehagen er så stor. Det er nødvendig å drøfta faglege saker med andre, fordela arbeidsoppgåver, planlegga utviklingsarbeid, organisera bemannning, vikararbeid, omrokking på barn ved løpende opptak, møte med andre instansar, osv. Leiinga står sterke når ein er to og ein får tid til å ha fokus på leiing, fagleg utvikling og kvalitetsheving. 20% er ikkje tilstrekkeleg for å få dette til å fungera optimalt.

Leiar for barnehage har vore i kontakt med to nærliggande kommunar som har administrasjonsressurs i kommunale barnehagar:

- I Voss herad har barnehagar med 100 barn 160% administrasjonsressurs og barnehagar med 120 barn har 200% administrasjonsressurs. Voss herad har fastsett styrar ressursen i samarbeid med fagorganisasjonen. Grunngjevinga er knytt til at barnehagen er stor og det er mykje oppfølging i høve personale, økonomi og pedagogisk utviklingsarbeid. Styrar har personalansvar for 30-40 tilsette, det er forventa at dei har budsjett kontroll, føl opp kommunen sitt felles satsingsområde, ansvar for barnehageopptak i eigen barnehage, mykje av tida i kvardagen går med til vikarbruk, oppfølging av sjukemelde, samarbeid med føresette, personalmøte osv.
- Osterøy kommune viser til at dei har 140% administrasjonsressurs i barnehagar med 17 årsverk og 160% administrasjonsressurs i barnehagar med 30 årsverk. I Osterøy har skulen si tenking om administrasjonsressurs vore utslagsgjenvende, dei hevdar at å telje antal barn iht administrasjonsressurs blir for upresist. Osterøy kommune viser til positive resultat etter auka administrasjonsressurs i barnehagar. Dei har bl.a fått auka kvalitet og kompetanse innan spesialpedagogisk arbeid, språk, internkontroll og fagleg utvikling. Administrasjonen i barnehagen har fått betre tid til å fordjupa seg og driva med utvikling og kompetanseheving.
- I Ot.prp. nr 72 (2004-2005) står det at barnehagen si hovudoppgåve er å bistå foreldre i barns oppdragelse, omsorg og læring. Dagens og morgondagens foreldre vil stille store krav til kvalitet i barnehagen. Det er såleis av stor betydning at den pedagogiske verksemda har ei kompetent fagleg leiing som er til stades for barn, foreldre og tilsette.

Barnehagelova sin formålsparagraf og rammeplan for barnehage stiller krav til innhald og kvalitet. Styrar skal inspirera til nytenking i tråd med samfunnsutvikling generelt og utvikling av det småbarnspedagogiske feltet. «Den gode barnehagen» (2001-2003) viser at styrar har ei særskilt viktig rolle i utviklings- og endringsarbeid, og at slikt arbeid er av stor betydning for å oppretthalde og utvikle kvalitet i barnehagen. Personalleiing stiller krav til at styrar er dagleg til stades og at det vert lagt til rette for fagleg arbeid og refleksjon.

Me kan sjå tendensar til utfordringar med å få kvalifiserte søkerar til styrarjobbar i Kvam. I vår vart det lyst ut to styrarstillingar og det var kun to stk. som sökte på stillingane. Den 04.08.22 vart det publisert ein artikkel på nrk.no om rektorkrise i store delar av landet. Innhaldet i artikkelen poengterer moglege utfordringar til rektor som leiar og kan relaterast til styrar i barnehage:

- Få søkerar til stillingar hovudsakleg i mindre kommunar.
- Stort arbeidspress blir peika på som ei årsak. Rektor er åleine med ansvar for alt frå planarbeid, samarbeid med kommunen, personalhandtering, osv.
- Det er eit stort krysspress mellom krav, lovverk og økonomi.
- Mykje tid går med til administrasjon og rapporteringar.
- Belastninga og forventningane til rektor har auka. Mange arbeidsoppgåver og for lite støtteapparat rundt leiar.

- Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) seier myndighetene er bevisst problemet og at dei deler bekymringa.
- Brenna trur at for mange skuleleiarar i for mange år har stått i ein form for krysspress. Det kan handle om detaljstyring, målstyring, kontroll med dei tilsette sitt arbeid og andre ting, som trekker fokus vekk frå det å jobbe med kvalitet i skulen.
- Regjeringa ser no på kva grep som kan gjerast for å betre arbeidskvardagen til rektor. Mellom anna ser dei på kva tidstjuvar som finst i arbeidet og kva som kan gjerast med dette.

Under koronapandemien har barnehagane fått auka fokus og medietrykk. Styrar og personale har gjennom handlekraft og løysingsorientert fokus klart å halde barnehagar opne i ein periode med mykje sjukefråvær og vikarmangel. Vikarmangel førte til ei stor belastning og viser seg å vedvare på tross av at pandemien er over. Framleis går store delar av styrar sin arbeidsdag med til organisering og sikra nok bemanning i løpet av dagen. Det vert såleis mindre fokus på pedagogisk leiing og administrative oppgåver. Nokre styrarar avlastar seg med å gje arbeidsoppgåva knytt til vikarar eller liknande til pedagogar i barnehagen. Det igjen fører til at pedagogar på avdeling får større arbeidsmengd og auka arbeidspress og det blir færre vaksne på avdeling når dei driv med administrative oppgåver utover eigne oppgåver.

Eit forslag for å frigjera meir tid til leiaroppgåver er, som eit prøveprosjekt i 2 år, å etablera auka administrasjonsressurssen i 3 barnehagar med totalt 120%. Ei av oppgåvene til den auka administrasjonsressursen kan vera å fungera som ein vikarpool for dei kommunale barnehagane i Kvam. Dei får ansvar for alle som ynskjer å vera vikar i barnehagar i Kvam, lysa ut stillingar, gjennomføra intervju, kvalitetssikra søkerar, innhenta politiattest og gjennomføra opplæring av kva som vert forventa av tilsette i barnehage. Når ein barnehage har behov for vikar melder barnehagen inn behovet og får fordelt aktuelle vikarar.

Løysing:

Ei løysing er å forsterka støtteapparatet rundt dei administrative oppgåvene til styrar i barnehagar med 17 årsverk og meir. Den auka administrasjonsressursen får ansvar for å finna vikarar i dei kommunale barnehagane i tillegg til faste administrative oppgåver knytt til stillinga si. Dei kan jobba som eit team for å rekruttera og fordela vikarar. Dette vil gje styrar meir tid til leiing og fokus på kvalitet og utvikling i barnehagen. Det vil sikre kommunen barnehagar med høg kvalitet og gje barna ein god start på utdanningsløpet sitt. I tillegg får kommunen styrarar som har tid til å ha fokus på pedagogisk leiing, kompetanseheving, god økonomisk styring og utvikling.

Auke grunnbemanning barnehage til 5 barn pr. vaksen**Auka grunnbemanning i barnehage**

I budsjettvedtak for 2022 vart barnehage tilført kr. 2.000.000 til styrking av grunnbemanning. Desse midlane er fordelt ut frå størrelsen på barnehagane med 0,15 årsverk på den minste (Tørvikbygd barnehage) til 1 årsverk på den største (Norheimsund barnehage). Heradsstyret forventar ei innsparing på kring ein 1 million kr. i redusert sjukefråvær og vikarbruk som følge av dette vedtaket. Dei største barnehagane har 6 avdelingar og det er ofte meir enn ein tilsett som er sjuk pr. dag. Då kan ikkje styrka grunnbemanning med 1 årsverk dekka opp for dette fråværet. Korttidsfråvær er ofte knytt til influensa, omgangssjukdommer osv. Styrka grunnbemanning påverkar ikkje omfangen av denne type sjukdom.

Barnehagelova paragraf 26 sier om grunnbemanning i barnehage at:

"Bemanningen i barnehagen må være tilstrekkelig til at personale kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal ha minst én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år.

For å tilby barna i Kvam auka kvalitet med trygge og gode barnehagar med nok personale gjennom heile dagen er det behov for å auka grunnbemanningsnorma. I dag føl me bemanningsnorma med 6 barn per vaksen. Ved å auka bemanningsnorma til 5 barn per vaksen får avdelingar ein større vaksentettleik gjennom dagen. Ved større vaksentettleik vil det gje personale bl.a betre tid til barna, meir moglegheit til gruppedeling, oppfylging av enkelt barn, observasjonar, og moglegvis redusera sjukefråværet i barnehagen på sikt.

I Stavanger er det gjennomført eit prøveprosjekt med auka grunnbemanning i to barnehagar. Resultatet var halvert sjukefråvær på kort tid, noko som igjen førte til at dei slapp bruk av vikarar frå bemanningsbyrå. I tillegg rapporterte dei tilsette at det gav auka ro og trivsel i barnehagane. Ved å auka grunnbemanning og satsa på tilsette i heile stillingar trur dei at sjukefråværet vil gå ned og at fleire kan stå lengre i jobben sin, seier oppvekstsjef Eirik Sakariassen (barnehage.no).

Barnevernsreforma trådde i kraft 01.01.2022. Kommunar har dermed fått meir ansvar på barnevernsområdet og reforma skal bidra til å styrka arbeid med førebygging og tidleg innsats. Skal barnehagar arbeida systematisk med førebygging må det vera nok vaksne saman med barna. I spesialpedagogikk 5/2014 er det publisert ein artikkel der det står at tidleg innsats dei siste åra er formulert som eit viktig utdanningspolitisk emne og skal ha høg prioritet i norske barnehagar og skular. Hensikten er å skapa gode mogleheter for alle barn og unge; at alle så tidleg som mogleg skal inkluderast i eit fellesskap med andre, og at dei kjem inn i gode læringsprosessar. Dette viser seg å ha betydning for sosial utjamning ([Bjørnsrud & Nilsen, 2012](#); [Kunnskapsdepartementet, 2006–2007](#); [Wollscheid, 2010](#)). Forsking som er gjort dei siste 40 åra, understrekar mogleheitene som ligg i tidleg innsats, og dei utdanningsøkonomiske berekningar som er gjort, vurdert både i humankapital og i kroner og øre, sannsynleggjer at førebygging er lønnsamt (Kunnskapsdepartementet 2006–2007).

I haust bemanna barnehagane opp slik at dei har «romsleg» bemanning i oppstarten og kan ta imot barn ved søknadar gjennom året. Dette vart prøvd ut grunna utfordringar med å få tak i personale ved løpende opptak førre barnehageår. Erfaring frå årets barnehageoppstart er at den «romslege» bemanningsa gjev auka kapasitet til førebyggande arbeid og for å sjonglera på personale ved korttidsfråvær slik at barnehagen ikkje treng ta inn vikar dersom ein tilsett er borte. Dersom meir enn ein

tilsett er borte må det setjast inn vikar. For å sikre nok bemanning ved fråvær og møteverksemd bør det bemannast tilstrekkeleg slik at kvar avdeling kan gå utan vikar ved fråvær.

På ei avdeling med 18 barn, med 6 barn pr vaksen, utgjer det 3 tilsette. Ved å auka grunnbemanninga til 5 barn pr vaksen utgjer det 3,6 tilsette pr avdeling med 18 barn. Ei slik ordning kan redusera vikarutgifter ved kortids sjukefråvær, møter, avspasering og feriedagar.

Løysing:

Ei løysing er å auka grunnbemanninga i barnehagane til 5 barn pr vaksen. Ei slik vaksentettleik vil gjera det mindre sårbart i tider på dagen då det er planleggingstid, møter og praktiske oppgåver på avdelinga skal utførast. Dei vaksne får såleis meir tid, auka nærvær, vert meir tilgjengelege for borna, betre tid til å jobba førebyggande på det spesialpedagogiske feltet og førebygging og oppfølging av utanforskap og mobbing.

Morsmålsassistent barnehage

For å leggja betre tilrette for minoritetsspråklege barn i barnehagen ynskjer tenesta ressursar til å setja inn morsmålassistent til barna dei tre første månadene etter barnehageoppstart jmf Strategiplan for integrering som legg vekt på at barna skal få eit godt og tilpassa tilbod. Å ha ein vaksen som snakkar språket til barnet kan gjera oppstarten i barnehage til ei god og trygg oppleving for både barn og føresette.

Rettleiar for nyutdanna lærarar

Auke rettleiar for nyutdanna lærarar i barnehage med 10 %.

Pr i dag er det totalt 30% rettleiar; 10% i barnehage og 20% i skule.

Barnehage ynskjer å auka sin rettleiar stilling med 10 % for å få tid til å fylgja opp og sikra at pedagogar blir værande i jobben.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum 2023-26
	Brutto prosjekt	Øyrem. fin. utgift	2023	2024	2025	2026	
Barnehagar							
0* Barnehage - inventar og utstyr - årleg			188	188	188	188	750
0*Bjørketeigen - oppgradering tak	1 875	0	1 875	0	0	0	1 875
Deling av Øystese barnehage, del 4	2 016	0	141	0	0	0	141
Sum Barnehagar	3 891	0	2 204	188	188	188	2 766

Grunnskuleopplæring

Innleiing

Lenke til beskriving av tenesteområde: [Grunnskuleopplæring](#)

Prioriteringar i planperioden

Skulane i Kvam prioriterer at elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø. Eit trygt og godt skolemiljø er grunnlag for læring, og handlar om at elevane skal verta inkludert i den sosiale og faglege fellesskapen. Me treng tilsette som ser, forstår og handlar, har god relasjonskompetanse og gir god undervisning til elevar med ulike måtar å ta til seg læring på.

Profesjonsfellesskapet er viktig for å få eit felles verdigrunnlag og forståing. Me har spreieing i resultata våre mellom skulane frå nasjonale prøvar og på elevundersøkinga til Udir. Alle skulane i Kvam har difor takka ja til å vera med i oppfølgingsordninga til Udir i tre år, slik at me sikrar utvikling og kompetanseheving til alle tilsette i Kvammaskulen.

Ein kritisk faktor for arbeidet i planperioden, er eit auka arbeidstrøkk i skulane. Lovverk, krav til forsvarleg system, oppfølging og kontrollar, revisjonar, tilsyn, innføring av ny læreplan i skule og sfo, komplekse elevsaker, rekrutterings-utfordringar, og sjukefråvær, samstundes som me har vore gjennom ein pandemi, gjer at me ser at mange tilsette og leiarar er slitne. Det er difor viktig at skulane prioriterer kompetanseheving internt på skulane og gir høve til etterutdanning, lagar system, malar og rutinar og prioriterte tid til oppfølgingsordninga frå 2022- 2025.

Skulane vil i planperioden prioritera å jobba med desse beskyttande faktorane i Oppvekstplanen:

Beskyttande faktor: Trygge vaksne

Hovudmålet i oppvekstplanen er at alle barn og unge i Kvam skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.

For at elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø, er me avhengig av vaksne som ser, er trygge og imøtekommende og har kompetanse til å handla når situasjonar krev det. Alle skulane har difor skuleåret 2022/2023 gjennomgang av kompetansepakkanne til Udir – Trygt og godt skolemiljø. Kompetansepakken skal bidra til refleksjonar i profesjonsfellesskapet over verdiar, haldningar, skulekultur, og utvikling av eigen praksis og auka handlingskompetanse.

Ferieklubben vert sommar-sfo frå 2024:

Kvam herad har gjennom fleire år hatt tilbod om feriekubb to veker etter skuleslutt om våren. Det er kulturarvdelinga som har hatt ansvar for ordninga. Ordninga har vore lokalisert på Norheimsund skule og har vore eit attraktivt tilbod til mange born.

Det har vore mange dyktige ferievikarar som har gjort ein god jobb, og det har vore spanande for borna å treffa nye vaksne. Mange av borna klarar omstillinga frå SFO til feriekubben godt, men for ein del er overgangen utfordrande. Nye vaksne, med nye rutinar som gjerne ikkje kjenner borna kan føra til utrygge born. Derfor vil Feriekubben frå juni 2024 gå over til å vera Sommar-SFO. Då blir bemanninga i

sommar-SFO den same som SFO elles i året. Dette vil gjera at det ikkje vert for brå overgang for borna. Dette er langt fram til juni 2024, men det vil på den måten vera god tid for leiarane å planleggja overgangen.

Beskyttande faktor: Høg kvalitet på opplæringa

All læring krev at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Dei tilsette i skulane treng kompetanse for å følgja opplæringslova §9A. Elevundersøkinga viser at fleire elevar kjenner seg mobba i skulane i Kvam, og nokre av skulane har høge mobbetalet.

Kvammaskulen treng gode observasjons- og kartleggingsverktøy, både førebyggjande og når det er avdekka utrygt skulemiljø. Me treng tilsette med spisskompetanse, og at alle tilsette har god forståing for korleis dei kan jobba systematisk i desse sakene, og finna eigna tiltak. I Kvam skal miljørettleiarane ha spisskompetanse, og ha ansvar for at Kvam har ein verktøykasse og saman med skuleigar gi nødvendig kompetanse til tilsette i skulane.

Ung Data resultat og dialog med elevar viser at fleire elevar keier seg på skulen, og at dei saknar varierte undervisnings-metodar. Dette er noko me må ta på alvor. Kvammaskulen prioriterer difor tid til at tilsette får arbeida med god og inkluderande undervisning i arbeidet med ny læreplan for skule og sfo. Vidare skal det utarbeidast ein plan for alternativ opplæring for elevar som i periodar treng opplæring på andre arenaer enn i skulen.

Meistring er avgjerande for at elevane skal ha det godt på skulen. Å kunna lesa er ein viktig faktor for å kjenna meistring i skulekvardagen. Skulane vil difor bruka tid på å implementera leseplanen som er laga for Kvammaskulen.

PPT jobbar med kompetanseheving og organisasjonsutvikling, både som eiga teneste og tverrfagleg i KFL og gjennom BTI. Det er ei krevjande oppgåve å jobba mykje på systemnivå og samtidig vareta kravet om å vera sakkunnig instans, der kravet til individuell kartlegging, diagnostisering, rettleiing og skriftleggjering er stort og omfattande.

Kvam PPT har vore og er aktive bidragsytarar i endringsarbeidet som har funne stad dei siste åra i Kvam. Innføring av støttesystem på skulane med skriftleg plan for arbeidet, utvikling av felles tenking om spesialundervisning og tilpassa opplæringsstøtte, kompetanseheving, tverrfaglege kurs til foreldre og tilsette, samt PP-rådgjevar som er tilgjengelege på skulane gjennom utekontor har vore og er prioriterte oppgåver for PP-tenesta. Målet er at gjennom å ha fokus på ei inkluderande opplæring som rommar flest mogleg elevar, skal ein redusera behovet for spesialundervisning. Dette er eit arbeid det tek tid å snu. Ein er avhengig av at ein endringsvillig skule og eit systemtenkande PPT arbeider ilag og med felles retning og forståing for å få dette til.

Det er ei utfordring for PPT å balansere sakkunnig arbeid og systemretta arbeid inn mot skular og barnehagar. Prioriteringar i planperioden for å klara å stå i denne dikotomien mellom individretta arbeid og systemretta arbeid og organisasjonsutvikling er det viktig at det er ei forståing i PP-tenesta, men også i skular og barnehagar, at systemretta arbeid og individretta arbeid kan spela saman og være gjensidig forsterkande meir enn at det er to skilde arbeidsformer.

Beskyttande faktor: Mangfald

Kvammaskulane tek imot elevar frå ulike land som har ulike ressursar med seg til samfunnet vårt. Det er utarbeidd ein handlingsplan for særskild språkopplæring for at dei nykomne skal oppleva god inkludering og språkopplæring i tråd med opplæringslova §2.8. [Handlingsplan for særskild språkopplæring \(framsikt.net\)](#)

Beskyttande faktor: Gode kommunale tenester for barn, unge, gravide og familiar

For å sikra inkluderande, rettvis, og god utdanning og fremja moglegheiter for livslang læring for alle er skule i samarbeid med andre tenester, laget rundt barnet, og brukar BTI som handlingsrettleiar.

Logopedtenesta: Det er i dag 80 % kommunelogoped som er organisert under PPT, knytt til innbyggjarar 0-100 år. Det kan vera vanskeleg å skilja mellom kva som er eit kommunalt ansvar knytt til Opplæringslova og Barnehageloven, og kva som er eit kommunalt ansvar etter Helse- og omsorgsloven. Behov for logopedtenester er større enn stillingsressurs, og i hovudsak blir vaksne med progredierande sjukdomar prioritert framfor barn som har rett til logopedtenester. For å løysa oppgåvane framover, er det behov for å vurdera tildelingspraksis av logopedhjelp sidan det ikkje er rammer til å gje alle brukarane 0-100 år hjelpe dei har behov for.

Aktivitet (Nøkkeltal)

Indikatornamn	Indikator	Resultat 2021	Anslag 2022	Planlagt 2023	Planlagt 2024	Planlagt 2025	Planlagt 2026	Beskriving
Grunnskulepoeng	Grunnskulepoeng	0,0	42,6	42,6	42,8	43,2	0,0	
Mobbing 10.trinn	Mobbing 10.trinn	0,0 %	6,4 %	6,4 %	3,2 %	0,0 %	0,0 %	
Mobbing 7.trinn	Mobbing 7.trinn	0,0 %	12,3 %	12,3 %	6,1 %	3,1 %	0,0 %	
Spesialundervisning 1-10 trinn	Spesialundervisning 1-10 trinn	0,0 %	10,3 %	10,3 %	10,0 %	9,0 %	8,0 %	

Driftsbudsjett**Fordeling på teneste (Tabell)**

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Grunnskole	122 980	128 543	144 768	149 843	144 232	145 216
Voksenopplæring	6 233	6 761	8 348	8 177	8 527	7 328
Skolefritidstilbud	3 490	3 129	4 488	5 693	5 052	4 147
Skolelokaler	24 046	21 651	28 317	25 490	24 554	23 392
Skoleskyss	3 707	4 120	4 120	4 120	4 120	4 120
Sum	160 456	164 205	190 041	193 324	186 485	184 204

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Vedtatt budsjett, tekniske justeringar og vedtak førre periode er knytt til opprinnelag budsjett og budsjettekniske justeringar.

Pensjons og felleskostnader inneholder stort sett endringa på arbeidsgjevaravgift. Lønns og prisvekst for det meste knytt til lønnsvekst. Lønnsvekst delvis fra tariffoppgradering 2022 og estimert auke for 2023. I tillegg er det prisvekst på forsikring og OU.

Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen oppsummerer alle vedtekne tiltak i 1. og 2. tertial 2022 som har verknad i økonomiplan 2023-2026.

Nye tiltak er forslag til endringa på budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026.

Der det står **Andre tiltak** er det stort sett justeringar mellom tenesteområde som går i null samla sett på heradet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	151 428	151 428	151 428	151 428
Sum Tekniske justeringer	-1 732	-1 732	-1 732	-1 732
Sum Vedtak forrige periode	-326	-368	-1 570	-1 883
Sum Pensjons og felleskostnadar	686	587	840	1 056
Sum Lønns- og prisvekst	1 698	1 698	1 698	1 698
Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen				
Auke elektrisitetsutgifter ved 2.tertial 2022	5 243	2 085	1 021	27
Auke elektrisitetsutgifter, samt faste serviceavtalar på FDV, 1.tertial 2022	1 165	1 165	1 165	1 165
Auke i materialkostnadar til forvaltning, drift og vedlikehald	230	230	230	0
Auke løn overtid teknisk	24	24	24	24
Handlingsplan særskilt norskopplæring	2 107	2 107	2 107	2 107
Inntekt SFO	700	700	700	700
Justering av inntekter og utgifter	80	80	80	80
Justering av inntekter og utgifter	50	50	50	50
Mellombelse lokaler for vaksenopplæringa	750	500	800	-438
Miljørettleiarar i Kvammaskulen	2 590	2 590	0	0
Ressursauke i skuleramma for skuleåret 2022/2023	1 581	0	0	0
Utsetje innsparingskrav 1 år	296	0	0	0
Andre tiltak	-529	-84	-84	-84
Sum Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen	14 286	9 447	6 093	3 631
Konsekvensjustert budsjett	14 611	9 631	5 328	2 769
Konsekvensjustert ramme	166 039	161 059	156 756	154 197
Driftskonsekvens				
Auke i løn til vedlikehaldsarbeidar etter ferdigstilling av P60204 Ny vgs i Norheimsund	59	59	59	59
ENØK - Tørvikbygd gymsal - varmepumpe 10 000kWh pr.år	-10	-10	-10	-10
Enøk tiltak 2022 - driftskonsekvens fom 2023	-100	-100	-100	-100
P20230 PC ti ltilsette, delvis finansiert med driftsmidler	-40	-40	-40	-40
Varmepumpe Kvam Ungdomsskule - energieffektivisering	-50	-50	-50	-50
Varmepumpe Ålvik skule garderober og gymsal - energieffektivisering	-30	-30	-30	-30
Sum Driftskonsekvens	-171	-171	-171	-171
Nye tiltak				

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Auka drivstoffprisar i 2023	7	0	0	0
Auke elevar med omfattande tilretteleggingsbehov skule	1 300	2 800	0	0
Auke i digitale lisensar Oppvekst	512	512	512	512
Implementering BTI	500	500	0	0
Innsparingskrav spesialpedagogisk hjelp i skulen	750	0	0	0
Kopimaskiner- forbruk på kopiering	100	0	0	0
Leirskule	150	150	150	150
Nedgang tal elevar i skulen	-350	0	0	0
Prisauke eksisterande IT lisensar	25	25	25	25
Vedtekter skulefritidsordninga	687	1 574	887	0
Andre tiltak	2 014	2 014	2 017	2 021
Sum Nye tiltak	5 695	7 575	3 592	2 708
Nye tiltak og realendringer budsjett	5 524	7 404	3 421	2 537
Ramme 2023-2026	171 563	168 463	160 177	156 734

Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger

Beløp i 1000

	Endringskode	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Auka bemanning 1. trinn Øystese/Norheimsund	Nytt tiltak	1 400	3 000	3 000	3 000
Auka bemanning 1. trinn Ålvik/Tørvikbyd/Strandebar	Nytt tiltak	1 050	2 250	2 250	2 250
Auke logopedstilling for vaksne	Nytt tiltak	477	477	477	477
COS - Foreldrestøtte i skulen	Nytt tiltak	200	200	200	200
Ikt stilling i Oppvekst/skule	Nytt tiltak	1 000	1 000	0	0
Leasingbil til Helsestasjon-	Nytt tiltak	75	75	75	75
Skulehelseteneste og PPT					
PPT auka ressurs med eit årsverk.	Nytt tiltak	950	950	950	950
Reduksjon i pris for SFO	Nytt tiltak	750	750	750	750
Trygt og godt skulemiljø- politisk vedtak	Nytt tiltak	700	700	0	0
Sum		6 602	9 402	7 702	7 702

Nye tiltak

Auka bemanning 1. trinn Øystese/Norheimsund

I samband med arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, er tidleg innsats og nok bemanning viktige stikkord. Det å styrka 1. trinn for å laga ein god plattform er og nemnt i utgreiinga om miljørettleiarstillingane, men det kan og vera fleire pedagogar på 1. trinn. Dette for å laga gode rammer og gjera overgangen frå barnehage til skule betre.

Auka bemanning 1. trinn Ålvik/Tørvikbyd/Strandebar

I samband med arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, er tidleg innsats og nok bemanning viktige stikkord. Det å styrka 1. trinn for å laga ein god plattform er og nemnt i utgreiinga om miljørettleiarstillingane, men det kan og vera fleire pedagogar på 1. trinn. Dette for å laga gode rammer og gjera overgangen frå barnehage til skule betre.

Auke logopedstilling for vaksne

PPT har per no 80 % stilling som logopedressurs - dette er ikkje nok for å oppfylla dei lovpålagte oppgåvene frå 0 - 100 år.

Lovgrunnlaget for logopedihjelp i kommunane er regulert gjennom Helse- og omsorgstenesteloven, Opplæringslova og Barnehageloven. Kommunelogoped gir hjelp til barn og unge etter Opplæringslova og Barnehageloven. I tillegg skal dei gje logopedihjelp til vaksne etter opplæringslova kap 4A som er knytt til vaksenopplæringa. 80 % stilling rekk til å fylla oppgåvene i oppvekst, 0-16 år, og Vaksenopplæringa.

I tillegg skal Kvam herad gje tilbod om logopedihjelp til vaksne som treng det grunna sjukdom, skade eller lyte, der tilvisar er lege eller andre helseføretak. For å klara å gje hjelp fra 0-100 år bør logopedressursen aukast med minimum 50%.

Det er svært vanskeleg å rekruttera logopedar til kommunane. Våre to dyktige logopedar pr i dag, nærmar seg siste del av arbeidslivet. Innan kort tid vil me ha behov for nye. Eit sterkt og godt tverretatleg logopedmiljø, vil styrka Kvam herad i rekruttering av logopedar.

COS - Foreldrestøtte i skulen

Oppveksteininga ynskjer å styrka tilsette sin relasjonskompetanse i møte med barn og foreldre. Å byggja relasjonar er ein sentral del av profesjonaliteten. Gjennom opplæring og øving vert kompetanse sikra. Barnehagane er i gang med ei kursrekke som heiter "sjå barnet innanfrå". Tryggleiksirkelen er ein modell som skal hjelpe å sjå barnet innanfrå og på den måten forstå barnet sine signal betre.

I det vidare arbeidet må fleire tilsette i «laget rundt barnet» og tilsette i skule få styrka sin relasjonskompetanse. For at fleire tilsette raskare skal få opplæring er det ynskjeleg med friske midlar inn på kompetansehevinga. Kvam herad samarbeider med kompetansesenter i denne satsinga.

Ikt stilling i Oppvekst/skule

Ikt stilling i Oppvekst/skule for å få opp system og kontroll på lovpålagt og det særskrivande GDPR-arbeidet.

Skuleadministrasjonen har ikkje tilstrekkeleg kapasitet eller kompetanse til å jobba ut system og sikra GDPR-arbeidet. Kvam ynskjer å sikra at datatryggleiken er på plass for elevar og tilsette, slik at me ikkje risikerer personopplysningar på avvegar som til dømes i Bergen.

(<https://www.sticos.no/fagstoff/personvern/kategori/personvern/gdpr-brudd-ga-16-millioner-kroner-i-bot>)

Det kan vera ein prosjektstilling.

Leasingbil til Helsestasjon-Skulehelseteneste og PPT

Helsestasjon ynskjer leasingbil for å køyra til utekontor og heimebesøk. Helsestasjon er tre dagar i veka i Strandebarm og ein dag i Ålvik, i tillegg til ca 160 heimebesøk til nyfødte born i kommunen.

PPT ynskjer ein leasingbil i tenesta.

PPT auka ressurs med eit årsverk.

Auka ressursar på PPT med 100 % stilling

For å klara å balansera arbeidet mellom system- og individretta arbeid på ein måte som gagnar brukarane våre og som skapar inkluderande læringsfellesskap for born/elevar har PPT for lite ressursar. PPT treng gode folk med kompetanse for å kunna gjennomføra lovpålagnede oppgåver; fagleg kompetanse på masternivå er nødvendig. Fram til no har PPT klart å ivareta dette kravet. PPT ynskjer eit sterkare fokus på rekruttering framover for å klara å oppretthalde det høge kompetansekravet me har per i dag. PPT har per i dag 5 fagstillingar som PP-rådgjevarar, som skal dekka systemretta arbeid og sakkunnig arbeid på 7 skular og i 7 barnehagar. Alle skulane har til dømes tilbod om 2-4 fulle arbeidsdagar i månaden med utekontor i tillegg til andre besøk i barnehage og skule for konkrete oppdrag, både på system- og individnivå.

PPT har eit behov for å auka bemanninga for å møta krav om lovpålagnede arbeidskrav og forventningar frå barnehage og skule. Talet på stillingar i PPT har stått stille over mange år trass store endringar og auke i lovpålagnede arbeidsoppgåver.

Reduksjon i pris for SFO

Ein SFO-plass i dag kostar meir enn ein barnehageplass. Tenesta ynskjer at makspris til SFO skal vera 80 % av makspris i barnehage. SFO er ein viktig inkludering- og meistringsarena og pris for SFO-plass bør ikkje vera til hinder for at familiarer vel å sökje om SFO-plass.

SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna, og gje borna omsorg og tilsyn. Etter ny rammeplan har Kvam herad utarbeidd ein communal plan for SFO. Borna på SFO i Kvam skal kjenna seg sett og inkludert. Dei skal få oppleva at deira mening er viktig og at dei kan få vera med å forma innhaldet i SFO. SFO er barna si fritid og det er difor viktig at dei opplever valfridom i kvardagen. Planen legg vekt på eit breitt og tilpassa aktivitetstilbod til borna i SFO. Dei skal få høve til å verta introdusert for ulike aktivitetstilbod, gjera seg kjende i nærmiljøet, oppleva matglede og kjenna at dei vert møtt med respekt og er inkludert.

Trygt og godt skolemiljø- politisk vedtak

Midlar til å vidareføra arbeidet som er påbegynt rundt trygt og godt skolemiljø.

Viser til orientering i heradstyret 27.09.22 der administrasjonen orientert om korleis vedtak frå 14.06.22 blir fulgt opp hausten 2022.

Kvam herad har fått fleire faglege råd frå kompetansemiljøa som går i retning av at me bør prioritera tid og ressursar på andre tiltak i denne fasen enn å kjøpa inn eit mobbeprogram.

Eit tydeleg innspeil er at heradt bør løfta fram aktivitetsplikta og ha hovudfokus på denne. Kortid skal me gripa inn, korleis skal me gripa inn, osv. Alle vaksne må vera trygge på aktivitetsplikta. Mobbeombodet i Vestland har gitt heradet innspeil om at ressurspersonar på kvar skule med spisskompetanse på trygt og godt skolemiljø vil vera ein styrke i arbeidet. Tilsette med spisskompetanse kan ha oppgåver knytt til system, kompetanseheving, kultur og haldningsarbeid og vera støtte i konkrete saker. Mobbeombodet framhevar bruken av **kartleggings- og observasjonsverktøy** inn mot skule/klassemiljøet som eit førebyggjande tiltak. Det å bruka kartleggingsverktøy i "fredstid", før det er signal om utrygt skolemiljø, gir kontaktlærar høve til å fanga opp signal tidleg. For å bli god i bruk av ulike verktøy må det setjast av tid til at tilsette får øva seg i å bruka det. Laget rundt barna, dei vaksne, må rustast til å stå i arbeidet over tid, og utføra jobben med å gje barn og unge eit trygt og godt oppvekstmiljø kvar dag, kvar time og kvart minutt.

Med bakgrunn i tilrådingar frå fagmiljøa er det ynskjeleg å leggja til rette for 2 fagsamlingar(2x3t) for alle tilsette i skulane, og å kjøpa inn ekstern fagkompetanse til dette arbeidet.

Kostnad til innkjøp av program er ikkje teke med i denne omgang sidan tilrådingane frå fagmiljøa går på å styrka systemarbeid og heva kompetanse til tilsette i noverande fase.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum 2023-26
	Brutto prosjekt utgift	Øyrem. fin.	2023	2024	2025	2026	
Grunnskuleopplæring							
0* PC til tilsette i skule og bhg - årleg			750	750	750	750	3 000
0* Skule - inventar og utstyr - årleg			188	188	188	188	750
0*ENØK - Tørvikbygd gymsal - varmepumpe	156	0	156	0	0	0	156
0*Mellombels lokaler Vaksenopplæringa	875	0	500	275	0	0	775
IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg			1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Kommunale funksjonar i Kvam VGS	46 265	-4 000	6 250	25 428	0	0	31 678
Ombygging Øystese barneskule	949	0	-13	0	0	0	-13
Skulekjøken Øystese skule	6 050	-3 000	1 250	0	0	0	1 250
Sum Grunnskuleopplæring	54 295	-7 000	10 581	28 141	2 438	2 438	43 596

Kommunehelse

Innleiing

Link til beskriving av tenesteområdet: [Kommunehelse](#)

Prioriteringar i planperioden

Planarbeid:

Leiarar og tilsette vil fylgja opp tiltak som er prioritert i dei ulike temaplanane for tenestene. Plan for helsemessig og sosial beredskap skal utarbeidast. I dette arbeidet vert det viktig å ta med erfaringar frå arbeidet med pandemien og det overordna ROS- arbeidet i kommunen. Plan for ergo-og fysioterapitenesta og plan for demensomsorga er under arbei. Plan for lokalmedisinsk senter skal reviderast i økonomiplanperioden.

Legetenesta:

Eit overordna mål for tenesta er ei fagleg sterk allmennlegeteneste og ei attraktiv og robust fastlegeordning. Ulike rekrutterings- og stabiliseringstiltak i fastlegeordninga er viktig for å nå dette målet. Det må i planperioden arbeidast for å sikra økonomisk berekraftige driftsformer, rekruttering av fastlegar, faglege fellesskap, kvalitet og nødvendig beredskap. Det er også viktig å leggja til rette for at tiltaka i nasjonal handlingsplan skal kunne gjennomførast lokalt.

Kommunen står framfor eit generasjonsskifte i fastlegekorpsset og vil ha behov for å rekruttera fleire nye fastlegar i komande år. Erfaringa viser at det er vanskeleg å rekruttera kvalifiserte fastlegar. I samband med arbeidet rådmannen har gjennomført, med å vurdera communal overtaking av legekontor, er det vurdert ulike modellar for både næringsdrivande fastlegar og fastlønna fastlegar. Det er viktig at kommunen er open for ulike løysingar og dette er tema som det må arbeidast vidare i planperioden.

Den nye regjeringa har i statsbudsjettet for 2023 varslar auka satsing på fastlegeordninga ved å auka basistilskotet. Det er ikkje endeleg avklara kva effekt dette vil gje for kommunen og fastlegane.

Tenesta er i startfasen med å førebu interkommunalt samarbeid innan temaområdet miljøretta helsevern.

Legetenesta har eit tett samarbeid med spesialist-helsetenesta. Samhandlinga er regulert i nytt avtaleverk om Helsefellesskap. Tenesta vil i økonomiplanperioden fylgja opp tenesteavtalar og anna plan- og utviklingsarbeid. Fastlegane har ei sentral rolle i den nye samhandlingsstrukturen både på individ og system. Det er viktig for kommunen å finna gode ordningar for samarbeidet om akutthjelparordninga i tråd med nasjonal veiledar som er under utarbeiding.

Tenesta vil i økonomiplanperioden vidareføra det interkommunale samarbeidet om legevakt på natt og eigen legevaktstasjon i Kvam på ettermiddag/ kveld og helg.

Den nye omsorgs-modellen i pleie og omsorg får også konsekvensar for legetenesta. Det er viktig å arbeida vidare med å få på plass god samhandling mellom legetenesta og pleie og omsortenesta.

I tråd med nasjonale føringar vil tenesta i løpet av økonomiplanperioden vurdera å oppretta system for primærhelseteam. Digitalisering av arbeidsprosessar og auka bruk av digitale løysingar i møte med brukarane må vurderast, også system for digital heimeoppfølging (avstandsoppfølging).

Tenesta har gjort seg nokre erfaringar i samband med pandemien knytt til kommuneoverlegoppgåver og smittevernansvar. Det vert viktig å vurdera korleis kommuneoverlegeoppgåver bør organiserast og kva ressursbehov det er knytt til oppgåvene.

Den demografiske utviklinga i Kvam utfordrar også legetenesta. Dette saman med ytterlegare oppgåveoverføring frå spesialist-helsetenesta og rekrutteringssituasjonen i fastlegeordninga vil utfordra ressurssituasjonen i tenesta. Det vert viktig å vurdera korleis oppretthalde dagens struktur med desentraliserte tilbod parallelt med utviklinga og utfordringar i dei andre helse og omsorgstenestene.

Ergo-og fysioterapitenesta

Helse og omsorgstenesta har som overordna mål at flest mogleg skal ha eit godt liv i eigen heim. Tidleg innsats og meir satsing på tenester til heimebuande er sentralt i ny omsorgs-modell. Ergo- og fysioterapitenesta må difor fortsetja med å dreia tenestetilbodet mot meir tilrettelegging i bustad, meir bruk av tekniske hjelpemidlar og meir trening- og aktiviteringstilbod for dei ulike brukargruppene. Tenesta vil vera med å vidareutvikla det tverrfaglege rehabiliterings- og habiliteringstilbodet i tråd med tiltak i temaplanane.

Fysisk aktivitet og tilrettelagt trening har stor effekt på eiga helse. Nye behandlingsmetodar legg opp til meir trening som alternativ til operasjon, ofte då som lange oppfølgingsløp. Parallelt er det også stort behov for opptrening etter operasjonar. Det er viktig at tenesta føl opp nasjonale råd og utviklingstrenda og utviklar tenestetilbodet i tråd med desse.

Barn og unge si psykiske helse er satsingsområde både nasjonalt og lokalt og det er aukande forståing i fagmiljøa på at den fysiske helsa er viktig for utvikling av god psykisk helse. Fysioterapi for born og unge er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta og det er viktig å prioritera ressursar til dette området i tråd med nasjonale føringer.

Dei private fysioteriinstitutta står framfor eit generasjonsskifte og spesialistkompetanse innan ulike fagområde skal erstattast, spesielt gjeld dette kompetanse innan psykomotorisk fysioterapi. Dette er viktig å ta med i vidare rekrutteringsarbeid.

Dagens struktur med desentraliserte tilbod og den demografiske utviklinga i Kvam utfordrar også ergo- og fysioterapitenesta. Det vert viktig å vurdera dagens struktur med desentraliserte tilbod parallelt med vurderingar og utfordringar i legetenesta.

Arbeidet med rullering av plan for ergo- og fysioterapitenesta er i gang. Prioriterte tiltak frå planen vert førande for tenesta i økonomiplanperioden.

Kommunepsykolog -Familiesenter

Psykologtilbodet for barn og unge er organisert saman med familieterapeutar og utekontakt i Familiesenteret. Avdelinga si rolle ser ut til å fylla nokre av "mellomromma" mellom ulike tiltak og tenester, ma tilby lett tilgjengeleg psykisk helsehjelp til barn og unge og gje hjelp og støtte til foreldre som ber om det. Ei prioritert oppgåve er individuelle tilbod/kurstilbod til barn, unge og foreldre som har kontakt med barnevernstenesta. Avdelinga tek aktivt del i det tverrfaglege førebyggjande systemarbeidet, ma implementering av BTI, Oppvekstplanen og Oppvekst-/barnevernsreforma-Oppvekstsjefen har ei forventning om høg kompetanse i avdelinga som skal nyttast på tvers i organisasjonen. Utekontakten møter alle målgrupper ungdom, og er åleine om å arbeida oppsøkjande.

Familiesenteret dekkjer såleis eit breitt felt av oppgåver frå helsefremming og førebygging til behandling innan ulike vanskeområde.

Familiesenteret har få nasjonalfaglege retningslinjer om prioritering av oppgåver, bortsett frå ansvar for familiar som har rett til råd og veiledning i barnevernet (hjelpetiltak). Pågangen frå foreldre som søker råd og rettleiing av andre grunnar er aukande. Det same gjeld barn/unge som ber om psykisk helsehjelp, som også er ei nasjonal utvikling. I Kvam kan ei medverkande årsak også vera avstand til Familievernkontor (Odda/Voss, Bergen) eller Barne- og Ungdomspsykiatrisk poliklinikk Voss (BUP). Foreldre ønsker hjelp nærmare, og avstanden kan vera ein terskel for å søkja hjelp i ein elles vanskeleg situasjon.

Presset på dei lett tilgjengelege tenestene kan vera ein risiko for at hjelpetiltaka i barnevernet ikkje vert omfattande nok til dei familiene som har størst behov. Utfordringa er tidlegare omtalt i tilstandsrapporten for barnevernet, og under «Barnevern» i budsjetteksten.

Utekontakten har nær kontakt med ungdomsgruppa og har generelt god oversikt over behov i gruppa – alt frå ønske om aktivitetar, uformelle treffstader og lett tilgjengeleg hjelp og støtte når ein har det vanskeleg. Utekontakten kjem tidvis i kontakt med ungdomar som anten ikkje ønsker eller klarar gje seg nytta av dei etablerte tilboda om hjelp og støtte. I det siste har utekontakten vore særleg merksam på unge som er i risiko for tidleg rusdebut hos ungdom.

Familiesenteret står i stadige utfordringar kring prioritering av oppgåver, både pga av sitt breie mandat, og samtidige behov for å gje omfattande tilpassa hjelp og støtte til familiar som har det ekstra vanskeleg. Arbeidet med modellen *Betre Tverrfagleg Innsats BTI* og andre tverrfaglege samarbeidsmodellar har som mål å fanga opp vanskar tidleg, gje hjelpe meir treffsikker – rett hjelp til rett tid på rett plass, og i sin tur bidra til at færre havnar i utanforskap med forringa livskvalitet og psykisk uhelse.

Familiesenteret vil bidra til dei langsiktige måla i oppvekstplanen, i første omgang på følgjande prioriterte område:

Beskyttande faktor: Trygge vaksne

Trygge vaksne, i første rekke foreldre, er ein føresetnad for at barn og unge skal utvikla seg til robuste vaksne som meistrar livet sine «sorger og glede». Barn og unge er sårbarer og avhengige av å bli møtt, sett og forstått slik at deira grunnleggjande behov vert dekka. Familiesenteret har familien – foreldre, barn og unge i fokus i alt sitt arbeid. Tenesta vil særleg prioritera å utvikla tiltaka for og rundt familiar som har det ekstra vanskeleg, som ofte i kontakt med barnevernstenesta. Vidare, halda fram med å utvikla tilbodet om råd og rettleiing til foreldre som ber om det, forankring av tilbodet om foreldreundersøkelse og foreldreforedrag i barnehage og skule, jmf Foreldremøteplanen. Familiesenteret vil tillegg jobba for at alle som møter barn og unge i barnehage, skule og på fritida får kunnskap om korleis ein kan gje tilpassa utviklingsstøtte (behov og regulering/grenser).

Utekontakt er særleg merksam på situasjonen kring rusbruk hos ungdom. Ein vil halda fram med å informera og gje råd til foreldre om korleis vera «Ein kjip forelder» (AV og TIL). I tillegg, møta alle elevar saman med helsesjukepleiar i samtalegrupper kring utfordringar i ungdomstida inkl rusmisbruk. KoRuS Vest vil bistå kommunen med kunnskap og rådgjeving korleis arbeida tverrfagleg med utfordringane framover.

Beskyttande faktorar: Aktiv Fritid og Å vera del av ein sosial fellesskap

Utekontakten arbeider for at Ungdomsbasen skal få fleire brukarar og brukargrupper. Jenter med minoritetsetnisk bakgrunn har etterlyst eige tilbod. Barn og unge med utviklingsforstyrrelsar kan også vera aktuell brukargruppe, og med andre aktørar enn utekontakt. Utekontakten held fram med å arrangera ferietilbodet til Ung Fritid, seinast med svært god deltaking i haustferien. Tilboden er universelt utforma og gratis. Utekontakt deltek i kommunal koordineringsgruppe innan Fritid. Prosjekt Basecamp er ønskjeleg å fullføra i løpet av 2023, avhengig av tilskotsmidlar.

Familiesenteret v/utekontakt vil jobba for at tilkomsten til Ungdomsbasen vert universelt utforma.

Familiesenteret i samarbeid med andre tenester/avdelingar ønskjer å vidareutvikla tiltaket *Ungjobb Sommarjobb*. Målet er at fleire unge som strevar med lite mestring og deltaking, får tilbod om sommarjobb, ev jobb gjennom skuleåret. Sålangt gode erfaringar, som i nokre tilfelle har ført til ordinære jobbavtalar. Ungjobb er eit av fleire hjelpetiltak for ungdom som er i kontakt med barnevernstenesta.

Beskyttande faktor: Gode kommunale tenester for gravide, barn, unge og familiær

Familiesenteret vil prioritera og støtta opp om arbeidet med å implementera BTI-modellen. I tillegg, samarbeida med barnehage og skule, og andre tenester i KFL både på system- og individnivå i arbeidet med å utvikla heilskaplege tenestetilbod.

Saman med barnevernstenesta og relevante kompetansemiljø, utviklar tiltak for barn, unge og familiær, som er nødvendige for å førebyggja omsorgsovertaking. Tiltaka er i større grad kjenneteikna av å vera samtidige, intensive og å karakter av «skreddarsaum». Kvam har teke imot tilskot til forprosjekt til FACT-ung som har denne målsetjinga.

Tilboden om råd og veiledning til foreldre skal vidareutviklast i samarbeid med dei andre hjelpetenestene i kommunen.

Psykologtilboden for barn og unge er avgrensa, pga leiaransvar. Fokus på lett tilgjengelege tilbod om psykisk helsehjelp for alle aldersgrupper i kommunen er auka frå nasjonalt hald. Behovet for psykisk helsehjelp til barn og unge i kommunane er aukande, og krev stadige prioriteringar. Tilboden i spesialisthelsetenesta er også under press, td BUP Voss, som har vanskar med å rekruttera fagkompetanse og auka pågang av barn og unge som har rett til nødvendig helsehjelp i spesialisthelsetenesta. Reisevegen er dessutan lang, som aukar terskel for å ta imot hjelp, tap av undervisning for elevar og arbeidstid hos foreldre. Oppveksteininga er i stadig kontakt med BUP Voss med mål om å retablira ordninga med utekontor som var fast praksis for ein del år tilbake. Eininga har jamleg kontakt med BUP Voss i ulike samarbeidsfora for å finna løysingar som gagnar den enkelte familie. Avstanden til nærmeste Familievernkontor, gjer også at terskel for å søkja hjelp der vert heva hjå familiær som allereie har ein krevjande kvardag.

Familiesenteret skal oppretthalda og utvikla kompetansen slik Oppvekstsjefen har lagt til grunn for avdelinga si rolle og oppgåver.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste som skal ivareta den fysiske og psykiske helsa og gje helsefremjande og førebyggande tilbod til barn og unge i alderen 0-20 år, gravide og føresette.

Det er press på tenesta med vekst i samansette hjelpebehov og nye oppgåver, og samtidig er det, rekrutterings-utfordringar med å få tak i nok kvalifiserte helsejukepleiarar.

Beskyttande faktor: Gode kommunale tenester for gravide, barn, unge og familiar

Tenesta ser ein vekst i samansette hjelpebehov, fleire unge opplever psykisk uhelse, og utanforskap blant barn og unge påvirkar folkehelse og livskvalitet. Tenesta skal vera med å styrkja det som bidreg til betre helse. Førebyggjande helsearbeid handlar om fremma folks helse, både psykisk og fysisk, redusera risiko for sjukdom og bidra til at helsa er ein positiv ressurs i kvardagen for den enkelte- gjennom heile livet. Helsestasjon og skulehelsetenesta møter alle barn og unge. Gjennom faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid fremmar tenesta god helse gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon, rettleiing og tenesta avdekkar og sikrar riktig oppfølging av barn og familiar med utviklingsavvik og ulike samansette vanskar. Det er derfor viktig at kommunen prioriterer det førebyggjande og helsefremjande arbeidet som skjer i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Tenesta er sjølve grunnmuren i det førebyggande arbeidet blant barn og unge.

Tenesta må i samarbeid med barnehage, skule og dei andre tenestene rundt barn og unge, legge til rette for trygge og utviklande oppvekstmiljø i eit samarbeid mellom tilsette, barn, ungdom, familiar og eksterne samarbeidspartar. Eit heilskapleg blikk og felles ansvar er visjonen til Kvam familie og læringssenter som helsestasjon og skulehelsetenesta er ein del av. BTI støttar opp om denne visjonen og gjennom BTI har alle tenestene fått eit tydeleg verktøy for å handtera bekymring og handla i tråd med bekymringa. Det blir derfor viktig å prioritera implementering av dette verktøyet i tenesta og at helsejukepleiarane blir trygg på å bruka det.

Ei anna viktig prioritering er å halda fram som deltakar i konsultasjonsteamet for vald og overgrep

Riktig kompetanse er viktig for å møta samansette hjelpebehov på ein god måte og klara å gje rett hjelp til rett tid. Vidareutdanning og kursing er nødvendig, og tenesta må prioritera å setja av tid til dette.

Tenesta treng effektive digitale verktøy som samsnakkar med kvarandre i ein hektisk arbeidskvardag. Tenesta må derfor prioritera kontinuerleg kompetanseheving for å kvalitetssikra rett bruk av fagsystema. Å ha effektive digitale verktøy og utføra tiltak i tråd med digitaliseringstrategien vert prioritert.

Beskyttande faktor: Trygge vaksne

Bemanningsnorma er ikkje bindande, men skal vera førande for tenesta. Ho ligg i dag under når det gjeld skulehelsetenesta på barneskulane. Tenesta må framover prioritera at helsejukepleiarane er nok til stades for elevane ute på skulane og kan utføra dei lovpålagte oppgåvene, både på individ-og systemnivå. I fleire utredningar og stortingsmeldingar om tverrfagleg arbeid, vert skulehelsetenesta si rolle på skulen spesielt nemnt. Tenesta er ein viktig partnar i arbeidet med å skapa eit trygt og godt skolemiljø, blant anna gjennom å samarbeida med dei tilsette i skulen og vera lett tilgjengeleg for elevane.

Tenesta ser same tendensen som andre tenester, kjem også fram i Ungdata undersøkinga frå 2021, om lågare debutalder for alkohol og at fleire unge nytta ulovlege rusmiddel. Tenesta vurderer at det er behov for å prioritera meir tid til det rusførebyggjande arbeidet både på individ og systemnivå.

Kommunebarometer 2022:

Helsetenesta i Kvam kom på 83. plass i *Kommunebarometeret for 2022*. Barometeret tek utgangspunkt i 14 nøkkeltal, mellom anna legedekning, dekning av helsejukepleiar, skulehelse, heimebesøk og vaksinasjonsgrad.

I 2021 var det ingen fastlegelister som mangla fastlege og det var ledig plass på 40% av fastlegelistene. Situasjonen i Kvam har endar seg etter innrapportering av desse tala. Pr. i dag er det ei fastlegelite utan fast lege og det er ikkje ledige plassar på nokon av listene. På tre av listene er ventelista på mindre enn ti personar. I Kvam herad har fastlegane plass til omlag 400 personar fleire enn det er busett i kommunen.

I Kvam fekk 94,85 prosent av barna helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn, mot 98,06 prosent året før. Vaksinasjonsgrad for 2- og 9-åringane har stor betydning for kommunen si rangering innenfor helse-sektoren. I Kommune-Norge varierte vaksinasjons-graden mellom 67,4 prosent og 99 prosent for 2-åringane, og mellom 83,9 prosent og 99,4 prosent for 9-åringane i 2020

Rangering

	2017	2018	2019	2020	2021
HE01 Andel legeårsverk per 10000 innbyggere	144	163	181	188	205
HE02 Andel av fastlegelistene som er åpne	156	138	167	191	115
HE03 Andel av fastlegelistene som mangler lege	1	1	1	1	1
HE04 Andel ledige listeplasser	135	134	127	126	183
HE05 Andel helsesykepleier-årsverk per 10 000 innbyggere under fem år	134	104	102	68	78
HE06 Årsverk av psykiatriske sykepleiere, per 10 000 innbyggere	191	179	166	181	182
HE07 Årsverk av jordmødre per 10 000 fødte	85	99			
HE08 Antall sykehuseophold per 1000 innbyggere	86	68	128	178	211
HE09 Andel med fullført helseundersøkelse innen 1. skoleår	247	1	1	143	169
HE10 Andel fødte med hjemmebesøk innen 14 dager	1	1	1	1	1
HE11 Vaksine, 2-åringar	81	137	168	167	169
HE12 Vaksine, 9-åringar	59	77	35	32	61
HE13 Legemiddelbruk per 10000 innbyggere	237	228	205	196	214
HE14 Netto utgifter til forebygging per innbygger over 4 år		80	113	146	165

Aktivitet (Nøkkelta)

Indikatornamn	Indikator	Resultat 2021	Anslag 2022	Planlagt 2023	Planlagt 2024	Planlagt 2025	Planlagt 2026	Beskriving
Heltestasjonskontroller	Heltestasjonskontroller	0,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %	0,0 %	
1-5 år	1-5 år							
Nyfødt med heimebesøk innan 14 dagar	Nyfødt med heimebesøk innan 14 dagar	0,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	

Driftsbudsjett**Fordeling på teneste (Tabell)***Beløp i 1000*

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	11 252	10 710	11 453	11 552	11 727	11 812
Annet forebyggende helsearbeid	4 237	2 356	2 057	1 493	1 514	1 523
Diagnose, behandling, re-/habilitering	27 659	23 717	27 473	27 952	28 195	28 301
Tilbud til personer med rusproblemer	0	6	4	4	4	4
Sum	43 148	36 788	40 987	41 001	41 439	41 640

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Vedtatt budsjett, tekniske justeringar og vedtak førre periode er knytt til opprinnelag budsjett og budsjettekniske justeringar.

Pensjons og felleskostnader inneholder stort sett endringa på arbeidsgjevaravgift. Lønns og prisvekst for det meste knytt til lønnsvekst. Lønnsvekst delvis frå tariffoppgjer 2022 og estimert auke for 2023. I tillegg er det prisvekst på forsikring og OU.

Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen oppsummerer alle vedtekne tiltak i 1. og 2. tertial 2022 som har verknad i økonomiplan 2023-2026.

Nye tiltak er forslag til endringa på budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026.

Der det står **Andre tiltak** er det stort sett justeringar mellom tenesteområde som går i null samla sett på heradet.

Driftsbudsjett med endringar*Beløp i 1000*

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	33 880	33 880	33 880	33 880
Sum Tekniske justeringer	-496	-496	-496	-496
Sum Vedtak forrige periode	31	41	57	57
Sum Pensjons og felleskostnadar	-59	-72	-32	14
Sum Lønns- og prisvekst	608	608	608	608
Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen				
Auka elektrisitetsutgifter ved 2.tertial 2022	340	148	83	23
Auka elektrisitetsutgifter, samt faste serviceavtalar på FDV, 1.tertial 2022	144	144	144	144
Insettivordning, fastlege	200	200	200	200
Korrigering avslutta prosjekt	-185	-185	-185	-185
Leasingbilar	38	38	38	38
Utsetje innsparingskrav 1 år	56	0	0	0
Andre tiltak	252	-2	-2	-2
Sum Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen	845	344	279	218
Konsekvensjustert budsjett	930	426	416	401
Konsekvensjustert ramme	34 809	34 305	34 296	34 281
Nye tiltak				
Auke i digitale lisensar Oppvekst	13	13	13	13

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Auke ressurs på helsestasjon for flyktninger fra Ukraina	160	0	0	0
Ferievikar legkontor	150	150	150	150
Fysioterapeut - Oppjustering av driftsheimel til 50% driftstilskot	125	125	125	125
Legestruktur	1 571	1 571	1 571	1 571
Prisauke	350	350	350	350
Tilsetting av to nye ALIS-legar	831	831	831	831
Vikarutgift kommuneoverlege	620	0	0	0
Andre tiltak	5	259	259	259
Sum Nye tiltak	3 826	3 299	3 299	3 299
Nye tiltak og realendringer budsjett	3 826	3 299	3 299	3 299
Ramme 2023-2026	38 635	37 604	37 595	37 580

Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger

Beløp i 1000

	Endringskode	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
100% ergoterapistilling	Nytt tiltak	750	750	750	750
20% utviding av barnefysioterapistilling	Nytt tiltak	115	115	115	115
Auke med 40 kommunale timer - barselgruppe	Nytt tiltak	22	22	22	22
Forsterka helsestasjon ved auke i ressurs	Nytt tiltak	400	400	400	400
Helsejukepleierressurs i skulehelsetenesta	Nytt tiltak	800	800	800	800
Leasingbil til Helsestasjon-Skulehelseteneste og PPT	Nytt tiltak	75	75	75	75
Oppjustering av dei minste heimlane, Nytt tiltak i tråd med avtaleverket (1,4 driftstilskot)	Nytt tiltak	0	700	700	700
SLT-koordinator	Innsparingstiltak	800	800	800	800
Sum		2 962	3 662	3 662	3 662

Nye tiltak

Forsterka helsestasjon ved auke i ressurs

Auka opp med 50 % stilling for å oppretta ein forsterka helsestasjon som kan ha ekstra oppfølging ved behov.

Helsestasjon ynskjer å ha nok tid til oppfølging av ekstra sårbare foreldre med små barn.

Risikofaktor kan vera foreldre som har hatt depresjon eller angst tidlegare i livet, det kan vera mødrer som har hatt svangerskap- eller barseldepresjon, därleg forhold til partner, därleg relasjon til eigne foreldre, utrygg tilknytningsstil, låg sosial støtte, lite sosialt nettverk, negative livshendingar, fattigdom, fleirkulturell bakgrunn, forhold i oppvekst som mobbing, tap, konflikt, omsorgserfaring, eigen sjukdom.

Samtaler tidleg i forløpet har vist seg å ha god effekt, så derfor er det så viktig å kunne gi hjelp så raskt som mogleg. Det er så viktig å gi håp, og at dette er noko som kan behandlast viss symptomata vert alvorlege. Men for nokon held det med nokre få samtaler med helsejukepleier i tett samarbeid med fastlege. Men det er viktig å ha tid til tett oppfølging over tid.

Helsejukepleierressurs i skulehelsetenesta

Auke opp med 1 årsverk i skulehelsetenesta.

Helsesjukepleier skal vera meir tilgjengeleg for elevar på alle skulane kvar veke. Helsestasjon-og skulehelsetenesta i Kvam skal fylge nasjonale føringar og utføra lovpålagte oppgåver. Det er eit stort press på tenesta og det kjem stadig fleire oppgåver som skal løysast. Bemanningsnorma er ikkje bindande, men skal vere førande for tenesta. Den ligg under når det gjeld skulehelseteneste på barneskulane. Det er behov for ei vidare styrking av tenesta, slik at helsesjukepleiarane er nok tilstades for elevane og kan utføra dei lovpålagte oppgåvene våre, både på individ-og systemnivå. I fleire utredningar og stortingsmeldingar om tverrfagleg arbeid, vert skulehelsetenesta si rolle på skulen spesielt nevnt. Tenesta er ein viktig partnar i arbeidet med å skape ein helsefremmande skule, blant anna gjennom å samarbeide med dei ansatte i skulen om tiltak som fremmer eit godt psykososialt og fysisk lærings-og arbeidsmiljø for elevane. Det vert og peika på at det er ei utfordring at bemanninga i skulehelsetenesta er for låg i forhold til veilede minstenorm på 300 elevar pr. heile stilling. Dei siste åra er det gitt auke i tilskudd både i dei statlege overføringane til kommunane, og i ein eigen tilskuddsordning for helsestasjon-og skulehelsetenesta for å bøta på underbemanninga. Sjølv om norma for barneskulen ikkje er nådd, er den auka ressursbruken eit tydeleg signal om politisk interesse for å satse på skulehelsetenesta si rolle og vere tilgjengelege i skulen. Tenesta ser ein vekst i sammensatte hjelpebehov, fleire unge som opplever dårleg psykisk helse, utenforskap blant barn og unge påvirker folkehelse og livskvalitet. Det er viktig å leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen vår, og tenesta skal vere med å styrkja det som bidreg til betre helse.

Tenesta skal førebyggje utvikling-og helserelaterte vanskar hos barn og unge. Tenesta må i samarbeid med barnehage, skule og dei andre tenestene rundt barn og unge, legge til rette for trygge og utviklende oppvekstmiljø i eit samarbeid mellom tilsette, barn, ungdom, familiar og eksterne samarbeidspartar. Dei nye retningslinjene for skulehelsetenesta fokuserer særleg på korleis skulen og skulehelsetenesta skal samhandle. På bakgrunn av blant anna Meld.St. 21 (2016-2017) er det lovfesta at skulen er plikta til fleirfagleg samarbeid med relevante tenester når det gjeld konkrete saker for enkeltelever, men også når det gjeld samarbeid på systemnivå.

Forsking viser at dess meir tilgjengeleg tenesta er på skulane, dess meir pågang har tenesta av elevar som har behov for oppfølging.

Leasingbil til Helsestasjon-Skulehelseteneste og PPT

Helsestasjon ynskjer leasingbil for å køyra til utekontor og heimebesøk. Helsestasjon er tre dagar i veka i Strandebarm og ein dag i Ålvik, i tillegg til ca 160 heimebesøk til nyfødte born i kommunen.

PPT ynskjer ein leasingbil i tenesta.

SLT-koordinator

Politiets ynskje at kommunane skal tilsetja SLT-koordinator. SLT står for samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak, og ein koordinator kan tilsettast i heil- eller deltidsstilling. Fleire kommunar kan gå saman om ei stilling.

SLT-modellen skal sikra betre kommunikasjon på tvers av tenester og nivå.

Pleie og omsorg

Innleiing

Lenke til beskriving av tenesteområde: [Pleie og omsorg](#)

Prioriteringar i planperioden

Tenesta vil fylgja opp tiltak beskrive i temaplanar og strategiplan for «Leve hele livet» og vidareføra utviklingsprosjektet «Eit godt liv der me bur- tenester for framtida, meistring og deltaking». Plan for demensomsorga er under arbeid. Plan for lokalmedisinsk senter skal reviderast i planperioden og tenesta vil delta i arbeidet med plan for frivillig arbeid.

Pleie og omsorgstenesta vil i økonomiplanperioden arbeida vidare med implementering av ny omsorgsmodell. Kommunen må vri tenestetilbodet ytterlegare til tenester som bidrar til at fleire kan klara seg sjølve og bu heime lenger. Tenesta må i større grad vurdera dekningsgrad og tal lokasjonar med heildøgnstilbod og det må arbeidast vidare med heiltidskultur og fleire i større stillingar. Den ambulante heimetenesta må styrkjast og satsing på aktivitetstilbod og rehabilitering må aukast. Vidare arbeid med tenesteutvikling, tilbod på alle nivå i omsorgstrappa og kvalitet, kompetanse og rekruttering vil skje i dei fem delprosjekta i utviklingsprosjektet: *Eit godt liv der me bur, tenester for framtida, meistring og deltaking:*

- Tenester til heimebuande
- Tenester til personar med utviklingshemming
- Heildøgnstenester
- Natt-tenesta
- Dag- og aktivitetstilbod

Tenesta vil leggja til rette for brukarmedverknad i det vidare utviklingsarbeidet. Kontinuerleg forbetring skal vera eit førande prinsipp for oppgåveløysing og utvikling av kommunen sine tenester og dei tilsette skal nytta Lean som metode i dette arbeidet. Grunntanken i Lean er at kvar einskild medarbeidar er ein viktig aktør for å driva utvikling og forbetrings- den som utfører tenesta vil oftast ha dei beste forslaga til løysing og forbetrings-

Pleie og omsorgstenesta står framfor eit stort generasjonsskifte og rekruttering av helsepersonell er ei av dei største utfordringane framover. Nye arbeidsmodellar må vurderast for å greia alle oppgåvene. Det vert viktig å vurdera kva oppgåver som må løysast av personell med helsefagleg kompetanse og kva oppgåver som kan løysast av personell med annan kompetanse. Det må arbeidast for å få fleire utdanningstilbod lokalt, både fagarbeidarutdanning og desentraliserte utdanningstilbod. Kommunane får stadig nye oppgåver og det vil vera behov for å både erstatta kompetanse og skaffa ny kompetanse til tenesta.

Tenesta er i gang med å rekruttera prosjektkoordinator til det 2- årige prosjektet auka grunnbemannning i helse og omsorg.

Prosjekt klinisk ernæringsfysiolog som ressurs i omsorgstenesta starta i 2022. Kommunen har fått innvilga prosjektmidlar for eitt år. Det er ynskje å vidareføra prosjektet i inntil 3 år og det må søkjast om prosjektmidlar kvart år.

Prosjektstillinga skal bidra til:

- meir systematisk fag- og kvalitetsutvikling
- auka kunnskap og kompetanse om ernæring og ernæringsarbeid i tenesta
- inngå i tverrfagleg samarbeid og samhandling i oppfølging av brukarar og pasientar

Ei av dei største utfordringane tenesta står overfor som fylge av auka levealder og endra alderssamansetjing, er at talet på personar med demens vil auka. Ei stor oppgåve for tenesta er å vidareutvikla tenestetilbodet til denne brukargruppa og sikra at kommunen har nødvendig kompetanse innan demens i dei ulike faggruppene.

Digitalisering og auka bruk av velferdsteknologi er sentrale satsingsområde i økonomiplanperioden. Det er viktig å fylgja med på den nasjonale utviklinga og delta i prosjekt og nettverk saman med andre kommunar.

Pleie og omsorgstenesta har eit tett samarbeid med spesialist-helsetenesta. Samhandlinga er regulert i nytt avtaleverk om Helsefellesskap. Tenesta vil i økonomiplanperioden fylgja opp tenesteavtalar, mellom anna knytt til inn- og utskriving og anna plan- og utviklingsarbeid, t.d gode pasientforløp.

Samarbeid med pårørande og frivillige må styrkast og tenesta må i økonomiplanperioden fylgja opp *Strategisk handlingsplan for eldre i Kvam* med prioriterte tiltak innan dei 5 temaområda i stortingsmeldinga « *Leve hele livet*»:

- eit meir aldersvenleg samfunn
- aktivitet og fellesskap
- mat og måltid
- helsehjelp
- samanheng i tenestene

Nye Strandebarm omsorg vil stå ferdig på nyåret. Det vert viktig å få på plass gode arbeidsmodellar, gode arbeidslag og godt tverrfagleg samarbeid med andre helse og omsorgstenester i det nye omsorgssenteret. Det vert også viktig å etablera god dialog og samhandling med bygda og det frivillige arbeidet.

Tenester til menneske med utviklingshemming vil vidareutvikla tenestetilbodet for brukargruppa i tråd med ny nasjonal veiledar om gode helse og omsorgstenester for personar med utviklingshemming. Det er viktig at kommunen har nok personell med rett kompetanse til brukargruppa. Det må i økonomiplanperioden arbeidast med å leggja til rette for ulike buformer sentralt i kommunen. Ein vil arbeida med å utvikla avlastningstenesta ved å undersøkja mogelegheitene for meir fleksible avlastningsvedtak. Samstundes ynskjer ein at avlastinga skal laga gode modellar for kartlegging og utgreiing av born og unge, slik at dette gjev gode grunnlag for overgangar seinare i livet. (Tenester til MMU ynskjer å satsa meir på bruk av velferdsteknologi for å ivareta sjølvstende og meistring i den enkelte sitt liv.)

Samarbeidet med Hardanger aks må videreførast og vidareutviklast. Tenesta vil i planperioden vurdera å oppretta alternative dagaktivitetstilbod for brukarar som ikkje kan nyttja seg av arbeidstilbodet på Hardanger aks. Det må arbeidast vidare med å få på plass gode ordningar for arbeidskøyring for dei som har behov for det.

Tenesta har fått statlege midlar til å vurdera alternative avlastningsordningar for barn og unge med utviklingshemming. Arbeidet er ikkje kome i gang og må vidareførast i 2023.

Rus og psykisk helse

Tenesta vil i økonomiplanperioden fylgja opp tiltak i rusfagleg handlingsplan. Tenesta vil i tillegg til oppfølging av enkeltpersonar arbeida for å få på plass fleire gruppe- og aktivitetstilbod for ulike brukargrupper. Dei vil ha eit spesielt fokus på ungdom som «fell utanfor». Det vert viktig å vidareutvikla samarbeidet med spesialist-helsetenesta. Tenesta vil i økonomiplanperioden arbeida for å etablera bufelleskap for personar med psykiske lidinger og bufelleskap for personar med rusutfordringar.

Sentrale utbyggingsprosjekt i økonomiplanperioden

I tråd med Utbyggingsstrategien i helse og omsorg og politiske vedtak må følgjande prosjekt arbeidast med i økonomiplanperioden:

1. Planleggja flytting og ny drift i Strandebarm omsorg
2. Planleggja nytt bufelleskap for psykiatri for inntil 10 brukarar.
3. Planleggja nye bustader for personar med rusutfordringar
4. Arbeida vidare med kartlegging, framskriving og konkretisering av bustadbehov i tilknyting til omsorgsbasane Toloheimen, Øysteseheimen, Tolo omsorg og Mikjelsflaten
5. Vurdera å samlokalisera bu- og hjelpetilbodet til personar med demens i og ved Øysteseheimen og der etablera Kvam sin «demenslandsby» med heildøgnsplassar, avlastningsplassar, utredningsplassar, dagtilbod, tilpassa bustader, sansehage m.m.
6. Finna nye lokale for dagsenteret som i dag er på Øysteseheimen dersom Øysteseheimen skal nyttast til anna formål
7. Vurdera betre kontorlokalitetar for nye Kvam heimeteneste
8. Vurdera om hus A og B i Tolo omsorg kan byggjast saman med eit mellombygg for å effektivisera drifta og leggja til rette for møterom, garderobar m.m.
9. Starta planlegging av vidare utbygging rundt omsorgsbasane Toloheimen, Øysteseheimen og Mikjelsflaten

Kommunebarometer 2022

Pleie og omsorg kom på 11. plass i *Kommunebarometeret 2022*. Barometeret tek utgangspunkt i 19 nøkkeltal for tenesta og utgjer 20 prosent av den totale vektinga for kommunen.

Dei viktigaste nøkkeltala er andel tilsette med fagutdanning, andel bebuarar med omfattande hjelpebehov og andel plassar i sjukeheim tilrettelagt for personar med demens. Kvam scorer på grønt nivå på dei fleste nøkkeltala.

Nær 90% av dei som hadde langtidsplass i institusjon i 2021 hadde omfattande pleiebehov. Dette er høgare score enn for mange kommunar i landet og indikerer at innsatsen vert dreia mot meir heimetenestomsorg og at det er dei med mest omfattande pleiebehov som får plass i institusjon. Dette er i tråd med overordna mål for tenesta. Tid med lege og fysioterapeut pr. sjukeheimsbebuar har auka i 2021.

I Kvam har 81 prosent av dei tilsette fagutdanning, dei beste kommunane ligg på 95,2 prosent. Kvam har også lågare score på nøkkeltala årsverk ergoterapeut og årsverk geriatrisk sjukepleiar pr. 1000 innbyggjarar over 80 år. Dette er tema det må arbeidast vidare med.

Rangering

	2017	2018	2019	2020	2021
PO01 Andelen av ansatte (brukerrettete årsverk) som har fagutdanning	232	99	77	91	125
PO02 Andel av beboere i institusjon totalt med omfattende bistandsbehov	250	122	165	135	134
PO03 Andel plasser i skjermet enhet, målt mot beboere på sykehjem over 80 år	139	109	140	117	146
PO04 Andel av opphold på sykehjem som er korttidsoppold	62	89	75	101	186
PO05 Tid med lege på sykehjem, minutter pr. uke	38	51	55	63	58
PO06 Tid med fysioterapeut på sykehjem, minutter pr. uke	1	1	30	23	35
PO07 Andel brukertilpasset enerom på sykehjem med bad/wc	1	182	187	206	214
PO08 Andel personer med demens som har tilbud om dagaktivitet	1	18	1	37	83
PO09 Rehabilitering plasser mot innbyggere 67 år og over	156	226	218	220	206
PO10 Hjemmesykepleie gjennomsnittlig antall timer i uka	82	105	74	64	57
PO11 Andel vedtak om hjemmetjenester som iverksettes innen 15 dager	1	99	105	1	1
PO12 Døgn på sykehus for utskrivningsklare pasienter pr. 10.000 innbyggere	163	73	151	198	38
PO13 Andel trygghetsalarmer blant hjemmeboende 80-90-åringer	102	75	88	24	50
PO14 Årsverk av ergoterapeut per 1000 innbyggere over 80 år	146	144	93	134	188
PO15 Årsverk av geriatrisk sykepleier per 1000 innbyggere over 80 år	245	269	277	291	232
PO16 Mottakere av matombringning, gruppa over 80 år som ikke bor på institusjon	119	149	140	118	119
PO17 Andel som fullt ut får dekket opplevd behov for bistand til å delta i arbeid og studier	78	68	81	104	61
PO18 Andel som fullt ut får dekket opplevd behov for bistand til å delta i fritidsaktiviteter	102	113	107	118	76
PO19 Mottakere av BPA, støttekontakt og omsorgslønn per 1.000 innbyggere	1	1	41	44	34

Driftsbudsjett

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelse	8 890	9 120	8 523	8 746	8 902	8 979
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	77 615	69 283	74 978	77 014	75 556	76 334
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	135 432	132 253	136 544	141 025	140 720	141 885
Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnoppold i kommunene	0	1 449	1 460	1 459	1 461	1 463
Institusjonslokaler	12 885	12 395	15 855	14 554	14 136	13 580
Sum	234 822	224 500	237 360	242 799	240 774	242 241

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Vedtatt budsjett, tekniske justeringar og vedtak førre periode er knytt til opprinnelag budsjett og budsjettekniske justeringar.

Pensjons og felleskostnader inneholder stort sett endringa på arbeidsgjevaravgift. Lønns og prisvekst for det meste knytt til lønnsvekst. Lønnsvekst delvis fra tariffoppgjer 2022 og estimert auke for 2023. I tillegg er det prisvekst på forsikring og OU.

Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen oppsummerer alle vedtekne tiltak i 1. og 2. tertial 2022 som har verknad i økonomiplan 2023-2026.

Nye tiltak er forslag til endringa på budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026.

Der det står **Andre tiltak** er det stort sett justeringar mellom tenesteområde som går i null samla sett på heradet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	198 476	198 476	198 476	198 476
Sum Tekniske justeringer	-677	-677	-677	-677
Sum Vedtak forrige periode	-4 480	-5 389	-7 820	-5 620
Sum Pensjons og felleskostnadar	1 206	1 038	1 381	1 725
Sum Lønns- og prisvekst	2 376	2 376	2 376	2 376
Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen				
Auka elektrisitetsutgifter ved 2.tertial 2022	3 435	1 360	657	0
Auka elektrisitetsutgifter, samt faste serviceavtalar på FDV, 1.tertial 2022	690	690	690	690
Auke i materialkostnadar til forvaltning, drift og vedlikehald	120	120	120	0
Auke løn overtid teknisk	12	12	12	12
Justering av inntekter og utgifter	50	50	50	50
Justering av inntekter og utgifter	-50	-50	-50	-50
Leasingbilar	450	450	450	450
Matvareprisar	646	646	646	646
Ressurskrevjande brukarar	3 510	3 510	3 510	3 510
Utsetje innsparingskrav 1 år	369	0	0	0
Vaskeritenester	400	400	400	400
Andre tiltak	61	61	61	-2 139
Sum Tiltak frå førre år som har verknad i økonomiplanen	9 693	7 249	6 546	3 569
Konsekvensjustert budsjett	8 118	4 597	1 806	1 373
